


# «From the fury of the Northmen, good Lord, deliver us»

Ein analyse av historiebruken og framstillinga av vikingtida i norske og engelske lærebøker frå slutten av 1800-talet og fram til i dag.



Gaute Hauge

Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Høgskolen i Bergen – Universitetet i Bergen

Våren 2013



## Forord

Vikingtida har ein sentral plass innan populærhistorisk og faghistorisk historieformidling. Som framtidig lærar, og med stor interesse for eldre historie, vart det difor naturleg å sjå nærare på korleis denne historiske perioden har vorte formidla i undervisningssamanheng over ein lengre periode.

Mykje arbeid over lengre tid ligg bak denne oppgåva. Eg vil difor retta ein stor takk til hovudrettleiaren min, Bente Brathetland, Høgskulelektor ved Høgskulen i Bergen, avdeling lærarutdanning, for gode faglege innspel og interesse for oppgåva. Takk til bi-rettleiar Leidulf Melve, professor ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap, ved Universitetet i Bergen, som også har bidrege med gode råd og tilbakemeldingar. Takk også til deltakarar på seminara på HiB og UiB for gode tilbakemeldingar på utkast i tilknytning til masteroppgåva.

Eg vil også takke tilsette ved Biblioteket på Høgskulen i Bergen, avdeling Landås, for deira tålmod og forståing for seint innleverte bøker. I tillegg fortene også tilsette ved biblioteket på Georg-Eckert Instituttet i Braunschweig ein spesiell takk: «An dieser Stelle soll auch den Mitarbeiterinnen und Mitarbeitern des Georg-Eckert-Institutes für internationale Schulbuchforschung in Braunschweig gedankt werden. Ohne Ihre freundliche Mithilfe wäre dieses Projekt nicht möglich gewesen.»

Til slutt må eg også takka mi bestemor Maria Hauge for korrekturlesing av oppgåva. Hennar faglege norskkunnskapar har vore eit hjarteleg bidrag i det avsluttande arbeidet med oppgåva.

Bergen, Våren 2013

Gaute Hauge

Framsida: «Illustrasjon av vikingkrigarar i det 9- og 10- hundreåret.» Heath, Ian & McBride, Angus. (1985) *The Vikings*. Oxford: Osprey Publishing.

## **Innholdsliste**

<b>Kapittel 1: Innleiing .....</b>	<b>4</b>
1.0 Historiebruk .....	4
1.1 Tema og problemstilling .....	5
1.2 Lærebøker som kjelder .....	9
1.3 Metodisk tilnærming.....	11
1.4 Klassifisering av ulike former for historieundervisning.....	13
<b>Kapittel 2: Vikingtida i den akademiske historieskrivinga frå slutten av 1800-talet og fram til i dag.....</b>	<b>16</b>
2.0 Lærebøker og forskingslitteratur .....	16
2.1 Vikingtida i norsk historieskriving .....	17
2.1.1 Arven frå den historiske skulen .....	17
2.1.2 Vikingtida i eit materialistisk historiesyn .....	22
2.1.3 Kritisk empirisme.....	25
2.1.4 Den antropologiske vendinga .....	27
2.1.5 Kort oppsummering .....	29
2.2 Vikingtida i engelsk historieskriving.....	31
2.2.1 Profesjonalisering av historieskrivinga.....	31
2.2.2 Nye tendensar, men få endringar i vikingtidsbileta .....	33
2.2.3 Historieskrivinga etter andre verdskrig.....	35
2.2.4 Oppsummering og samanlikning .....	40
<b>Kapittel 3: Framstillinga av vikingtida i perioden 1890-1945.....</b>	<b>42</b>
3.0 Periodisering av lærebøkene.....	42
3.1 Stoffutvalet i lærebøkene fram til 1905 .....	43
3.1.1 Vikingferdene som politiske krigstog .....	43
3.1.2 Felles fiende med førebiletlege eigenskapar .....	46
3.2 Politiske krigstog med kongar og høvdingar i sentrum av framstillingane .....	47

3.3 Stoffutvalet i lærebøkene frå 1905 til 1945 .....	54
3.3.1 Store bragder, lidingshistorie og kvardagsliv .....	55
3.3.2 Brutale krigarar og heimkjære sjakkspelarar .....	58
3.4 Mellomkrigstida si mangfaldige innverknad på vikingtidsbiletet .....	60
3.5 Oppsummering .....	69
<b>Kapittel 4: Framstillinga av vikingtida i perioden 1945-2007.....</b>	<b>72</b>
4.0 Periodisering av lærebøkene.....	72
4.1 Stoffutvalet i lærebøkene i perioden 1945 til 1980 .....	73
4.1.1 Landnåmsmenn, valdelege krigarar og kunstnarar .....	73
4.1.2 Eit valdeleg vikingtidsbilete i ny innpakning .....	77
4.2 Verknadane av andre verdskrigen .....	80
4.3 Stoffutvalet i lærebøker etter 1980 .....	89
4.3.1 Ei utvida vikingtidsforteljing – og kvinner som hovudaktørar .....	90
4.3.2 Skandinavisk og engelsk-politisk perspektiv på vikingtida.....	94
4.4 Vikingtida med eit historiedidaktisk og kjeldekritisk utgangspunkt .....	95
4.5 Oppsummering .....	104
<b>Kapittel 5: Avsluttande drøfting og konklusjon.....</b>	<b>107</b>
5.0 Vikingtidsbileta frå slutten av 1800-talet og fram til i dag.....	107
5.1 Drøfting av årsaker til vikingtidsframstillingane.....	109
5.2 Klassifisering av lærebøkene.....	113
<b>English summary .....</b>	<b>116</b>
<b>Kjelder og litteratur .....</b>	<b>117</b>

# Kapittel 1: Innleiing

## 1.0 Historiebruk

Ei tradisjonell faghistorisk tilnærming til fortida tek ofte utgangspunkt i det realhistoriske innhaldet i historia og med eit føremål om å koma så nær sanninga om fortida som mogleg. Kjelder, produkt, ritual og sedvanar med historisk referanse skal i dei fleste høve leggja grunnlaget for denne jakta på sanninga. Det er likevel ikkje alltid heile sanninga er eit overkommeleg føremål og i mange høve kan det vera at brukarane av historia ikkje kan einast om framstillingane den faglege tilnærminga har leia fram til. Historiske tema kan såleis vera gjenstand for mangfaldig bruk og historiske framstillingar i eit formidlingsperspektiv. Mangfaldig bruk av historia femnar om ei forståing av korleis fortida kan brukast på mange og motstridande måtar, der det i første rekkje handlar om bruken av empiri og samtida si bruk av historia. Det er med andre ord ikkje først og fremst innhaldet i dei historiske tema som er interessant, men korleis det historiske innhaldet har vorte nytta og forstått i ulike historiske samanhengar. Vidare vitnar dette om at ein ynskjer å nytta historia til ulike føremål, noko som igjen betyr at bruken av fortida ikkje er tilfeldig, men at den oppstår utifrå eit eller fleire bestemte føremål. Faget som rettar seg mot denne måten å sjå historia på er historiebruk.

Historiebruk kan gå føre seg innan fleire felt. Men sjølv om historiebruken kan vera kommersiell, offentleg, politisk, vitskapleg eller for underhaldninga sin del, har desse formene for historiebruk alle eit felles føremål. Bruken av fortida spring ut av eit overordna føremål om at historiebruken skal vera retta mot ein særskild brukar, og der bruken skal fylla ein funksjon tiltenkt brukarane.<sup>1</sup> I eit arbeid der føremålet er sjå på korleis historiebruken kan gå føre seg innan eit av desse felta, og vidare undersøka og synleggjera mangfaldet av historiebruken, er det i denne oppgåva naudsynt å avgrensa historiebruksområdet. Det er såleis naudsynt å finna eit felt med eit primært føremål om å formidla ulike syn og perspektiv på fortida. Eit sentralt felt innan den type historieformidling er historieundervisinga i skulen.

Historiebruk i skulen kan i stor grad vurderast som ein mellomting mellom historiebruk i det offentlege og politisk historiebruk. Det betyr at skulen har vore ein arena som har spegla att sentrale verdiar og haldningar som har vore rådande til ulike tider og i ulike samfunn. Innan skuleverket er læreboka eit pedagogisk verkty som stort sett har hatt ei einerådande rolla i undervisningssamanheng. Dette læremiddelet har ei pedagogisk og didaktisk utforming som gjer at det ofte er «ein nasjons offentleg autoriserte historiesyn og sjølvfortolking som kjem til

---

<sup>1</sup> Bøe og Knutsen, 2012: s. 17.

uttrykk gjennom dei.»<sup>2</sup> Dermed kan ein studie av læreboka vera det beste utgangspunktet for å forstå historiebruken i skulen. Lærebøker har også vore ein sentral del av historieformidlinga i dei fleste moderne samfunn. Elevar i skuleverket har i dei aller fleste høve vorte utsett for ei eller anna form for historieformidling som har tatt utgangspunkt i framstillingane i lærebøkene, og Bøe (1995) poengterer at lærebøkene utgjer den viktigaste enkeltfaktoren når lærarar planlegg historieundervisinga.<sup>3</sup> Samstundes med å vera det fremste faghistoriske læremiddelet tek også framstillingane i lærebøkene, og særleg lærebøker for dei yngre årstrinna, sikte på å underhalda elevane. Dette vitnar om ei populærhistorisk tilnærming til faghistoria, der den historiske validiteten kan variera i høg grad, noko som igjen vitnar om eit innfløkt tilhøve mellom den populærhistoriske og faghistoriske tilnærminga til det historiefaglege.<sup>4</sup> Framstillingane i lærebøkene for yngre årstrinn kan difor verta rekna som ein gyllen mellomveg mellom det faghistoriske og det populærhistoriske.

### **1.1 Tema og problemstilling**

Eit historisk tema som i dei fleste høve vil vera eit godt utgangspunkt i ein analyse av historiebruk i skulen er vikingtida. Det historiske innhaldet i denne perioden kan leggja føresetnadar for mange formar for historiebruk og såleis også vera gjenstand for mangfaldige framstillingar. Perioden er i dag ein stor del av den historiske arven til fleire land og kan difor ofte verta gjenstand for ulike framstillingar etter landa sine ulike interesser. Felles for dei fleste vikingtidsforteljingar er likevel at den tek utgangspunkt i ein karakteristikk av vikingane, og dermed vekkes assosiasjonar til ulike verksemder til live. Vikingen er såleis framleis ein populær historisk figur. Frå 1700-talet og fram til i dag har vikingen gått frå å vera ein barbarisk sjørøver, til å vera eit symbol som oppdagar, skapar av teknologiske nyvinningar og som kulturspreiar og mottakar.<sup>5</sup> Tittelsitatet til oppgåva skal i den samanheng vera kjend for mange. Uttrykket «From the fury of the Northmen, good Lord, deliver us», er ei engelsk omsetjing av eit latinsk sitat som opphavleg stammar frå marginen i ei anglosaksisk bønnebok frå 800-talet. Omsetjinga av det latinske sitatet har vore ein gjengangar i historieskrivinga om vikingtida, sjølv om uttrykket i forskingssamanheng har vorte rekna som relativt tvilsamt frå eit kjeldekritisk perspektiv. Uttrykket har likevel i seinare tid fått mykje å bety for oppfatninga av vikingtida. Det har mellom anna vorte nytta for å syna at det europeiske samfunnet vart eit uskyldig offer for dei valdelege vikingferdene, men også som

---

<sup>2</sup> Stugu, 2008: s. 126.

<sup>3</sup> Bøe, 1995: s. 116.

<sup>4</sup> Bøe og Knutsen, 2012: s. 12.

<sup>5</sup> Haavardsholm, 2005: s. 58.

eit døme på vikingane sitt mot og kamplyst. Sitatet er eit godt døme på korleis det relativt same historiske innhaldet kan verta oppfatta og nytta på ulike måtar.

Det mangesidige utgangspunktet til vikingtidsforteljninga vil også i stor grad verta påverka av kven som skriv historia, og gjev uttrykk for at vikingtida har vorte oppfatta og tolka på svært ulike måtar opp gjennom tida. Denne oppgåva skal difor ta utgangspunkt i denne problematikken, og hovudproblemstillinga vert difor å sjå på korleis vikingtida har vorte framstilt i norske og engelske lærebøker i historie for lågare skuletrinn, frå slutten av 1800-talet og fram til i dag, og korleis desse framstillingane heng saman med den akademiske historieskrivinga om vikingtida, samt den samfunnsmessige- og skulepolitiske konteksten. Er det slik at synet på vikingtida i lærebøkene har skifta med utviklingstrendane i forskinga og samfunnet generelt, eller kan det tenkast at lærebøkene har eit eige særpreg?

Utifrå dette oppstår det nokre sentrale underproblemstillingar. Valet med å sjå på norske og engelske lærebøker er hovudsakleg tufta på eit føremål om å sjå korleis framstillingane vert påverka av to svært ulike faghistoriske utgangspunkt. Vikingtida er jo, som allereie nemnt, eit historisk tema som kan ha mange ulike tilnærmingar. Når me i den samanheng skal sjå på korleis perioden har vorte framstilt i to ulike land, der den eine parten har utført krigslege handlingar ovanfor den andre parten, vil dette sjølvsagt leggje eit grunnlag for to vidt ulike utgangspunkt for historieformidlinga. Det vil difor vera naturleg å sjå på kva hendingar og tilhøve det vert lagt vekt på i framstillingane. Dette seier noko om kva vikingtid ein ynskjer å formidla. Til dømes vil ei vektlegging av kulturell utvikling i vikingtida, gje eit meir positivt inntrykk av vikingane enn ei vektlegging av framferda deira på dei valdelege plyndringsferdene. Denne problemstillinga syner også den pedagogiske utfordringa til lærebøkene i samband med framstillinga av vikingtida. Lærebøkene skal vera tilpassa born og unge i nokså ung alder, og dermed oppstår det ei utfordring ved å først forklara at vikingane var brutale overfallsmenn og i neste omgang fredelege handelsmenn og landnåmsmenn, for deretter syna at deira valdsgjerningar førte til kulturell utvikling.<sup>6</sup> Denne forståinga skal såleis vera eit utgangspunkt for elevanes historiemedvit: Dei skal kunne reflektera over og forstå handlingane til vikingane utifrå samtida i vikingtida, og korleis desse handlingane vert oppfatta i notid og framtid. Vikingtida er difor et komplekst bilete i historiefagleg undervisningssamanheng.

---

<sup>6</sup> Bøe, 2006: s. 216.

I samband med denne første delproblemstillinga oppstår det det nokre problematiske tilhøve kring tidsperioden vikingtida. Tradisjonelt sett har vikingtida i eit nordisk perspektiv fått namnet sitt etter vikingferdene og vidare vorte rekna som ei nemning på perioden 800 til 1050 e.Kr.<sup>7</sup> Utgangspunktet for analysen i denne oppgåva kjem likevel til å avdekkja nokre problematiske tilhøve med denne avgrensinga. For det første vert t.d. rikssamlinga i Noreg ikkje rekna som ein eksplisitt del av vikingtida i mange av dei norske kjeldene i denne oppgåva. Her oppstår det difor eit skilje mellom dei hendingar som føregår innanlands, mot dei som føregår utanlands. Sistnemnte hendingar tek i stor grad utgangspunkt i vikingferdene, og omgrepet vikingtid står difor i relasjon til desse hendingane. I tillegg oppstår det ved mange høve ei utfordring i korleis vikingtida vert definert frå eit engelsk perspektiv. Her ville det t.d. vore eit utgangspunkt å sjå etter kva dei engelske kjeldene seier om «Viking Age», men dette har ikkje vore eit standardisert omgrep som har vorte nytta i engelsk historieskriving. Løysinga på denne problematikken er at eg i stor grad må gjera ei subjektiv vurdering av kva lærebøkene eksplisitt omtalar som vikingtida. Ei avgrensing av perioden vikingtida vert difor ikkje eit naudsynt føremål, fordi det er stoffutvalet i lærebøkene som sjølve lagar desse avgrensingane.

Andre delproblemstilling tek utgangspunkt i konteksten til lærebøkene. Som nemnt tidlegare speglar lærebøker i mange høve att dei verdiar og haldningar som er rotfesta i samfunnet. I den samanheng er det naudsynt å sjå framstillingane i lærebøkene utifrå dei samtidige samfunnsmessige- og skulepolitiske tilhøva. Førstnemnte kontekst vil kunne fortelja noko om framstillinga av vikingtida endrar seg i takt med generelle haldningstendensar i samfunnet, t.d. om første verdskrigen førte til eit fokus på lidinga vikingåtaka skapte. Den skulepolitiske konteksten heng sjølvsagt tett saman med den generelle samfunnsmessige konteksten. Utviklinga på dette området kan likevel gje meir informasjon om kvifor framstillinga er skildrande eller årsaksforklarande, kva plass kjelder har fått og korleis stoffet er organisert og strukturert.<sup>8</sup> Til dømes kan bruken av den anglosaksiske krønike i dei fleste høve føra til ei vektlegging av vikingåtaka og den frykta desse åtaka spreidde rundt seg i England.

Den tredje og siste problemstillinga omhandlar dialektikken mellom lærebøker og den akademiske historieskrivinga. Lærebøker for lågare alderstrinn kan som tidlegare nemnt reknast som ei form for populærhistoriske framstillingar. På den eine sida skal dei ta i bruk faghistoria og rådande vikingtidsoppfatningar innan vitenskapen, medan dei på andre sida også

---

<sup>7</sup> Solberg, 2013, <http://snl.no/vikingtiden>.

<sup>8</sup> Sæle, 2005: s. 13.



skal laga ei spanande forteljing som inspirerer til læring.<sup>9</sup> Det innfløkte samvirket mellom populærhistorie og faghistorie gjer det difor naudsynt med ein avgrensa tematisk innfallsvinkel på vikingtida. I tillegg til å sjå på ein tilnærma generell karakteristikk av vikingtida, der eg tek utgangspunkt i kva hendingar og tilhøve det vert lagt vekt på, har eg også valt å sjå nærare på forklaringane av vikingferdene. Forklaringstypar kan variera ut ifrå ulike teoretiske grunnhypotesar om korleis verda heng saman, t.d. å identifisera årsaka til eit fenomen, motivet bak ei handling eller funksjonen eit fenomen har i relasjon til eit system.<sup>10</sup> (Til dømes kan ei årsaksforklaring av vikingferdene i mange høve vektlegga folkeauken i Norden, medan ei intensjonal forklaring kan vektlegga plyndring og det moglege plyndringsutbyttet som hovudårsak.) Slike forklaringar kan med andre ord synleggjera historiesynet til forfattarane. Dette vil såleis fungera som eit rammeverk for å kunne samanlikna lærebøkene med den akademiske historieskrivinga.

Sidan oppgåva har ei komparativ tilnærming vel eg å analysa lærebøkene kronologisk med periodiske inndelingar. Dette er føremålstenleg fordi eg i ei avsluttande drøfting ynskjer å sjå om periodane er prega av brot eller kontinuitet. Ei slik periodisering utifrå brot eller kontinuitet syner at eit visst tidsrom var så ulikt frå tida før og tida etter, at ein ser desse åra som ei avgrensa eining.<sup>11</sup> Analysen i oppgåva vil difor innehalda tre hovudelar. Første analysekapittel tek for seg den akademiske historieskrivinga om vikingtida i Noreg og England. I dette kapittelet vil eg syna dei viktigaste tendensane i vikingtidshistorikarane til ulike tider. Andre analysekapittel tek for seg framstillinga av vikingtida i lærebøkene før 1945. Dette kapittelet er igjen delt inn i to delperiodar, før og etter 1905, for å sjå kva betyding haldningane kring unionsoppløysinga fekk for dei norske framstillingane. Andre delperiode i dette kapittelet ser difor meir på verknadane av første verdskrigen og ei uroleg mellomkrigstid. Tredje analysekapittel ser vidare på lærebøker etter 1945 og fram til i dag. Her vert det igjen interessant om ein ny verdskrig og etterkrigstida legg rammer for ei ny vikingtidsforteljing, og korleis samfunnsutviklinga fram mot tusenårsskiftet påverkar framstillingane. Perioden er delt inn etter lærebøker før og etter 1980, noko som hovudsakleg er tufta på utviklinga i den norske skulepolitiske konteksten og læreplanane som kom på rekkje og rad i denne perioden. I det siste og avsluttande kapittelet i oppgåva vil eg samla trådane og fylgje opp tanken om ei periodisering av lærebøkene. Har dei ulike vikingtidsbileta

---

<sup>9</sup> Bøe, 2006: s. 118.

<sup>10</sup> Andresen, Rosland, Ryymin og Skålevåg, 2012: s. 133.

<sup>11</sup> Kjeldstadli, 1999: s. 221.

i lærebøkene spegla att dei ulike kontekstane, og har det oppstått tydelege brot eller periodar med kontinuitet? Eller har lærebøkene sin eigen særeigne kontekst som lagar sine egne rammer for framstillingane? Før me går vidare med sjølve analysen er det naudsynt å sjå nærare på kva type kjelder lærebøker er og korleis dei kan analyserast.

## 1.2 Lærebøker som kjelder

I ein lærebokanalyse vil primærkjelda alltid vera læreboka. Omgrepet «lærebok» er likevel ikkje uproblematisk, fordi det kan oppstå i ulike former alt etter kven som nyttar det og korleis det vert nytta. Ein komparativ analyse av fleire lærebøker frå to land gjer det likevel naudsynt å avgrensa omgrepet, fordi det er føremålstenleg å handsama relativt like lærebøker. Lærebøker i historie er i eit kjeldekritisk perspektiv ei undergruppe av beretningar, der den største skilnaden ligg i lærebøkene si pedagogiske utforming, altså deira litterære karakter.<sup>12</sup> Egil Børre Johnsens definisjon frå *Den skjulte litteratur: En bok om lærebøker* (1999) utdjuar denne tilnærminga og fungerer som ei rettesnor for kva typar lærebøker som er aktuelle for denne analysen: «litteratur skrevet direkte med tanke på systematisk undervisning for bestemte undervisningsstrinn.»<sup>13</sup> Denne definisjonen avgrensar aktuelle lærebøker til dei som er skrivne av ein eller fleire forfattarar og gitt ut av forlag til bruk retta mot undervisningssamanheng i skulen. Framstillingar som fell utanfor denne definisjonen vil t.d. vera tidsskrift, aviser, dokument og film. Ein type lærebok som fell inn under denne tilnærminga, men som ikkje verta nytta i denne analysen, er lesebøker. Valet med å sjå vekk frå denne kjelda kan vera problematisk, ettersom lesebøker har spela ei stor rolle i historieundervisninga opp gjennom tida i Noreg. Hovudårsaken til bortveljinga er den pedagogiske utforminga til lesebøkene. Lesebøker var tverrfaglege norsk- og historiebøker med fiktive forteljingar blanda med historisk materiale, og vart ofte nytta som eit supplement i historieundervisninga og for å fremja lesedugleik og leselyst. Sidan formidlinga av det faghistoriske ikkje har vore det fremste føremålet til lesebøkene, har eg difor valt å utelata dei.

Å nytta læreboka som kjelde for å analysera dei ulike framstillingane av vikingtida, inneber også å sjå læreboka som ein leivning. Den vil innehalda ei rekkje normative og framtidsretta utsegn som kan fortelja kva lærebokforfattaren legg i vikingtidsomgrepet, og korleis vikingtidsformidlinga har vorte påverka av dei tendensar, haldningar og tankar som prega perioden læreboka vart skriven i.<sup>14</sup> I utveljinga av aktuelle kjelder har eg valt å analysera

---

<sup>12</sup> Lund, 2011: s. 109.

<sup>13</sup> Johnsen, 1999: s. 9.

<sup>14</sup> Lund, 2006: s. 116.

lærebøker skrivne for lågare alderstrinn i skulen. Den viktigaste grunnen til dette valet er at vikingtida har vore og er framleis, pensum for elevane på dette trinnet både i den norske og engelske skulen.<sup>15</sup> Alternativet ville ha vore å sett på lærebøker skrivne for vidaregåande elevar, men det kan vera føremålstenleg for denne analysen å sjå korleis lærebokforfattarane har løyst forenklingsoppgåva i framstillinga. Det betyr at det har vore naudsynt for forfattarane å gjera eit selektivt utval av dei viktigaste sidene av vikingtida, og igjen ta omsyn til elevane og deira didaktiske og pedagogiske ståstad. Ifylgje Sæle (2005) skal den kjente norske historikaren og lærebokforfattaren Axel Coldevin ha uttalt at han arbeida etter prinsippet om at 100 sider av ei historiebok på universitetsnivå skulle tilsvare om lag ei side i bøkene hans.<sup>16</sup> Når Coldevin heller ikkje er kjent for å ha skriva lærebøker for dei lågare alderstrinna i skulen, vitnar dette om at vikingtida er gjenstand for ei særskild utfordrande forenklingsoppgåve.

Dei norske lærebøkene i analysen er samla inn frå biblioteket til avdeling lærarutdanning ved Høgskulen i Bergen og frå det digitale arkivet til Nasjonalbiblioteket. Dei engelske lærebøkene er samla inn frå biblioteket Georg-Eckert Instituttet i Braunschweig i Tyskland.<sup>17</sup> Eg kjem til å analysere høvesvis tre lærebøker frå Noreg og to engelske lærebøker i kvar delperiode, til saman 10 lærebøker i kvart analysekapittel og 20 lærebøker totalt. Dette vil såleis fungera som både ein synkron og diakron gruppeanalyse, ved at eg samanliknar framstillingar i om lag same tidsperiode, samstundes med at eg studerer temaet over tid.

I ein lærebokanalyse vil det også i mange høve vera eit føremål å analysere eit fullt ut representativt utval av lærebøker. Det er knapp tilgang på informasjon om kva lærebøker som har hatt høgast sals- og opplagstal til ulike tider og som har vorte mest nytta i skulen.<sup>18</sup> Hadde det vore eit føremål å nytta dei bøkene som har vore mest i bruk, ville dette medført ein viss problematikk. I denne oppgåva ser eg likevel ikkje på dette som eit problem. I dei høve eg har tilgang på informasjon om oppslagstal gjennom sekundærlitteratur, vil eg referere til desse tala for å syna at lærebøkene har vorte mykje nytta. Ettersom hovudføremålet til denne

---

<sup>15</sup> Vikingtida som undervisningsemne har stort sett vore pensum for elevar på barnetrinnet og i den vidaregåande skulen både i Noreg og England. Sjølv om det er skilnader i det norske og engelske skulesystemet, betyr dette at vikingtida har vorte undervist i for elevar kring 8-12 år, og elevar frå 15 år og oppover. Det er difor elevane i førstnemnte aldersgruppe som er aktuell i denne oppgåva her.

<sup>16</sup> Sæle, 2005: s. 16.

<sup>17</sup> Georg-Eckert Instituttet i Braunschweig er eit internasjonalt forskingssenter for lærebøker, med hovudvekt på lærebøker i samfunnsfag. Instituttet har eit bibliotek med ei stor samling lærebøker frå land over heile verda. Føremålet til instituttet er komparative studiar av lærebøkene sine tolkingar og framstillingar, og korleis desse vert formidla i undervisinga.

<sup>18</sup> Sæle, 2005: s.11.

oppgåva er å sjå vikingtidsframstillingane opp i mot den samtidige konteksten, betyr det at alle lærebøkene automatisk vert representative for perioden dei er skrivne i. Framstillingane er då eit resultat av dei haldningar, tankar og verdiar lærebokforfattarane har, og som i mange høve kan spegla att tendensane i forskinga og den samfunnsmessige- og skulepolitiske konteksten.

### **1.3 Metodisk tilnærming**

Studiet av lærebøker i historie kan ha fleire ulike utgangspunkt. I denne oppgåva er det særleg to utgangspunkt som er sentrale. For det første kan ein vektlegga omgrepet lærebok. Då er det i første rekkje den pedagogiske sida av læreboka som vert analysert og som vidare ser på verknadssamanhengen til læreboka, det betyr kva elevane faktisk lærte eller lærer av framstillingane. Dette er eit sentralt utgangspunkt når eg ser nærare på vikingtidsforteljingane i lærebøkene. Hovudføremålet til denne oppgåva har likevel eit anna utgangspunkt, og som handlar meir om å vektlegga omgrepet historie framfor lærebok. Framstillingane i lærebøkene vil med denne forma for studie, kunne syna forfattarane sine eigne meiningar og tolkingar, samstundes med at framstillingane reflekterer ein breiare samfunns- og skulepolitisk kontekst. Det betyr at eg først og fremst ikkje ynskjer å seia noko om kva elevane faktisk lærte, men i staden sjå på kva historie forfattaren, samfunnet og makthavarane ynskte formidla til elevane. Oppgåva vil såleis ha ei meir historievitskapleg tilnærming framfor ei pedagogisk.

Undersøkingar av lærebøker har ein relativ lang forskningstradisjon. Mot slutten av 1800-talet og utover i eit nytt hundreår var dette arbeidet i første rekkje retta mot å avdekka faktiske feil, fordommar, rasediskriminerande oppfatningar og anna konfliktfremjande stoff i lærebøkene.<sup>19</sup> Det var likevel ikkje før etter andre verdskrig at denne tradisjonen fekk full oppblomstring med eit skikkeleg oppgjer med dei nasjonalistiske haldningane som prega lærebøkene, og på 1960-talet nådde forskningstradisjonen også Noreg.<sup>20</sup> Dersom utgangspunktet for alle lærebokanalyser var å avdekkja konfliktfremjande framstillingar, ville likevel ikkje vikingtida som faghistorisk emne vore særleg interessant å undersøkje. Det har i første rekkje vore betente politiske tema som har vore gjenstand for slike undersøkingar.

Lærebokanalyse kan likevel ha mange teoretiske og metodiske tilnærmingar. To av desse tilnærmingane kan vera å utføra ein representasjons- eller diskursanalyse. Denne oppgåva kjem til å ta utgangspunkt i begge desse teoretiske og metodiske tilnærmingane. For det første

---

<sup>19</sup> Angvik, 1982: s. 369.

<sup>20</sup> Sæle, 2005: s. 13.

kjem diskursanalysen til å fungera som eit analytisk reiskap for å avdekkja kva vikingtidsforteljing som er rådande. Eit av hovudkjenneteikna til denne metoden er at ein prøver å få tak på det meiningslaget i teksten som ikkje er underlagt forfattarens kontroll, men som seier seg sjølv og aldri eksplisitt.<sup>21</sup> Innanfor denne tilnærminga står tekstutvalet som eit sentralt undersøkingselement. Det betyr at eg vil ha fokus på kva lærebokforfatarane både eksplisitt og implisitt legg i sjølve vikingtidsomgrepet, t.d. vil ei tidsavgrensing kunne fortelja mykje om kva hendingar og tilhøve forfatarane reknar som sentrale. I tillegg vil det også vera eit mål å sjå etter overordna og underordna budskap i teksten. Denne metodiske tilnærminga tek utgangspunkt i ein kvalitativ analyse av lærebokteksten, som vil gå i djupna på dei tema som vert vektlagt i lærebøkene og dermed kunne samanliknast opp mot andre vikingtidsforteljingar.<sup>22</sup>

Samstundes har denne tilnærminga ein opplagt metodisk veikskap, ved at den ikkje i særleg grad vektlegg opphavssituasjonen til læreboka. Dette leiar oss over til oppgåva si metodiske tilnærming som ein representasjonsanalyse. Denne typen analyse tek eit fagdidaktisk utgangspunkt i at det ikkje kan finnast ei objektiv sanning i historieframstillinga. I den samanheng vert poenget med analysen å undersøkje kva betyding framstillingane kan ha hatt i ulike historiske samanhengar.<sup>23</sup> Det vil difor vera eit overordna føremål å sjå korleis ulike representasjonar alltid er bunden til bestemte kontekstar, som vidare opnar for ei historisering av framstillingane i lærebøkene. Det tilsynelatande same historiske tema kan såleis vera noko svært ulikt i skiftande historiske samanhengar.<sup>24</sup> Med andre ord står opphavstilhøva til kjeldene svært sentralt. Å undersøkje konteksten lærebøkene er ein del av, betyr å spørja etter kven som har skapt kjelda, når og under kva tilhøve. Denne oppgåva tek då sikte på å ta del i denne forskingstradisjonen, som «innebærer og erkjenner at historien kan sees og fremstilles på ulike måter, og at disse bør analyserest for å avdekke hvordan ulike lærebokforfattere har fokusert og fremstilt aktuelle tema.»<sup>25</sup> Denne metodiske tilnærminga skal såleis leggja eit grunnlag for å kunne seia noko konkret om kva vikingtidsbilete dei ulike framstillingane i lærebøkene representerer.

Ettersom oppgåva har eit samanliknande utgangspunkt er det naudsynt å avklare det komparative aspektet med oppgåva. For det første er komparativ metode ein

---

<sup>21</sup> Andresen, Rosland, Ryymin og Skålevåg, 2012: s. 110-111.

<sup>22</sup> Angvik, 1982: s. 375.

<sup>23</sup> Andresen, Rosland, Ryymin og Skålevåg, 2012: s. 104.

<sup>24</sup> Ibid. s. 105.

<sup>25</sup> Sæle, 2005: s. 14.

forklaringsmetode der to eller fleire einingar av same art vert vurdert opp mot kvarandre.<sup>26</sup> Denne oppgåva skal såleis nytta den komparative metoden på fleire nivå. Samanlikning både synkront og diakront betyr at lærebøker i om lag same tidsperiode skal samanliknast opp mot kvarandre, og at dei generelle tendensane i desse periodane skal samanliknast mot tidlegare og seinare framstillingar. Her skal t.d. fleire norske lærebøker kunne fortelja noko om det generelle og spesifikke vikingtidsbiletet i Noreg i ein bestemt periode, før dette biletet skal vurderast opp mot framstillingane i dei engelske lærebøkene i same periode. Vidare skal tendensane i kvar periode kunne fortelja noko meir om når eventuelle endringar og brot i vikingtidsbileta i lærebøkene oppstår, og såleis gje klarare peikepinnar på kva grunnlag denne utviklinga har oppstått.

Før eg i neste kapittel går nærare inn på den historiografiske utviklinga i den akademiske historieskrivinga om vikingtida, vil eg i siste avsnittet i innleiingskapittelet sjå meir på den didaktiske utviklinga. Omfanget av, og tal på, lærebøker i analysen i denne oppgåva, fører til at eg ikkje kan gje ein grundig oversikt over hovudtendensane i den samfunnsmessige og skulepolitiske konteksten. Det ville t.d. vorte for omfattande å sjå på utviklinga av læreplanar i både Noreg og England, ikkje minst ettersom det er betydelege skilnadar mellom dei respektive landa sin skulepolitikk. Problematikken kring dette vil eg løysa ved at eg innleiingsvis i analysekapitela av lærebøkene, gjev ein kort, samla oversikt over nokre av dei viktigaste tendensane i dei samfunnsmessige- og skulepolitiske tilhøva innan kvar hovudperiode. I tillegg vil eg gje utfyllande utgreiingar i sjølve analysen, dersom eventuelle tilhøve innanfor dei to ulike kontekstane har vore betydingsfulle for framstillingane av vikingtida.

#### **1.4 Klassifisering av ulike former for historieundervising**

I ei didaktisk vurdering av framstillingar av historiske emne i lærebøkene, har ei tradisjonell tilnærming vore å ta utgangspunkt i ulike undervisingsteoriar. Dette er modellar som syner at visse trekk frå lærebøkene har vorte rekna som viktigare enn andre.<sup>27</sup> Tre sentrale omgrep innan denne teoretiske klassifiseringa er klassisk, objektivitisk og metodisk historieundervising. Desse omgrepa femnar om det Kjeldstadli (1999) reknar som tre grunnleggjande mål i historieundervisinga i skulen, ved at elevane skal tileigna seg haldningar, kunnskap og dugleikar.<sup>28</sup> Desse tre måla er dermed dei enkeltfaktorane som utgjer

---

<sup>26</sup> Kjeldstadli, 1999: s. 265.

<sup>27</sup> Bøe, 1999: s. 28.

<sup>28</sup> Kjeldstadli, 1999: s. 274.

dei bestemmande føringslinjer for dei tre formar for historieundervising som nemnt ovanfor. Klassisk undervisingsteori er knytt til det første målet om at elevane skal tileigna seg haldningar gjennom historiefaget. Historieundervisinga skal bidra til at elevane utviklar eit sett med haldningar som speglar att visse eigenskapar hos eit folk eller ein kultur. Målet er at historieundervisinga skal gjera elevane til gode samfunnsborgarar og utvikla ein nasjonal identitet gjennom den gode engasjerande forteljinga: «Historie ble historier, helst om enkeltpersoner. Og historiene ble valgt fordi de skulle formidle et moralsk poeng, mindre ut fra en oppfatning av fagets egenart.»<sup>29</sup> Denne forma for historieundervising heng såleis tett saman med ei nasjonalistisk haldning i samfunnet, og kjenneteikna difor mykje av historieundervisinga både i Noreg, men også resten av Europa, på 1800-talet og første halvdel av 1900-talet.

Utover første halvdel av det urolege samfunnspolitiske 1900-talet, skulle det likevel koma ein reaksjon på den klassiske historieundervisinga. Reaksjonen var tufta på at ein måtte vekk frå den typen nasjonalistiske haldningar og fiendtleggjering av andre folk og kulturar som historieundervisinga hadde bygd opp under. Samstundes med at historiefaget vart eit vitkapsfag førte dette til den objektivistiske historieundervisinga. Som nemnt over var det kunnskap som stod sentralt innanfor denne undervisingstradisjonen, der historiefaget skulle formidla ein gitt mengde kunnskap til elevane på ein sakleg og tilpassa måte.<sup>30</sup> Resultatet av denne nye undervisningsforma var at ein fekk lærebøker som vart fylt opp av fakta, og som i ettertid har vorte rekna som relativt kjedelege lærebøker.<sup>31</sup> Ein anna viktig faktor med denne tradisjonen var stoffutveljinga. Medan den klassiske historieundervisinga hadde valt ut det stoffet som kunne fremja nasjonale dydar, og dermed forkasta stoff som førte til det motsette, skulle den objektivistiske historieundervisinga ikkje skilja mellom viktig og uviktig stoff. Resultatet vart som nemnt faktarelaterte lærebøker, og i tida etter andre verdskrigen var det akkurat denne typen lærebøker som prega marknaden.<sup>32</sup>

Kritikken mot denne faktaorienterte historieundervisinga skulle tilta utover andre halvdel av 1900-talet. Kritikken var mellom anna retta mot at kunnskapsmengda i historiefaget var av eit så stort omfang og med skiftande nye perspektiv og forskingsresultat, at ingen kunne meistra den.<sup>33</sup> Ei ny retning innanfor historieundervisinga fokuserte såleis meir på historiefaglege

---

<sup>29</sup> Ibid. s. 275.

<sup>30</sup> Ibid. s. 276.

<sup>31</sup> Førelesinga *Historiedidaktikk* gitt 27/9- 2011 av Christian Sæle.

<sup>32</sup> Førelesinga *Historiedidaktikk* gitt 27/9- 2011 av Christian Sæle.

<sup>33</sup> Kjeldstadli, 1999: s. 279.

dugleikar og har vorte kjend som den metodiske historieundervisinga. Mykje av tankegangen bak denne undervisingstradisjonen kom frå Storbritannia. Etter at misnøye med historiefaget hadde ført til at mange elevar velde vekk historie i høgare utdanning, måtte ein tenkja nytt for at dei skulle halda på historieinteressa. Resultatet vart eit auka fokus på kjeldegransking. Elevane skulle no arbeida med historiefaget slik historikarane gjorde det.

Det er ikkje enkelt å fastslå kva som kjenneteiknar undervisinga i den norske og engelske skulen i dag. Sæle (2011) argumenter mellom anna for at dei norske læreplanane har forsøkt å bevega seg vekk frå den objektivistiske historieundervisinga, men at faktakunnskap framleis pregar mykje av undervisinga.<sup>34</sup> Indikasjonane er at det er det same på nytt, men i nytt omslag. Sjølv om ein har prøvd å pynta på undervisningsmetodane, er målsetjingane mykje dei same som i sistnemnte undervisingstradisjon. Elevane skal tileigna seg faktakunnskap som dei skal gje att på ein prøve. Poenget er difor at sjølv om ein har sukra pillen, så er målsetjinga mykje den same.

I avslutningskapittelet til denne oppgåva vil det verta eit føremål å forsøka å periodisera lærebøkene i analysen utifrå desse tre modellane for historieundervising. Funna i analysen skal såleis fungera som eit rammeverk for å kunne seia noko meir om korleis vikingtida som historiefagleg undervisingstema har vore eit resultat av den generelle oppfatninga av korleis historieundervisinga skal vera, eller om vikingtida som historiefagleg tema fører til ei eige fagleg tilnærming. For å få ei utvida forståing for korleis vikingtidsbiletet har endra seg i same periode som lærebøkene, tek neste kapittel difor for seg den norske og engelske akademiske historieskrivinga om vikingtida.

---

<sup>34</sup> Førelsinga *Historiedidaktikk* gitt 27/9- 2011 av Christian Sæle.



## Kapittel 2: Vikingtida i den akademiske historieskrivinga frå slutten av 1800-talet og fram til i dag

### 2.0 Lærebøker og forskingslitteratur

Ettersom eit av hovudføremåla med denne oppgåva er å sjå om framstillingane i lærebøkene utviklar seg i høve til den generelle historieskrivinga eller har sitt eige særpreg, er det difor naudsynt å gje ei oversikt over dei viktigaste tendensane i høvesvis norsk og engelsk historieskriving om vikingtida frå slutten av 1800-talet og fram til i dag. Det finst i dag inga forskning som eksplisitt tek for seg korleis vikingtida har vorte framstilt på frå byrjinga av 1900-talet og fram til i dag. Haavardsholm (2004) har i si avhandling *Vikingtiden som 1800-tallskonstruksjon* gitt ein oversikt over korleis vikingtidsbiletet vart forma av nordiske forskarar kring hundreårskiftet. Han peikar også på at ein vidare oversikt over korleis dette biletet utvikla seg utover i det nye hundreåret, låg utanfor rammene til avhandlinga.<sup>35</sup>

For å finna eit representativt utval av litteratur, som kan kasta ljøs over ulike sider innan utviklinga i vikingtidsforskinga, har eg i første omgang teke utgangspunkt i eit utval av sekundærlitteratur og kven som har vorte rekna som sentrale innanfor vikingtidsforskinga i denne litteraturen.<sup>36</sup> Omfanget av utvalet av vikingtidshistorikarar er sjølvstøtt for omfattande til at det kan vera mogleg å gje ei fullstendig framstilling av alle synspunkt og perspektiv. Utvalet kan likevel syna nokon av dei viktigaste tendensane og den generelle utviklinga i historieskrivinga om vikingtida. Sidan oversikta over den generelle historieskrivinga skal fungera som eit samanlikningsgrunnlag for framstillingane i lærebøkene, er det difor føremålstenleg å gjera ei tilsvarande avgrensing av vikingtida som tidlegare skildra i problemstillingane til oppgåva. Kort sagt betyr det at eg i første rekkje vil sjå på årsaksforklaringar av vikingferdene og den generelle karakteristikken av vikingtida og vikingane. I tillegg er det også naudsynt å vurdere skildringa av vikingtida og vikingane opp mot dei generelle tendensane i historieskrivinga i dei ulike periodane. Difor vel eg å handsama norsk og engelsk historieskriving frå kvarandre i denne delen.

---

<sup>35</sup> Haavardsholm, 2004: s. 216.

<sup>36</sup> Andersen, P. S. (1969). *Vikingtid og rikssamling*. Oslo: Cappelen, Haavardsholm, J. (2004). *Vikingtiden som 1800-tallskonstruksjon*. Oslo: Det historisk-filosofiske fakultet Unipub, Krag, C. (1995). *Vikingtid og rikssamling: 800-1130*. Oslo: Aschehoug, Nelson, J. L. (2002). England and the Continent in the ninth century: II, the Vikings and Others. *Transactions of the Royal Historical Society*, 13, 1-28, Wawn, A. (2000). *The Vikings and the Victorians : inventing the old north in nineteenth-century Britain*. Cambridge, D.S. Brewer.

## 2.1 Vikingtida i norsk historieskriving

### 2.1.1 Arven frå den historiske skulen

På 1800-talet kom det mange har rekna som gjennombrøtet for mellomalderforskinga i Noreg, med utviklinga av ein forskingstradisjon som seinare har vorte kjend som «den historiske skulen». Det viktigaste føremålet med historieskrivinga i denne perioden var å syna ein norsk historisk identitet i høve til andre nordiske folk, og for å syna den norske identiteten måtte ein difor etablere band til ei ærerik fortid før eineveldet med Danmark i 1660.<sup>37</sup> Mellomalderen og vikingtida vart såleis viktige historiske periodar for dei norske historieforskarane. Det gjaldt å finna prov på nordmennes eigendomsrett til epoken sine leivningar og kor viktig fylgjene vart av deira bedrifter.<sup>38</sup> Dei norske historikarane som hadde stått sentralt i denne forskingstradisjonen i første halvdel av 1800-talet, gjekk gradvis bort utover andre halvdel av hundreåret. Saman med den samfunnspolitiske utviklinga, med blant anna ei byrjande industrialisering, politisk mobilisering imot unionen og krav om utviding av stemmeretten, førte det til at historiesynet til generasjonen etter historikarane frå «den historiske skulen» hadde eit meir positivt syn på unionstida. Eit slikt nordisk perspektiv på historia stod i sterk kontrast til historieskrivinga innanfor den historiske skulen, og skulle relativt raskt få sine kritikarar.

Ein av desse kritikarane var Ernst Sars (1835 – 1917). Forfattarskapen til Sars har av Ottar Dahl (1990) vorte rekna som kanskje det mest omfattande bidrag til ei samla gjennomtenking av Noreg si historie som er gitt av ein enkelt historikar.<sup>39</sup> Eit av desse bidraga var oversiktsverket *Udsigt over den norske historie* (1873-1891). Kritikken til Sars var retta direkte mot det nordiske perspektivet i historieskrivinga, der han i motsetnad til eit hovudfokus på unionstida med Danmark, søkte attende til tidlegare historieskriving og studie av sagatida. Føremålet var å sjå samanhengen mellom denne perioden og den nye nasjonale historia.<sup>40</sup> Denne samanhengen mellom dei to periodane synte eit av dei viktigaste trekka med historiesynet til Sars. Historieframstillinga i *Udsigt over den norske historie* er hovudsakleg skriva utifrå eit evolusjonistisk historiesyn og med eit utvida kjeldekritisk perspektiv. Dette førte såleis til to grunnleggjande endringar frå den tidlegare nasjonale historieskrivinga. For det første gav nye krav i den kjeldekritiske historieforskinga nye innfallsvinklar og teoretiske utgangspunkt for historieskrivinga. For det andre gav det evolusjonistiske historiesynet nye

---

<sup>37</sup> Melve, 2010: s. 144.

<sup>38</sup> Bagge, 1995: s. 112, Haavardsholm, 2004: s. 43.

<sup>39</sup> Dahl, 1990: s. 156.

<sup>40</sup> Ibid. s. 158.

grunnleggjande forklaringar på historia si gang, og for Sars del var det særleg sistnemnte krav som førte til ei ny vikingtidshistorie.

Det evolusjonistiske vitskapssynet var inspirert av ideen om at den historiske utviklinga føregjekk etter lovmessige prinsipp både på det samfunnsmessige og personlege plan. Dette historiesynet kom relativt klart til syne i historieverket til Sars. Byrjinga av vikingtida vart skildra frå det tidspunktet då det nordiske folket hadde nådd eit utviklingsstadium som tilsa at dei var: «modnede til en selvstændig Indgriben i Historien.»<sup>41</sup> I vikingtida oppstod det ifylgje Sars ei «opsamlende Kraft» hos det nordiske folket, ei kraft som trengte næring frå den kristne europeiske kulturen for å kunne bløma. Ein slik evolusjonistisk tankegang betyr at det vart lagt vekt på å syna at ein grunnleggjande norsk identitet var teke vare på fram gjennom tida, og at utviklinga av landet var tufta på utviklinga i tidlegare historiske periodar. Krafta i denne samanheng vart difor ei norsk folkeånd som kom fram i den nasjonale historia etter unionstida. Hovudpunktet til Sars vart såleis å syna at vikingtida og andre periodar i norsk historie, ikkje var eit resultat av tilsynelatande brå endringar, men ein samanhengande utviklingsprosess der dei ulike avsnitta utgjorde ein samanheng.<sup>42</sup>

Dette historiesynet finn me også igjen i Sars forklaring av vikingferdene. Sjølv om det kunne vera fleire moglege årsaker til vikingferdene, var hovudforklaringa til Sars at dei var eit framhald av dei store germanske folkevandringane som hadde prega den europeiske historia frå 400-talet. Den fremste eigenskapen til folkevandringa i vikingtida var at den var lada med ein «ungdomsfrisk Energi».<sup>43</sup> Meininga var å vekkja til live haldningar og verdiar frå den antikke tida, som saman med samtida si tru på individuell fridom skulle leggja grunnlag for at eit demokratisk styressett kunne få utvikla seg i Europa. Sars synte såleis til vikingane si erobring av Normandie som eit typisk døme på deira demokratiske eigenskapar:

Verden trængte en ny Tilførsel af germanisk Blod, og først gennem Vikingetogenes og Nordgermanernes største politiske Skabning: det normanniske Jarledømme, og den derfra udgaaede anglo-normanniske Stat, kom den individuelle Friheds Princip til fuld Gyldighed i Europas Stats- og Samfundsudvikling.<sup>44</sup>

---

<sup>41</sup> Sars, 1877: s. 87.

<sup>42</sup> Dahl, 1990: s. 167.

<sup>43</sup> Sars, 1877: s. 87.

<sup>44</sup> Ibid. s. 88.

Føremålet med ei slik tilnærming var at Sars ynskte å syna røtene til det norske demokratiet, og korleis påverknaden av dei særeigne norske tilhøva i sagatida og den samtidige nasjonalkjensla, la grunnlaget for ein politisk opposisjon på venstresida på 1800-talet.<sup>45</sup>

Sars nytta også erobringa av Normandie for å tona ned tidlegare oppfatningar av den brutale framferda til vikingane. Her peika han på at det gjekk relativt kort tid før vikingane tileigna seg mentaliteten og vart integrerte i lokalmiljøet på stadane dei busette seg, og at: «Vi see i en saadan af Frivilligheden fremgaaet og med Frihed forenet Disciplin et Vidnesbyrd om en moralsk Kraft, der umulig kan tilhøre aldeles barbariske Folk.»<sup>46</sup> Vikingtida hadde ifylgje Sars lenge vorte rekna som ei nedgangstid for det norske folket, men denne oppfatninga meinte han låg i kjeldekritikken på dei utanlandske kjeldene frå samtida til vikingane. Desse var skrivne av offera for vikingåtaka, og kunne difor ikkje reknast som upartiske.

Dette kjeldekritiske utgangspunktet for mellomalderforskinga var i utvikling i historieskrivinga mot slutten av 1800-talet, og ein av dei fremste norske historikarane for denne tradisjonen vart Gustav Storm (1845-1903). Eit av dei sentrale forskingsbidraga til Storm var *Kritiske bidrag til vikingetidens histore* (1878), ein publikasjon som var eit direkte svar på danske historikarar og særleg Johannes C.H.R. Steenstrups forsøk på å gjera store delar av vikingverksemda til eit dansk fenomen. Mykje av kritikken frå Storm var retta mot korleis desse forskarane hadde nytta kjeldene, og han var av den meining at store delar av forskinga og historieskrivinga om vikingtida på 1800-talet ikkje hadde tatt til seg nye kjeldekritiske metodar. I dette låg det ifylgje Storm eit krav om å arbeida med fleire kjelder på same tid, der hovudoppgåva var å: «bringe Overensstemmelse mellem de hjemlige og de udenlandske Kilder:»<sup>47</sup> Kritikken var retta mot at der kjeldene var uklare, hadde dei nasjonale og historiske standpunkta til forskarane fått fritt spelerom. Dermed hadde ulike nordiske historikarar først og fremst konsentrert seg om hendingar som kunne seiast å vera norske, svenske eller danske.

Denne haldninga ovanfor kjeldekritikken førte i første omgang til at Storm var kritisk til korleis Steenstrup og andre danske historikarar hadde nytta omgrepet «Normanner» i samband med danske vikingar og vikingverksemder. Storm meinte at ein ikkje skulle leggja for stor vekt på kva nasjon vikingane høyrde til. Sjølv om dei tidlegaste vikingferdene kunne plasserast geografisk utifrå dei ulike nordiske landa, var det ifylgje Storm umogleg å knyta

---

<sup>45</sup> Melve, 2010: s. 152.

<sup>46</sup> Sars, 1877: s. 98.

<sup>47</sup> Storm, 1878: s. 3.

nasjonalitet til dei større vikingtoga.<sup>48</sup> Også i høve til forklaringa av vikingferdene var han ueinig med dei danske historikarane. Frå sistnemnte forskarkrins hadde forklaringa på vikingferdene vorte tufta på overbefolkning, og at dei økologiske konsekvensane hadde ført til utvandringbølgjene ut av Norden. Hovudforklaringa til Storm var at det primære føremålet til vikingferdene var å vinna bytte, pålegga skattar eller gå i framand krigsteneste. Dette var då ikkje noko nytt for vikingane, men frå 800-talet vart det den dominerande næringsvegen for dei nordiske folkeslaga.<sup>49</sup>

Sjølv om Storm i større grad hadde eit nordisk perspektiv på framstillinga av vikingtida, og såleis skilde seg frå Sars nasjonalpatriotiske haldning, finn me likevel element av eit evolusjonistisk historiesyn hos førstnemnte. I tillegg til hovudforklaringa som er skissert ovanfor, var Storm også av den meining at vikingferdene var eit resultat av at det norske folk hadde nådd eit stadium der deira sterke krigslyst og utferdstrong kunne verkeleggjerast.<sup>50</sup> Ifylgje Haavardsholm (2004) var ikkje Storm å rekna som ein politisk historikar, men ein historikar som først og fremst trudde at det var mogleg å framstilla fortida slik den hadde vore.<sup>51</sup> Storm stod såleis i spissen for ei svært kjeldekritisk norsk historieforskning på slutten av 1800-talet, og i høve til Sars og fleire var Storms innfallsvinkel på kjeldene av ein høgare teknisk karakter. Det innebar dermed eit auka fokus på kjeldekritikken i historieskrivinga til Storm.

Ein av historikarane som skulle vidareføra mykje av desse to norske historikarane sine tankar utover på 1900-talet, og som kom til å få mykje å bety for vikingtidsbiletet ut i eit nytt hundreår, var Alexander Bugge (1870-1929). Bugge skreiv fleire oversiktsverk over både norsk historie og verdshistorie, mellom anna historieverka *Norges Historie* (1910) og *Illustrert verdenshistorie for hjemmet* (1924). I tillegg gav han ut fleire publikasjonar om vikingtida. Vikingtida som Bugge sitt spesialfelt var ikkje tilfeldig. Til liks med Sars var han påverka av eit evolusjonistisk historiesyn, i tillegg til ei meir overordna organisk historieforståing. Ei slik historieforståing tilsa at historia sin gang gjekk i såkalla årssyklusar

---

<sup>48</sup> «Fra Midten af 9de Aarhundrede tør man derfor ikke længer med Sikkerhed henvise alle Vikinger paa frankiske Kyster til Danerne eller paa irske til Danerne eller paa irske til Nordmændene, thi Nordmænd har ofte deltaget i danske Tog og omvendt Daner i norske Tog.» *ibid.* s. 15.

<sup>49</sup> *Ibid.* s. 23-26.

<sup>50</sup> Haavardsholm, 2004: s. 129.

<sup>51</sup> *Ibid.* s. 128.

med tilhøyrande vekst- og kvilefasar. Difor kom vikingtida til Bugge i ein slik vekstfase som ein naudsynt historisk periode.<sup>52</sup>

I historieskrivinga til Bugge finn me både gjentakning av eldre forskning, men også noko heilt nytt. Til liks med Sars meinte han at vikingtida var eit utslag av dei germanske folkevandringane, og til liks med Storm var vikingtida til Bugge også ei tid der vikingane sitt fremste mål var å plyndra, røva, vinna land og grunnleggja nye busetnadar. Samstundes var det eit utvida syn på desse vikingverksemdene, ved at dei vart rekna som viktige faktorar for den kulturelle utviklinga i Europa. Dermed vart den primitive og valdelege framferda til vikingane først og fremst rekna som ein kort del av den tidlege vikingtida, før dei etter kvart kunne verta rekna som handelsmenn, båtbyggjarar, gode sjømenn og landnåmsmenn med evna til å skapa nye og fungerande samfunn.<sup>53</sup> Vikingane hadde gått frå å berre vera krigarskikkelsar, til å verta heilskaplege menneske med mange kvalitetar.

Framstillinga til Bugge har med dette som utgangspunkt eit langt større fokus på dei kulturelle verknadane av vikingferdene. I Irland grunnla vikingane nye byar og rike og bygde bru mellom keltarane og saksarane, og var med på å sameina og smelta dei saman til eit folkeslag. For resten av Storbritannia og store delar av Europa bidrog vikingane først og fremst innan skipsfart og skipsbyggarkunsten, og for England sin del meinte Bugge at vikingtida fekk svært mykje å bety: «Det er nordboerne som har gjort engelskmændene til en sjøfarende nation.»<sup>54</sup> Denne innfallsvinkelen med fokus på påverknaden til vikingane på deira samtidige i Europa kan tyda på ei sterk vektlegging av politisk historieskriving hos Bugge. Den samfunnspolitiske konteksten på 1800-talet og byrjinga av det neste hundreåret la også føresetnadar for denne utviklinga. Den nye unionstida frå 1814 gav større fridom for å hevda nasjonalistiske særpreg, og perioden fram mot lausrivinga i 1905 vart ein nasjonsbyggande periode. Dermed vart det også gjort koplingar mellom polarheltane i samtida og vikingtida som: «skabte frygtløse sjømænd, som vovevde sig over Atlanterhavet til Grønland og Nordamerika, og som drevet af trang til at løse det ukjendtes gaader op mod polhavets is.»<sup>55</sup> For Bugge var begge desse eit uttrykk for dei menneske som hadde vore, og no var, i stand til å utfolda det norske folket sine verkelege og særeigne karaktereigenskapar.

---

<sup>52</sup> Bugge, 1910: s. 70.

<sup>53</sup> «Det er en tid fuld av blod og brand, ensformig med alle sine herjinger og ødelæggelser. Men det er ofte slik at paa slagmarker dér blodet har strømmet rikeligst, gror gresset frodigst. Op av ødelæggelsen vokser et nyt Europa frem.» Bugge, 1924: s. 234.

<sup>54</sup> Ibid. s. 258.

<sup>55</sup> Bugge, 1910: s. 217.

### 2.1.2 Vikingtida i eit materialistisk historiesyn

Sjølv om dei evolusjonistiske historikarane hadde ein sterk påverknad på norsk historieforskning, kom dei leiande historikarane i den neste norske historikargenerasjonen til å utvikla historieskrivinga i ein anna retning enn sine føregjengarar. Denne nye retninga har seinare vorte kjend som den marxistiske perioden eller historiske materialismen i norsk historieskriving. I dette historiesynet låg det ein grunntanke om at den historiske utviklinga var eit resultat av produksjonstilhøva i samfunnet, som hang saman med organiseringa av produksjonskreftene og med eit større fokus på sosiale og økonomiske problemstillingar.<sup>56</sup> Ein av dei historikarane som vart svært sentrale innanfor denne tradisjonen var Andreas Holmsen (1906–1989). Sjølv om historikarverksemda til Holmsen strekkjer seg langt fram i tid, hadde grunnlaget for historiesynet hans sitt utspring i utviklinga i norsk historieskriving i mellomkrigstida. Vikingtida vart såleis gjenstand for ei materiell historieforståing, der empiriske studiar på befolkning- og agrarhistorie kom til å kjenneteikna perioden.<sup>57</sup>

Denne forskinga kom i stor grad til syne i oversiktsverket *Norges historie, Fra de eldste tider til 1660* (1938), som i seinare tid har vorte rekna som ein klassikar i historiefaget.<sup>58</sup> Vikingtida vart her avgrensa som ein ny og viktig periode frå noko før år 800 til noko etter år 1000, og det vart peika på kva som gjekk føre seg i Noreg utanom vikingferdene: «Hjemme i landet er det ikke mindre ting som går for seg; det drønner av kamp og av våpentak på tinge; de store lovforbundene, leidangen og Norges rike blir til.»<sup>59</sup> Men sjølv om desse kampane og vikingferdene gjekk føre seg i same tidsperiode, var det utan tvil vikingferdene som fekk hovudfokus i framstillinga. Det var særleg to trekk ved framstillinga som kjenneteikna historieskrivinga til Holmsen. For det første var det trekk ved framstillinga som synte at det evolusjonistiske historiesynet ikkje var heilt fråverande. Dette kom tydleg fram i påpeikinga av at hendingar både innan- og utanriks i vikingtida ikkje var noko nytt, men at det var tempoet og omfanget av endringane som skilde seg ut.<sup>60</sup> For det andre, og det mest sentrale, var store delar av framstillinga tufta på eit agrarhistorisk grunnlag, der særleg årsaksforklaringa av vikingferdene illustrerer dette. Holmsen byrja forklaringa av vikingferdene med ei utdjuping av det indre landnåmet i vikingtida, og korleis den store veksten og dei nye samfunnsbanda forårsaka av landnåmet, førte til eit meir individuelt livsgrunnlag. Det indre landnåmet resulterte likevel ikkje i at nordmennene fekk det for

---

<sup>56</sup> Dahl, 1990: s. 229.

<sup>57</sup> Bagge, 1995: s. 121.

<sup>58</sup> Dahl, 1990: s. 272.

<sup>59</sup> Holmsen, 1949: s. 129.

<sup>60</sup> Ibid. s. 130.

trøngt, men at dei ved hjelp av mellom anna ein ny samfunnsorganisasjonen klarte å få meir ut av naturen enn tidlegare.<sup>61</sup> Hovudforklaringa på vikingferdene låg likevel ikkje i denne utviklinga, men derimot i det ytre landnåmet og: «(...) de deler av landet hvor tidens liv fikk sitt mest karakteristiske utslag i vikingtiden.»<sup>62</sup>

Kjenneteikna til det ytre landnåmet var til liks med det indre tufta på ein befolknings ekspansjon som skaut fart i det 7. og 8. hundreår. Det som likevel skilde det ytre landnåmet frå det indre var vala det norske folket langs kysten av Vestlandet fekk. Folket i vest hadde fleire moglegheiter enn landsmennene i indre delar av landet, og den vegen som ifylgje Holmsen skilde seg klarast ut, var vegen vestover: «På denne bakgrunn tar vikingferdene seg ut som en nødutvei for et fullstendig overbefolket samfunn.»<sup>63</sup> Hovudgrunnen til at denne vegen vart den mest nytta var den teknologiske utviklinga innanfor skipsteknologien. Det betydde at ekspansjonen vestover over havet ikkje var ein verknad av naud og elende, men av ein rivande vekst som sprang ut av heimlege vilkår.<sup>64</sup>

Saman med landnåma fokuserte Holmsen i stor grad på verknadane av vikingferdene. Tileigninga av gods og trælur, materiell rikdom, men også rikdom på kunnskap og erfaringar, betre dugleikar i sjøfart, krig og samfunnsstyring var dei fremste verknadane for nordmennene i heimlandet.<sup>65</sup> Verknadane av vikingferdene tok utgangspunkt i korleis nordmennene fór fram og etablerte seg på Vesterhavsoyane. Her peika Holmsen på korleis vikingane innførte sitt eige styressett på desse stadane, og på kva verknadar dette fekk for dei berørte områda. Gjennomgåande for særleg denne delen, og til dels heile framstillinga, var bruken av arkeologiske kjelder framfor dei litterære. Overgangen frå å nytta sogene som dei primære kjeldene til å støtta seg på arkeologiske, var i stor grad eit framhald av det kjeldekritiske historiesynet Storm hadde stått i spissen for mot slutten av førre hundreår. Holmsen vidareførte dette historiesynet og meinte mellom anna at sogene var: «spekket med sagn og eventyr og dertil preget av omsyn til kunstnerisk komposisjon og av forfatter- eller fortellerresonnement.»<sup>66</sup> Sogene kunne difor ikkje nyttast til å gje ei heilskapleg og samanhengande framstilling av vikingtida. Sjølv om sogene kunne spegla att element av ekte tradisjon frå tidlegare tider, kunne dei ikkje få fram det Holmsen definerte som ein djupare årsakssamanheng i utviklinga.

---

<sup>61</sup> Ibid. s. 130-135.

<sup>62</sup> Ibid. s. 138.

<sup>63</sup> Ibid. s. 139.

<sup>64</sup> Ibid. s. 141-142.

<sup>65</sup> Ibid. s. 146.

<sup>66</sup> Ibid. s. 131.



Denne kjeldekritikken førte til at nye forskingsfelt vart ein viktigare del av vikingtidsforskinga, og særleg arkeologane fekk eit nærare samarbeid med historikarane. Dette samarbeidet var likevel ikkje noko nytt i norsk forskingstradisjon, og hadde vore ein viktig del av forkinga innanfor den historiske skulen. Arkeologane sitt behov for å utarbeida eigne metodar og problemstillingar hadde likevel ført til at forskingsfeltar arkeologi og historie hadde vorte fråskilte for ein periode, men på 1900-talet skulle dette endra seg. Historikarane kom til å nytta arkeologiske forskingsresultat til å kasta ljøs over sine eigne problem, og særleg stadnamn vart viktige historiske kjelder.<sup>67</sup>

Ein av dei mest sentrale arkeologane innanfor vikingtidsforskinga vart Haakon Shetelig (1877-1955). Shetelig si framstilling av vikingtida i *Fra oldtiden til omkring 1000 e.Kr.* frå 1930 var ein del av samleverket *Det norske folks liv og historie gjennom tidene*. Som arkeolog representerte han noko nytt i vikingtidsforskinga, men samstundes såg ein også igjen trekk frå tidlegare historieskriving. Dette ser ein tydeleg når vikingferdene vert rekna som ei forlenging av dei germanske folkevandringane og med at vikingferdene la eit økonomisk grunnlag for folkeauke i heimlanda til vikingane.<sup>68</sup> Dette var ikkje ulikt tankane til Sars og Storm, men Shetelig synte også tendensar mot ei ny vinkling på vikingferdene. I forklaringa av vikingferdene er allereie to av forklaringane til Shetelig nemnde, i tillegg peika han også på press på naturressursar og dei politiske tilhøva. Men vikingferdene kunne også vera eit resultat av tilfeldigeheiter, fordi han rekna dei første vikingåtaka mest som uforklarlege hendingar. I tillegg kunne også ein «gullfeber» ha vore ein medverkande årsak til at vikingåtaka auka etter kvart.<sup>69</sup>

Eit nytt trekk i denne framstillinga og som kom til å skilja seg frå det me har sett til no var innfallsvinkelen på dei meir karakteristiske eigenskapane og dugleikane til vikingane. Her peika Shetelig på at det ikkje var noko grunnlag for hans samtidige historieforskarar idyllisera den valdelege vikingkulturen.<sup>70</sup> Shetelig sitt tilnamn «europæaren», som han fekk av sine kollegaer innanfor arkeologien, syner kanskje ein tendens til ikkje å sjå vikingferdene frå eit

---

<sup>67</sup> Dahl, 1990: s. 242.

<sup>68</sup> Shetelig, 1930: s. 178.

<sup>69</sup> Ibid. s. 176-177.

<sup>70</sup> «Det er jo besynderlig at det skal være tilfredsstillende for nutidens forfengelighet å tilegne seg sig størst mulig del i vikingtogene, når de samtidige vesteuropeiske kilder er enstemmige i en dom som er i høi grad det motsatte av smigrende; vikingene som de fremmede kjente dem, var ikke bare røvere, de var svikefulle og listige; de holdt ikke ord eller ed, de var grusomme av lyst, de var lykkejegere som gikk med livet i hendene og ikke kjente grense for hensynsløshet. De slaktet oldinger, kvinner og småbarn, de brente nonner levende; de kjente ikke skånsel mot forsvarsløse. Fra hele vikingenes ferd finnes knapt eksempel på ridderlige følelser, mens det derimot vrimler av uangripelige vidnesbyrd om drastiske grusomheter.» ibid. s. 179-180.

norsk perspektiv, men derimot å sjå den norske utviklinga som ein del av europeisk kulturhistorie. Dermed var det ikkje noko grunnlag for å idyllisera ein kultur som stort sett hadde gjort øydeleggjande handlingar ovafor europeisk kultur i tidleg mellomalder.

Holmsen sitt agrarhistoriske perspektiv på vikingtida var på mange måtar eit ektefødt barn av den generelle utviklinga i historieforskinga i mellomkrigstida, av den grunnen at den kunne spegla att fokuset på materialistiske faktorar i historieskrivinga. Dermed kom den agrarhistoriske forklaringa på vikingferdene til å vera rådande i vikingtidsforskinga utover i andre halvdel av 1900-talet. Samstundes, og særskilt etter den andre verdskrigen, vaks det fram ein ny forskingstradisjon i det norske historiefaget. Den nye retninga var ein reaksjon på mellomkrigstida sine totalitære rørsler og var dermed kritisk mot både den marxistiske historieskrivinga og utnyttinga av historie for å skapa ein nasjonal identitet.<sup>71</sup> Historikarane skulle no verta meir objektive og avstå frå religiøse, politiske og andre overtydingar i arbeidet sitt. Forskingstradisjonen har seinare vorte kjend som kritisk empirisme.

### 2.1.3 Kritisk empirisme

Når historikarane etter kvart skulle avstå frå eigne subjektive haldningar i forkinga, fekk dette sjølvstekt konsekvensar for historieskrivinga om vikingtida. Det kritiske åttaket på sogene som anvendelege kjelder tidlegare på 1900-talet, førte til at tidleg mellomalder vart mindre viktig for norske historikarar utover andre halvdel av hundreåret.<sup>72</sup> Samstundes var ein ny forskingstradisjon i utvikling i om lag same periode. Kjenneteikna til denne forskingstradisjonen var eit strengare krav til vitskap og spesialisering på forkinga, og at vegen til historieoppfatninga låg i nøkternheit, saklegheit og sunn fornuft.<sup>73</sup> Eit godt døme på historieskriving innan denne forma for historieforsking, er *Vikingtid og rikssamling, 800-1130*, i Aschehougs Norgeshistorie frå 1995, skrive av historikar og professor i eldre historie ved Høgskolen i Telemark Claus Krag (1941-).

Framstillinga til Krag i nemnte oversiktsverk er på bakgrunn av hans spesialisering på vikingtida og den ber preg av detaljorienterte skildringar. Innleiingsvis vert omgrepet «vikingtid» problematisert, og korleis dette omgrepet internasjonalt har fått ei tidsavgrensing frå folkevandringstida og fram til 1200-talet, medan det med eit skandinavisk perspektiv først og fremst har vore knytt til 800- og 900-talet. Sistnemnte avgrensing har dermed eit hovudfokus på sjølve vikingferdene og kontakten ut over landegrensene, medan hendingar og

---

<sup>71</sup> Bagge, 1995: s. 122-123.

<sup>72</sup> Ibid. s. 126.

<sup>73</sup> Bagge, 1996: s. 53.

utvikling innanlands vil verta rekna som ein del av dansk, norsk eller svensk historie, og ikkje som ein eksplisitt del av sjølvve vikingtida.<sup>74</sup> Eit slikt syn ville ifylgje Krag likevel føra til visse ulemper i framstillinga av vikingtida. Perioden sitt fremste kjenneteikn var ein påverknad som gjekk begge vegar. Med andre ord, dei tilhøva vikingane vart kjende med på vikingferdene, verka tilbake på tilhøva i heimlanda til vikingane.<sup>75</sup>

Dette fører oss vidare inn på forklaringa av vikingferdene. Til liks med Holmsen peika også Krag på dei materielle føresetnadane for suksessen til vikingane. Vikingskipa vart utvikla slik at dei tente føremålet for eit raskt og lettvent utbytte, men var likevel ikkje den utløyssande årsaka. Hovudforklaringa låg i konteksten bak skipsteknologien og dei grunnleggjande trekka ved samfunnsstrukturen i Norden i vikingtida og hundreåra før.<sup>76</sup> Til liks med Holmsen var Krag einig i forklaringa gjennom eit indre- og ytre landnåm, men la til grunn ein auka og forbetra produksjon av jern på 700- og 800-talet og dermed ein auka jordbruksproduksjon, som ein viktig føresetnad for det indre landnåmet. Den fylgjande folkeauken la eit ytterlegare press på jordressursane, og for mange vart difor moglegheita for oversjøisk plyndringsutbytte eller ekspansjon ei tiltrekkjande løysing.<sup>77</sup> Påverknaden begge vegar var som allereie nemnt rekna som det viktigaste kjenneteiknet i perioden, og var difor eit resultat av denne utviklinga:

Mye av det som skjedde i det norske samfunnet, var dessuten en følge av kontakten utad. Utviklingen hjemme utfylte på mange måter det som foregikk ute – i den forstand at de samme drivkreftene som i visse deler av landet ledet til en ytre vekst, førte til indre vekst andre steder.<sup>78</sup>

I framstillinga av framferda og eigenskapane til vikingane kan skildringa til Krag på mange måtar minna om tidlegare norsk historieskriving. Men i motsetnad til særleg Sars og Bugges karakteristiske nasjonale sjølvhevdande preg, peika framstillinga til Krag mot ei normalisering av vikingferdene og vikingane. Krag peika sjølv på at tida hadde gått ifrå dei einsidige fordømande eller idylliserande standpunkta.<sup>79</sup> Denne normaliseringa av vikingtida bygde på at tidlegare oppfatningar hadde vorte overdimensjonerte. Krag var av den meining at vikingaktivitetane inngjekk i eit mønster av politisk uro og krigføring som var vanleg i vikingtida. Vikingane var difor verken meir brutale eller valdelege enn andre i tidleg mellomalder. Deira dårlege rykte var eit resultat av den heidenske gudstrua og at samtidige geistlege historieskrivarar også var dei fremste offera under vikingoverfalla. Dei

---

<sup>74</sup> Krag, 1995: s. 13.

<sup>75</sup> Ibid. s. 13.

<sup>76</sup> Ibid. s. 31.

<sup>77</sup> Ibid. s. 31.

<sup>78</sup> Ibid. s. 46.

<sup>79</sup> Ibid. s. 12.

overdimensjonerte skildringane var også mest sannsynleg ei bortforklaring på kvifor vikingane fekk så lett spel som dei fekk under åtaka sine.<sup>80</sup>

Ein annan viktig tendens i framstillinga var eit auka fokus på kvardagslivet i vikingtida. Dette perspektivet hadde ikkje vore totalt fråverande i tidlegare historieskriving. Holmsen peika mellom anna på korleis individet kom til å spela ei større rolle i vikingtida, og at dette var ein av årsakene til at vikingtida skilde seg ut frå tidlegare tider.<sup>81</sup> Krag vidareutvikla denne tendensen og la stor vekt på både maktstruktur og ættesamfunnet i framstillinga, og korleis handel og vikingaktivitet ute kunne gje enkeltpersonar og slekt ein føremon framfor andre høvdingslekter.<sup>82</sup> Dette vitna om eit auka fokus på korleis t.d. slektskap, vennskap og personleg lojalitet hadde påverka samfunnet i tidleg mellomalder, slik at ein kunne sjå korleis desse banda vart gradvis erstatta av meir personlege band i seinare tid.<sup>83</sup> Krag var ifylgje Sawyer (1997) likevel forsiktig i framstillinga av sosiale strukturar, då kjeldegrunlaget hans ikkje var eigna til å gje ei full forståing av dette aspektet.<sup>84</sup> Det skulle difor verta andre historikarar som tok opp denne tråden i forskingsarbeidet sitt.

#### **2.1.4 Den antropologiske vendinga**

Tilnærminga mot å vektleggja sosial strukturar var likevel ikkje noko nytt i historieskrivinga, og hadde vore ein sentral del innan den historiske materialismen. Men utover andre halvdel av hundreåret kom denne tilnærminga til å sjå meir på tilhøva og relasjonane mellom individ og sosiale grupper, der omgrep knytt til slekt og ætt, alliansar og lojalitet, kultur og mentalitet vart ein viktigare del av historieskrivinga om vikingtida. Dette er også kjent som den antropologiske vendinga.

I boka *Norsk historie 800-1300, frå høvdingmakt til konge- og kyrkjemakt* (1999) av den norsk-islandske historikaren Jón Viðar Sigurðsson (1958 -), la ikkje sistnemnte skjul på at framstillinga var prega av sosialantropologiske problemstillingar.<sup>85</sup> I tillegg må det også nemnast at historikaren sin islandske bakgrunn hadde mykje å seia for framstillinga. Dette kom til syne ved fleire høve i denne utgivinga, og kanskje framfor alt i eit kjeldekritisk perspektiv. Det vart peika på at det i nyare tid hadde vorte vanleg å bruka kjeldene, og då i særleg grad sogene frå mellomalderen, for å få eit klårare bilete av samfunnsstrukturen og

---

<sup>80</sup> Ibid. s. 16-17.

<sup>81</sup> Holmsen, 1949: s. 130.

<sup>82</sup> Krag, 1995: s. 59.

<sup>83</sup> Bagge, 1995: s. 130.

<sup>84</sup> Sawyer, 1977: s. 285.

<sup>85</sup> Sigurðsson, 1999: s. 10.

truverdet av dette biletet. Det var i stor grad sogene saman med arkeologiske kjelder som la grunnlaget for denne framstillinga, og denne kjeldebruken førte forfattern inn i eit spor der maktkampane i samfunnet stod sentralt:

Sogene gir oss i første rekkje eit bilete av maktkampane i landet. Det er kongar og høvdingar og deira verk det blir fortalt om, det vil seie at sogene fokuserer det øvste sjiktet i samfunnet, og berre i glimtvis får vi innsyn i livet til folk flest.<sup>86</sup>

Dei ulike tema Sigurðsson tok opp i framstillinga synte i stor grad korleis hovudfokuset var på dei sosiale relasjonane i vikingsamfunnet, der høvdingrolla vart eit naturleg midtpunkt. I framstillinga byrja Sigurðsson med å problematisera tidsavgrensinga av vikingtida, og diskusjonen om at vikingtida byrja midt på 700-talet eller seinare med dei første kjelderrelaterte vikingferdene. Forfattern argumenterte for at sistnemnte teori var den mest truverdige, fordi tilgangen på kjelder frå andre halvdel av 700-talet ikkje var tilstrekkeleg til å kunne forklara årsakene til at vikingtida byrja. Slutten av perioden sat han til punktet då vikingferdene vart eit sjeldnare fenomen, omkring år 1050.<sup>87</sup> Framstillinga av hendingane i vikingtida byrja med ein presentasjon av samfunnsstrukturen med utgangspunktet i kvardagslivet på ein vikinggard, men denne skildringa gjekk relativt raskt over til å skildra sjølve maktstrukturen i samfunnet. Gjennomgåande for store delar av framstillinga var oppfatninga av vikinglivet som eit krigarsamfunn. I denne krigarkulturen oppstod det eit gjensidig tilhøve mellom høvdingane og bøndene, der høvdingane gav bøndene vern, medan bøndene skulle gje høvdingane støtte i konflikhtar. Vikingsamfunnet var ifylgje Sigurðsson eit konfliktfylt samfunn, noko som også var viktig for å bevare den sosiale strukturen. «Så lenge det var fare for konflikhtar som kunne ha fatale konsekvensar for bøndene, var det behov for høvdingar som kunne verne dei.»<sup>88</sup>

Dette krigarsamfunnet og den tilhøyrande gåvepolitikken vart såleis ein viktig faktor i forklaringa av vikingferdene, og det var særleg to trekk ved vikingferdene som var sentrale. For det første gav vikingferdene eit økonomisk grunnlag for vekst i heimlanda til vikingane. I motsetnad til Holmsen og til dels Krag, med befolkningsvekst som hovudårsak til vikingferdene, var Sigurðsson meir oppteken av å argumentera for at vikingferdene hadde lagt eit grunnlag for eit lite overskot i jordbruksproduksjonen. Dette gjorde det mogleg å frigjera bøndene frå gardsbruket, slik at dei kunne reisa på vikingtokter.<sup>89</sup> Ei slik forklaring vektlegg

---

<sup>86</sup> Ibid. s. 14.

<sup>87</sup> Ibid. s. 10-11.

<sup>88</sup> Ibid. s. 27-28.

<sup>89</sup> Ibid. s. 60.

difor relasjonar og tilhøve i samfunnsstrukturen framfor ei meir materiell forklaring. Denne tendensen i framstillinga til Sigurðsson vart også eksemplifisert ved at han peika på korleis krigarsamfunnet hadde ført til at:

Nokre av landnåmsmennene vart ifølgje sogetradisjonen drivne vekk frå Noreg som ei følgje av erobringane til Harald Hårfagre, og det er ingen grunn til å sjå heilt vekk frå denne forklaringa. Det var urolige tider, og ofte var den einaste utvegen å rømme til eit nytt land, dersom ein skulle berga livet.<sup>90</sup>

Landnåmet på Vesterhavsoyene og øyane i vest kunne ifølgje Sigurðsson ikkje ha vore tufta på trua om å få eit større overskot i jordbruket enn det ein hadde hatt i Noreg. Ein meir naturleg årsak kan ha vore at nordmennene søkte dit for å leva i eit meir fredeleg samfunn. Dette skil seg og frå tidlegare oppfatningar om at det framfor alt var lokale høvdingar som hadde flykta, og at Harald ikkje var ei plage for alle med ei eller anna form for makt.

Sjølvve karakteristikkene av vikingane har om lag same utgangspunktet i tidlegare norsk historieskriving – vikingane var ikkje meir brutale enn deira samtidige europearar. For Sigurðsson har den typiske viking rolla som plyndrar, landnåmsmann og handel- og handverksmann. Karakteristisk for framstillinga av desse rollene var fokuset på høvdingrolla, noko som kjem til syne med skildringa av plyndringsferdene. Desse vikingferdene vart truleg organiserte av høvdingane, sidan sistnemnte mest sannsynleg var eigarar av store vikingskip og hadde erfaring med krigføring.<sup>91</sup> Det er også påfallande at sjølv om Sigurðsson poengterer at dei engelske kjeldene har vore overdrivne i auken av vikingåtaka og omfanget av dei utover på 800-talet, kan dette forklarast ved at det i større grad var kongane som byrja å organisera vikingferdene utover i vikingtida. Berre dei alle mektigaste kunne samla saman så store flåtar og samstundes styra dei.<sup>92</sup>

### **2.1.5 Kort oppsummering**

Vikingtida i norsk historieskriving har gjennom ein periode på over hundre år vore gjennom ei mangfaldig skildring, der me ser klare konsekvensar av korleis dei generelle tendensane i historieskrivinga har påverka vikingtidsbiletet. Mot slutten av 1800-talet og vidare utover i eit nytt hundreår var det i stor grad historieskrivinga til Sars, Storm og Bugge som la grunnlaget for vikingtidsoppfatninga. Med eit evolusjonistisk historiesyn vart vikingane og vikingtida ein viktig grunnpilar i det norske samfunnet, og vart den tidsperioden som kunne stå som eit

---

<sup>90</sup> Ibid. s. 60.

<sup>91</sup> Ibid. s. 43-44.

<sup>92</sup> Ibid. s. 46.

historisk ideal for det moderne norske mennesket.<sup>93</sup> Denne utviklinga hang også tett saman med dei samfunnspolitiske tilhøva i perioden, der tida kring unionsoppløysinga la grunnlag for eit delvis nasjonalpatriotisk vikingtidsbilete.

Dette synet på vikingane kom til å prega den norske historieoppfatninga godt ut i mellomkrigstida. I denne perioden vart vikingtidsbiletet likevel utfordra av dei marxistiske tendensane i den generelle historieskrivinga, der særleg bidraga til Holmsen fekk mykje å seia for vikingtidsoppfatninga. Den materialistiske historieoppfatninga førte til eit auka fokus på agrarhistorie og busetnadsmønster, der vikingferdene vart forklart utifrå eit indre- og ytre landnåm. Overbefolkninga vart såleis hovudårsaka til vikingferdene, eit resultat av at det i arbeidet til Holmsen vart demografisk vekst som var nøkkelen til det sosiale, økonomiske og politiske historiesynet.<sup>94</sup> I denne perioden vart også den arkeologiske tilnærminga til vikingtida meir sentral, og etter kvart vart det arkeologane som skulle stå for hovuddelen av historieskrivinga om vikingtida.

Etter andre verdskrigen var det særleg to forskningstradisjonar som prega historieskrivinga om vikingtida. Den kritisk empiriske historieskrivinga hadde eit meir objektivt perspektiv på vikingtida, der det var eit føremål å ta i bruk forskning på fleire felt for å koma fram til eit heilskapleg vikingtidsbilete. Krag er ein av dei sentrale vikingtidsforskarar innanfor denne tradisjonen, med eit auka fokus på fleirfaldig bruk av kjelder og med eit dertil minkande nasjonalt preg over framstillinga. Han vidareførte såleis Holmsens landnåmsteori, men peika også på kor viktige vikingskipa var. Krag normaliserte også vikingferdene som normal framferd i mellomalder. Samstundes med denne forskinga vaks det også fram eit meir antropologisk vikingtidsbilete. Her vart samtida nøkkelen til forklaringa og med ei vektlegging av sosiale miljø. Den norsk-islandske historikaren Sigurðsson fungerte som eit godt døme på denne forskningstradisjonen. Vikingtida vart såleis prega av samfunnsstrukturar, t.d. ved at vikingferdene kunne ha vore eit resultat av ein makt- og gåvekultur. Høvdingane si rolle i vikingtida vart difor eit viktig utgangspunkt for vikingtidsforteljinga i denne historieskrivinga.

---

<sup>93</sup> Haavardsholm, 2004: s. 198.

<sup>94</sup> Bagge, 1995: s. 118.

## 2.2 Vikingtida i engelsk historieskriving

### 2.2.1 Profesjonalisering av historieskrivinga

Engelsk historieskriving var i store delar av 1800-talet prega av ønsket om å attskapa den engelske fortida, og dermed sjå historia i ljøs av fortida si tidsånd for å forstå samtida.<sup>95</sup>

Denne historieskrivinga, seinare kjend som Whig-tradisjonen, skildra Bentley (2005) slik:

always looking over its shoulder from a particular present that sought to defend and evangelize. Constantly digging in the past for roots and seeds that would one day flower in national life (...).<sup>96</sup>

I ei slik historieskriving skreiv historikarane om det ærefulle og det ein var stolte av, utifrå eit engelsk perspektiv. Det kan på mange måtar kallast ei form for metodologisk nasjonalisme, der historikarane skreiv om vikingane utifrå engelsk historie og forskinga på sjølve vikingtida vart ikkje prioritert. Mot slutten av 1800-talet tok det likevel til ei ny utvikling i historieskrivinga. Framveksten av fleire universitet i England gjorde at mange historikarar vart prega av institusjonaliseringa av historiefaget. Historikaren skulle no gjennom kjeldestudie og handtering av hjelpevitenskapar framstilla historia på ein objektiv og sakleg måte.<sup>97</sup>

Ein av dei engelske historikarane som skreiv i denne perioden var John Richard Green (1837-1883). Green skreiv fleire større verk om historia til England, og har mellom anna av Bentley (2005) vorte rekna som ein av dei siste av Whig-historikarane, dersom ein reknar med at tradisjonen strekte seg fram til første verdskrigen. Forma for metodisk nasjonalisme i historieskrivinga vart synt ved fleire høve i litteraturen til Green, og kom eksplisitt til syne i *A Short History of the English People* (1878). For det første synte han til at vikingane var: «in fact Englishmen bringing back to England that had forgotten its origins the barbaric England of its pirate forefathers.»<sup>98</sup> For det andre peika han på at då stormen av vikingåtaka var over, var England framleis England, og vikingane sokk stille inn i massen av folk rundt dei.<sup>99</sup> For det tredje gjorde heller ikkje Green noko forsøk på å skilja vikingane frå kvarandre i høve til kvar dei kom ifrå, og han konkluderte med at alle «Northmen» vart kalla «Danes».<sup>100</sup> Dei tre nemnde momenta syner korleis vikingane vart skildra utifrå eit engelsk-historisk perspektiv i historieskrivinga til Green.

---

<sup>95</sup> Melve, 2010: s. 132.

<sup>96</sup> Bentley, 2005: s. 5.

<sup>97</sup> Melve, 2010: s. 136.

<sup>98</sup> Green, 1878: s. 43.

<sup>99</sup> Ibid. s. 43.

<sup>100</sup> Ibid. s. 42.



Den vidare skildringa av vikingane hadde nokså barbariske tendensar. Dei kom i store tal i store svarte båtar og drap der dei kom. Kvinner selde som slavar, born spidda på pålar og prestar drepne på alteret, var nokre av Green sine skildringar frå vikingåtaka.<sup>101</sup> Årsakene til vikingferdene vart mellom anna forklart med klimateorien til Montesquieu. Her var det dei harde naturvilkåra vikingane levde i som gav dei deira energiske og omsynslause mot til å gjennomføra vikingåtaka på kysten av England. Eit anna kjenneteikn med historieskrivinga i denne perioden var at ein la vekt på det konstitusjonelle og på politisk utvikling. Dette ser ein også igjen med Green. Han framhevar dei politiske tilhøva i Norden og at dei som reiste på vikingferdene var modige menn som ikkje ville verta underlagt samlingskongane i Skandinavia.<sup>102</sup> Årsaksforklaringane synte såleis at det var dei særskilde tilhøva i Norden som fekk vikingane til å reisa ut.

Histeskrivinga til Green om vikingane gjev ikkje særleg tvil om at kjeldematerialet var dei engelske krønikene. Krønikene var skrivne av offera for vikingåtaka, og då Green nytta desse då han skreiv, vart skildringa av vikingane deretter. Profesjonaliseringa av historieskrivinga skulle likevel opna for ei meir positiv skildring av vikingane utover 1900-talet. Ein av dei som representerte denne utviklinga William Gershom Collingwood (1854-1932). Sjølv om han også var kjent som kunstnar, kom utgivinga *Scandinavian Britain* i 1908 til å syna ein ny innfallsvinkel til vikingtida i engelsk historieskriving. Det var først og fremst kjeldekritikken som vart hovudfokus. Collingwood argumenterte for at det var umogleg å identifisera kva nasjon vikingane høyrde til i dei første kjende vikingåtaka, då det var store variasjonar i dei skriftlege kjeldene. Dette var berre ein av dei feiltolkingane Collingwood meinte at bruken av dei skriftlege kjeldene hadde ført til i den tidlegare forskinga om vikingtida.<sup>103</sup> Eit anna hovudmoment var normaliseringa av vikingferdene, ein debatt som skulle verta svært aktuell eit halvt hundreår seinare. Collingwood var på mange måtar forut for si tid då han peika på at vikingferdene ikkje var uvanleg framferd i mellomalderen.<sup>104</sup>

Collingwood var også kritisk til dei tidlegare årsaksforklaringane av vikingferdene i engelsk litteratur. Han peika på at det hadde vore samlingsforsøk i dei nordiske landa tidlegare og at den politiske forklaring difor ikkje heldt mål.<sup>105</sup> Han meinte ein ikkje behøvde å sjå lenger enn at det var gode tilhøve for plyndring. Dette grunn gav han med at den nordiske verda kom

---

<sup>101</sup> Ibid. s. 42.

<sup>102</sup> Ibid. s. 42.

<sup>103</sup> Collingwood og Powell, 1908: s. 45.

<sup>104</sup> Ibid. s. 64.

<sup>105</sup> Ibid. s. 57.

i andre halvdel av 700-talet, av ulike årsaker, i kontakt med den vestlege verda. Det opna seg dermed ein ny marknad med lett tilgjengelege, forsvarslause og rike kloster langs kysten for vikingane.<sup>106</sup> Den kritiske innstillinga til dei skriftelge kjeldene var ein av årsakene til at skildringa av vikingane og vikingåtaka hadde teke ei ny vending med Collingwood. Med eit utvida kjeldeutval der arkeologiske, filologiske og kulturelle kjelder vart like viktige, vart resultatet vart tverrfagleg og profesjonell innfallsvinkel på det han skreiv om.<sup>107</sup> Utover på 1900-talet skulle denne tverrfaglege innfallsvinkelen til vikingtida halde fram og nye retningar skulle koma til å påverka historieskrivinga.

### 2.2.2 Nye tendensar, men få endringar i vikingtidsbileta

Sjølv med profesjonaliseringa av historieskrivinga, var det i første halvdel av 1900-talet få store endringar i engelsk historieskriving, og engelske historikarar: «experienced few stimuli to change their ways of studying and writing history.»<sup>108</sup> Det er dermed ikkje sagt at historieskrivinga ikkje forandra seg i det heile, for den profesjonelle utviklinga av historiefaget som hadde fått fotfeste i det engelske historiemiøjet mot slutten av 1800-talet, heldt fram utover på 1900-talet. Til liks med utviklinga i historieskrivinga i Noreg, gav første verdskrig og krisa i mellomkrigstida grobottn for nye retningar, og den materialistiske historieoppfatninga kom også til å setja sitt preg på britisk historieskriving. Utviklinga hadde samband med at historiefaget fekk impulsar frå mange andre disiplinær. Denne nye tilnærminga til historieskrivinga hadde sitt utspring frå Annales-skulen i Frankrike, med vekt på det tverrfaglege og som gjekk langt utover dei snevre statshistoriske rammene.<sup>109</sup> Påverknaden frå denne skulen fekk likevel ikkje stor innverknad på historieskrivinga i England i første omgang.

Dei få endringane i historieskrivinga gjev grunnlag for ein diskusjon om Green eigentleg var den siste engelske historikar som skreiv i Whig-tradisjonen. Det har vorte hevda at George Macaulay Trevelyan (1876-1962) kom til å forlenga denne tradisjonen, og i boka *History of England* (1926) finn ein fleire likskapstrekk med historieskrivinga til Green. Trevelyan framheva at perioden frå år 300 til 1200 var den viktigaste perioden i engelsk historie.<sup>110</sup> England var ikkje eit samla land før vikingane invaderte øya, men klarte under invasjonen å leggja innbyrdes stridar til side og kjempa samla mot vikingane. Igjen ser ein at vikingferdene

---

<sup>106</sup> Ibid. s. 58.

<sup>107</sup> Townend, 2009: s. 157.

<sup>108</sup> Breisach, 2007: s. 342.

<sup>109</sup> Melve, 2010: s. 193.

<sup>110</sup> Trevelyan, 1929: s. 28.

vart skildra frå eit engelsk-historisk perspektiv. Vidare skildra Trevelyan vikingane som eit folk nært knytt til det våte element, og at deira naturomgjevnadar med fjordar og sjøar gjorde dei til dugande sjøfolk.<sup>111</sup> Dette minnar mykje om Greens bruk av Montesquieus klimateori. Årsakene til vikingferdene vart difor hungersnaud forårsaka av dette ugjestmilde klimaet, og at eit overtal av landlause unge overklassemenn reiste ut. Trevelyan argumenterte også for at vikingferdene var eit resultat av ønsket om å setja eit godt føredøme. Då dei første vikingane kom heim frå sine vikingferder med byttet sitt, var det naturleg at andre ville fylgje etter.<sup>112</sup> Såleis ser me at historieskrivinga til Trevelyan kan ha forlenga vikingtidsbiletet med utgangspunkt i Whig-tradisjonen i historieskrivinga.

Samstundes peika historieskrivinga til Trevelyan framover mot nye retningar i historiefaget. I framstillinga frå 1929 kom det fram at sjøfartsdugleikane til vikingane var eit av det viktigaste ettermæla av vikinginvasjonen på England og det engelske folket. Hadde det ikkje vore for invasjonen, hadde ikkje landet vorte den store sjøfartsnasjonen den seinare vart:

They brought back to the islands those seafaring habits which the Saxons had lost in their sojourn on up-country farms, and it was due to them that a vigorous town life revived in England for the first time since the departure of the romans. Had it not been for the Scandinavian blood infused less would have been heard in days to come of British maritime and commercial enterprise.<sup>113</sup>

Dette kan minne mykje om det evolusjonistiske historiesynet som hadde prega den norske historieskrivinga ved byrjinga av hundreåret. Denne tankegangen i engelsk historieskriving førte difor til at vikingane sine dugleikar som dyktige sjømenn vart rekna som eit ledd i utviklinga av det britiske imperiet.

Til liks med Trevelyan tileigna arkeologen og kunsthistorikaren Thomas Downing Kendrick (1895-1979) vikingane særskilde gode eigenskapar innanfor sjøfartsverksemd i *A History of the Vikings* (1930). Vikingane fekk mellom anna mykje av æra for at det etter kvart vart ein stabil og sirkulerande sjøfartshandel i dei nordlege havområda.<sup>114</sup> Her hadde Kendrick eit klårare økonomisk perspektiv enn synet til Trevelyan. Førstnemnte problematiserte òg den nasjonale tilhøyringa til vikingane. Vikingferdene var ikkje eit uttrykk for nasjonal utanrikspolitikk styrt av kongane i dei skandinaviske heimlanda, difor vart det til at mange som deltok på ferdene mista deira nasjonale identitet.<sup>115</sup> Årsaksforklaringane til Kendrick syner andre impulsar i

---

<sup>111</sup> Ibid. s. 72.

<sup>112</sup> Ibid. s. 73.

<sup>113</sup> Ibid. s. 69.

<sup>114</sup> Kendrick, 1930: s. 16.

<sup>115</sup> Ibid. s. 9.

historieskrivinga. Det var framleis element av ei politisk forklaring då han peika på at dei politiske tilhøva i Skandinavia tvinga motstandarar til samlingskongane å reisa ut. Men i motsetnad til tidlegare oppfatningar og Trevelyan sitt fokus på overklassemenn, hadde Kendrick eit marxistisk syn der fokuset var flytta frå eliten og ned til bøndene. Han peika såleis på at det i bondeklassen oppstod eit overtal av unge bondesøner, som pga. odelsretten på gardane og mangelen på dyrkbare jordflekkar vart jordlause, og difor ikkje hadde noko anna val enn å søkja lukka andre stadar.<sup>116</sup>

Eksemplifisert med Trevelyan og Kendrick ser ein at historieskrivinga på byrjinga av 1900-talet og fram mot andre verdskrig fekk impulsar frå mange retningar. Noko klart skilje kan ein likevel ikkje setja, for impulsane var mange og whig-tradisjonen hang framleis igjen i historieskrivinga. Eit anna moment med vikingdebatten som òg hang igjen var normaliseringa av vikingferdene som Collingwood hadde stått i spissen for tidlegare i hundreåret. Kendrick vidareførte denne normaliseringa, men peika også på utfordringa med å forsvare vikingane mot deira rykte: «yet it is an idle and dishonest task to attempt to defend them against the charge of plundering and massacre.»<sup>117</sup> Dette synspunktet skulle verta eit av hovudtema i den engelske historieskrivinga om vikingtida utover andre halvdel av 1900-talet.

### **2.2.3 Historieskrivinga etter andre verdskrig**

Utviklinga i historieskrivinga etter 1945 forsterka den utviklinga ein hadde hatt i mellomkrigstida med påverknad frå nye retningar. Ei anna utvikling var at under, og i etterkant av krigen, vart svært mange engelske historikarar trekt inn i arbeid for staten. Dei første åra etter krigen handla difor mykje av historieskrivinga om politisk historie, der særleg krigen og nazisme vart viktige emne.<sup>118</sup> Endringar i den engelske utdanningspolitikken gjorde også at ein større del av studentar og lærarar kom frå arbeidarklassen, noko som vidareførte trenden frå før krigen med eit større fokus på sosial- og økonomisk historie.<sup>119</sup> Eit skilje i denne utviklinga kom i 1960-åra med eit nytt syn på nasjonal identitet. Det vart eit behov for eit meir pluralistisk og inkluderande nasjonsomgrep. Frå den marxistiske og økonomiske historieskrivinga vaks det fram ein ny retning, historie nedanfrå og opp.<sup>120</sup> Nye førestillingar

---

<sup>116</sup> Ibid. s. 21.

<sup>117</sup> Ibid. s. 12.

<sup>118</sup> Bentley, 2011: s. 291.

<sup>119</sup> Ibid. s. 292.

<sup>120</sup> Ruhaven, 2002a: s. 24-25.

om den engelske nasjonen og nasjonal identitet vart sett i ljøs av ei ny fortid, og det vaks fram konkurrerande og motstridande historiar og ein stor variasjon av historiske emneområde.<sup>121</sup>

Eit av desse emneområda vart naturleg nok vikingtida. Eit viktig bidrag i denne perioden var utgjevinga av *The Age of the Vikings* i 1962 av den engelske historikaren Peter Sawyer (1928-). Denne publikasjonen la grunnlaget for den debatten om vikingtida som utvikla seg i andre halvdel av 1900-talet, og som sette vikingtida på dagsordenen for forskarane. I denne boka peika Sawyer på at det hadde vore gjort mange forsøk på å forklara vikingtida, og at det hadde vore ein tendens innanfor forskinga at desse forklaringane ikkje var dekkande for perioden. Han synta mellom anna til Kendrick og korleis sistnemnte meinte at vikingferdene var uforklarlege hendingar.<sup>122</sup> Den alternative forklaringa til Sawyer vart difor å tona ned den overdrivne oppfatninga av omfanget av vikingane i England.

Denne normaliseringa av synet på vikingane og deira vikingverksemdar var hovudsakleg eit resultat av at Sawyer si historieskriving av den kritisk empiriske forskningstradisjonen i England. Sawyer si vikingtidshistorie hadde såleis eit skandinavisk perspektiv og der det vart sett søkeljos på engelske kjeldene frå vikingtida. Dette medførte mellom anna eit oppgjær med det som vart av Sawyer oppfatta som feiltolkingar av kjeldene. Han gjekk til kraftig åtak mot tidlegare påstandar om at vikingåtaka besto av tusenvis av menn, og at dei skandinaviske busetjingane utgjorde ein stor del av befolkninga i England. Denne feiltolkinga skreiv seg frå bruken av dei skriftlege kjeldene, som ikkje gav eit korrekt bilete av omfanget av vikingåtaka i England. Alternativet, og dermed løysinga for å få eit klårare bilete av vikingtidsbiletet i England, låg ifylgje Sawyer i kjeldekritikken.

Sawyer syner tilnærminga til den kritisk empiriske forskningstradisjonen ved at han meinte at løysinga på vikingtidens hovudproblem var at ein måtte ta fleire ulike typar kjelder i bruk.<sup>123</sup> Vidare peika han på at kjeldematerial som kunne nyttast for å gje eit meir heilskapleg bilete av vikingane var særleg arkeologiske og lingvistiske. Med ein spesialisert studie av desse kjeldene kunne ein kanskje forstå heile den skandinaviske kulturen og dermed få ei betre forståing av vikingferdene. Sawyer problematiserte dette med at utfordringa låg ved å kombinera ulike disiplinær innan tverrfagleg forskning:

Only if archaeologists, historians, numismatists, and philologists all make an effort to understand the nature of the evidence on which, however indirectly, their conclusions are based, will the danger of

---

<sup>121</sup> Ibid. s. 27-28.

<sup>122</sup> Sawyer, 1962: s. 193.

<sup>123</sup> Ibid. s. 1-11.

disastrously mistaken conclusions effectively be reduced and Viking studies put on a satisfactory basis.<sup>124</sup>

Vikingtida til Sawyer hadde såleis ei anna tilnærming enn det me har sett til no i den engelske historieskrivinga. Sett i høve til årsaksforklaringane var det i stor grad dei naturlege verknadane av dei første vikingåtaka som vart rekna som hovudårsaken. Sawyer peika på den fortenesta vikingane fekk med å gå til åtak på kyrkjer og kloster og utbyttet dei tok med seg derifrå. Etter kvart vart desse tilhøva kjende og då vart det naturleg at tala på åtak auka i tida som kom: «Once the possibility was known, the news must have spread fast and it is not suprising that the number of raids increased.»<sup>125</sup> Vikingåtaka var heller ikkje særskilde hendingar for si tid:

Neither Scandinavians nor the people of Western Europe were strangers to war and bloodshed. (...) For the Scandinavians the Viking raids in the West were simply an extension made possible and profitable by special circumstances.<sup>126</sup>

Normaliseringa av vikingferdene var også knytt tett saman med kjeldekritikken til Sawyer, og korleis kjeldene som skildra vikingåtaka var skrivne av offera under åtaka. Desse inneheldt difor kraftige overdrivingar av både brutaliteten til vikingane, og omfanget av vikingkrigarar og vikingskip. Sawyer var av den oppfatning av at desse overdrivne skildringane hadde fått rotfeste i historieskrivinga om vikingtida, og difor ført til at dei: «unfortunately affected the interpretation of other evidence, both linguistic and archaeological»<sup>127</sup>

Den overordna budskapet til Sawyer var såleis at vikingferdene ikkje var uvanleg verksemder i mellomalderen, men hendingar som var resultat av ulike tilhøve. Dette vart også trekt fram i høve til vikingbusetnadane som oppstod i England. Her vart det t.d. peika på folkeauken i Norden og at utviklinga av betre skip gjorde sjøoverfarten tryggare, men også at ein tilbakegang i den frisiske sjømakta kunne ha ført til at plyndringsferder og busetnad på kysten vart enklare å gjennomføra.<sup>128</sup> Dette var berre eit anna døme på Sawyers tilnærming til vikingtida. Han har også vorte kritisert av fleire for å underbyggja viktigheita av arkeologiske kjelder. Til dømes har den norske arkeologen Charlotte Blindheim peika på ein: «overflødig og også noe overfladisk arroganse, såvel overfor arkeologer som overfor arkeologien.»<sup>129</sup>

---

<sup>124</sup> Ibid. s. 8.

<sup>125</sup> Ibid. s. 196-197.

<sup>126</sup> Ibid. s. 194-196.

<sup>127</sup> Ibid. s. 117-118.

<sup>128</sup> Ibid. s. 200-201.

<sup>129</sup> Blindheim, 1963: s. 193-194.

Dermed ser me at vikingtidsbiletet til Sawyer ikkje vart godtekne av alle partar innanfor vikingtidsforskinga.

Det nye synet på vikingtida har heller ikkje hatt ei einerådande stilling i engelsk historieskriving om vikingtida etter andre verdskrigen. Til liks med historieskrivinga i Noreg har også antropologiske problemstillingar prega vikingtidshistoria på engelsk side, men der det samstundes verkar som om dei ikkje har stått i opposisjon til kvarandre. Arkeologen Julian D. Richards står som eit godt døme på korleis denne forskingstradisjonen går saman med tendensane innanfor den kritiske empirismen. I utgivinga *Viking Age England* frå 2004 har Richards eit overordna arkeologisk utgangspunkt og med eit mangfaldig kjeldegrunnlag for vikingtidsforteljinga. Dermed vert vikingskipa, vikinghærane, busetjingar og festningar sentrale tema i skildringa av omfanget av vikingferdene til England. Forskinga på vikingtida har såleis fått eit breiare nedslagsfelt i forskarmiljøa, og der både arkeologar og standnamnforskarar sitt arbeid har stått sentralt. Slik har ein fått eit breiare perspektiv på vikingtida, der fleire sider har vorte problematisert samstundes. Denne utviklinga har ført til at fokuset har vorte flytta frå dei uløselege problema til Sawyer om omfanget av vikingferdene, til eit større fokus på identitet, der stadnamn og arkeologiske prov har fått ein viktigare ståstad.<sup>130</sup>

Årsaksforklaringa til Richards syner også korleis dei to forskingstradisjonane som har prega etterkrigstida kan gå hand i hand. Vikingskipa med tilhøyrande materiell og teknologisk utvikling, vart rekna som ein naudsynt føresetnad for vikingferdene. Likevel vart ikkje skipa rekna som ein direkte årsak, men heller som ein føresetnad som gjorde det mogleg for vikingane å reisa ut. Vidare vart det difor peika på ei overbefolkning og dei politiske tilhøva i Norden. Med sistnemnte årsak peika Richards på makt- og gåvekulturen som oppstod i Norden med samlingskongane. Dei tidlegaste åtaka på den engelske kysten var difor kanskje eit resultat av denne kulturen i vikingsamfunnet, medan seinare åtak var meir retta mot oppkjøp eller krav på land der ein kunne busetja seg.<sup>131</sup> Med dette fleirsidige perspektivet ser ein korleis historieskrivinga skal kontekstualisera alle sidene ved eit fenomen, slik at ein får fram heile meiningsspekteret, og slik det vart røynt av dei involverte partane.<sup>132</sup>

Ei anna utvikling innan historieskrivinga i nyare tid er at ein skal femna om eit breiare publikum, noko som hovudsakleg har vorte ein konsekvens av massemedia sitt inntog i

---

<sup>130</sup> Richards, 2004: s. 14.

<sup>131</sup> Ibid. s. 24.

<sup>132</sup> Melve, 2010: s. 213.

samfunnet. Framstillinga av historia i desse kanalane vert ofte eit tradisjonelt prosjekt som tek brukaren gjennom historia med kongar og dronningar eller narrative framstillingar av kjende historiske tema, t.d. Nazi-Tyskland.<sup>133</sup> I samband med eit større fokus på identitet har såleis debatten om brutaliteten til vikingane fått mykje merksemd i engelsk historieskriving. I *A History of Britain 300 BC-AD1603* (2000) av den engelske populærhistorikaren Simon Schama (1945 -), poengterer forfattaren mykje av denne utviklinga blant vikingtidhistorikarar og deira motiv for å tona ned den valdelege sida av vikingane. Schama er kritisk til å framstille vikingferdene som normale aktivitetar i tidleg mellomalder og som døme gjev han det brutale drapet på Reeve Beaduheard i Dorchester i detalj: «and was thanked for his helpfulness with an axe in his face.»<sup>134</sup> Ei slik detaljert skildring kan assosierast med Greens brutale skildringar for meir enn 100 år tilbake, men er nok heller eit resultat av den målsetjinga ein har med å skapa ei meir publikumsvenleg forteljing. Richards peikar også på dette: «the popular vision remains loosely the same as it was in the late nineteenth century. In the popular press Vikings remain a stereotype for rape and pillage»<sup>135</sup>

Denne effekten populærkulturen har på framstillinga av vikingtida finst det fleire døme på. I BBC sin dokumentar *Blood of the Vikings* (2002) gjev berre namnet ein indikasjon på kva bilete av vikingane ein ynskjer å formidla. Men namnet kan òg vere ein indikasjon på den seinaste teknologiske utviklinga i vikingforskinga, nemleg gen-forskning. Menneska i dag er stadig meir interesserte i å undersøkje og finna sin eigen identitet, og såleis endå meir interessert i kven deira forfedre er. Med andre ord har det kome eit nytt forskingsfelt i vikingforskinga som har skapt eit miljø for å finna spor av vikingar i eige blod.<sup>136</sup> Felles for denne utviklinga, og som syner den nyaste historieskrivinga, er individperspektivet. På mange måtar kan ein sei at «People are back on the historian's agenda».<sup>137</sup> Spørsmålet om eins eigen og ein heil nasjons identitet er eit spørsmål som alltid er, og har vore, aktuelt for eit land og folka i landet. Såleis er vikingane og vikingtida sin del i den engelske historia, eit historisk innslag det ikkje er mogleg å koma utanom.

---

<sup>133</sup> Bentley, 2011: s. 308.

<sup>134</sup> Schama, 2000: s. 56.

<sup>135</sup> Richards, 2004: s. 14.

<sup>136</sup> Richards, 2005: s. 131.

<sup>137</sup> Davies, R.R, (1994). Sitert av Janet Nelson i England and the Continent in the ninth Century: II, The Vikings and Others, *Transactions of the Royal Historical Society*, 13 (1995), 1-28, s. 5.



## 2.2.4 Oppsummering og samanlikning

I den engelske historieskrivinga har me sett at den politiske og konstitusjonelle historikargenerasjonen i Whig-tradisjonen hadde mykje å seia for årsaksforklaringane på byrjinga av 1900-talet. Dei politiske tilhøva i Skandinavia gjekk såleis igjen i fleire av forklaringane. Framstillingane av framferda til vikingane hadde ofte barbariske undertonar i denne perioden, men der det samstundes vart peika på at vikingane kom tilbake til England med mange av dei eigenskapane og dugleikane det britiske samfunnet bygde sitt verdigrunnlag på i deira imperialistiske stordomstid. Desse verdiane og ideala såg ein tydeleg igjen med Trevelyan og Kendricks skildringar av eigenskapane til vikingane som sjøfolk. Dei to sistnemnte engelske historikarane syntte også korleis nye retningar som t.d. marxistiske, økonomiske og evolusjonistiske impulsar kom til å prega vikingtidsbiletet i engelsk historieskriving. Fokuset vart flytta frå eliten og ned til bøndene, og det vart eit sterkare fokus på materielle føresetnadar. Kendrick heldt også fram med den normaliseringa av vikingferdene Collingwood hadde presentert i byrjinga av 1900-talet, og som skulle koma til å prega vikingdebatten vidare i hundreåret. Vikingferdene vart då forklart som eit vanleg mellomalderfenomen, med folkevandring og valdeleg framferd som to av hovudpunkta.

Vikingtidsforskaren som stod i spissen for denne debatten i byrjinga av andre halvdel av 1900-talet var Peter Sawyer. Historieskrivinga til sistnemnte tok i stor grad for seg omfanget av vikingferdene og andre vikingverksemdar i England. Med Sawyer i spissen verka det som at historikarar prøvde å tona ned det dei meinte var ein overdriven oppfatning av vikingaktivitet i England. På den andre sida kan det verka som at arkeologar og stadnamnforskarar argumenterte for det motsette. Slik ser ein kanskje at Sawyer sin påstand om for dårleg kommunikasjon mellom forskarane er reell for den engelske historieskrivinga.

Samanlikna med tendensane i norsk historieskriving er det sjølvsagt både likskapar, men også store ulikskapar i korleis vikingtida har vorte framstilt. I tida før andre verdskrigen ser me at dei samfunnspolitiske tilhøva i begge landa har påverka delar av framstillingane. Her er det klare parallellar mellom historieskrivinga til Green, Sars og Bugge. Vikingtida vart av desse historikarane eit verkemiddel i eit tilnærma nasjonalt prosjekt, der vikingtidsbiletet skulle spegla att dei samfunnspolitiske tilhøva i landa. Det evolusjonistiske historiesynet stod også sterkt i denne perioden. På norsk side vart difor vikingane eit føregangsdøme for det moderne norske folket, medan det på engelsk sida var særleg knytt til sjøfartstradisjonane til landet. Sjølv med desse likskapane, må det likevel nemnast at den engelske historieskrivinga jamt over har lagt meir vekt på den brutale karakteren til vikingane i den norske litteraturen. Her

var det særleg Greens skildringar som synte denne tendensen. Utover i det nye hundreåret skulle det likevel verta meir fokus på å syna andre sider ved vikingane, men som Kendrick peika på, var det ikkje ei ideell oppgåva å forsvara vikingane mot deira rykte.

Samstundes i perioden før 1945 vart det også eit meir fokus på ei kjeldekritisk tilnærming til historieskrivinga, der både Collingwood og Storm representerte eit meir normalisert syn på vikingtida. Begge desse vikingtidforskarane meinte mellom anna at hovudårsaka til vikingferdene kunne ha vore eit ynskje om plyndringsutbytte, og at vikingane ikkje var meir brutale enn sine samtidige. Utover andre halvdel av 1900-talet var det akkurat denne kjeldekritiske tilnærminga til vikingtida som vart hovudfokus i historieskrivinga. Denne utviklinga førte til to sentrale verknadar innanfor vikingtidforskninga i dei to landa. I Noreg vart det i stor grad eit overordna fokus på å sjå vekk ifrå tidlegare idylliserande perspektiv på vikingtida. Krag har i seinare tid stått som eit godt døme på oppfatninga av vikingtida innanfor den kritisk empiriske forskingstradisjonen, der eit overordna fokus på kjeldetilhøva kring vikingtida vart eit sentralt utgangspunkt. Dette var som allereie nemnt også det sentrale element i historieskrivinga til Sawyer. Dermed vart vikingtida til desse to vikingtidforskarane ei vidareføring av tendensane tidlegare i hundreåret, og med ei dertil auka normalisering av vikingtida. I nyare tid ser me likevel at denne vinklinga på vikingtida har vorte problematisert på nytt. Fleire av dagens forskarar meiner at det valdelege vikingtidsbiletet har vorte for lite vektlagt, og at vikingane og vikingferdene utan tvil var svært brutale og valdelege.

Samla sett ser me at vikingtida har vore gjenstand for ymse tolkingar, og at generelle tendensar innanfor historieskrivinga, har gitt ulike utslag i korleis vikingtida har vorte framstilt i høvesvis norsk og engelsk historieskriving. Historieskrivinga har også synt oss at det framleis ikkje er ei forteljing om vikingtida som har råderett. Dette legg såleis eit interessant utgangspunkt for korleis vikingtida har vorte framstilt i lærebøkene.

## Kapittel 3: Framstillinga av vikingtida i perioden 1890-1945

### 3.0 Periodisering av lærebøkene

Perioden 1890-1945 står som ein kontrastfylt periode både samfunns- og skulepolitisk i Noreg og i England. På 1800-talet gjekk Noreg gjennom ei nasjonal samlingstid med unionsoppløysinga i 1905 som eit naturleg høgdepunkt, medan England hadde vore definert som nasjonalstat i lang tid og stod på høgda av imperietida. Det britiske imperiet dekkja framleis ein så stor del av verda at ordtaket «the sun never sets on the british empire» framleis var dekkande for deira herredøme. Utover 1900-talet skulle to blodige verdskrigar og ei uroleg mellomkrigstid koma til å setja sitt preg på det norske og engelske samfunnet, og dermed også på historieskrivinga. Kontrastane i denne perioden gjer det difor naudsynt å analysere lærebøkene utifrå to delperiodar. Grunnlaget for denne periodiseringa er hovudsakleg tufta på den samfunnspolitiske utviklinga i Noreg, og kva unionsoppløysinga hadde å seia for framstillinga av vikingtida. I første del ser eg difor på framstillinga frå slutten av 1800-talet og fram til og med 1905. Tida før første verdskrigen har vorte rekna som ein stabil periode, der trua på utvikling og kulturoptimisme på mange måtar står i skarp kontrast til det kaos krigen skapte.<sup>138</sup> I andre del ser eg difor på lærebøker som vart skrivne mellom 1905 og 1945, for å sjå nærare på kva konsekvensar dette kaoset fekk for framstillingane.

Før me går vidare og ser på kva som har lagt grunnlag for vikingtidsframstillingane i lærebøkene, er det naudsynt med ein avklaring kring den strukturelle oppbyggnaden av analysen.<sup>139</sup> Framgangsmåten vil vera todelt, ved at eg i første del av analysen går nærare inn på det eg har kalla stoffutvalet i lærebøkene. Her vil eg gjera greia for det generelle vikingtidsbiletet som oppstår i kvar framstilling, med tanke på kva hendingar og tilhøve lærebøkene legg vekt på i vikingtidsforteljninga. For oversikten sin del handsamar eg her difor norske lærebøker først, før eg ser nærare på dei engelske. Etter å ha presentert stoffutvalet i lærebøkene vil eg vidare i andre del av analysen gå nærare inn på årsaker til utforminga av dette stoffutvalet. Her vil det verta meir tilfeldig kva lærebøker som vil verta handsama, ettersom det strukturelle grunnlaget for analysen vert påverka av kva rammer og kontekst som har hatt innverknad på vikingtidsframstillingane. Målet er å syna korleis dei same kontekstuelle rammene kunne påverka fleire av lærebøkene både på norsk og engelsk side.

---

<sup>138</sup> Lorentzen, 2005: s. 41, Myhre, 1992: s. 67.

<sup>139</sup> Denne avklaringa gjeld for lærebøkene før og etter 1945, det betyr både for kapittel tre og fire i oppgåva.

### 3.1 Stoffutvalet i lærebøkene fram til 1905

For å sjå korleis vikingtida vart framstilt frå slutten av 1800-talet og fram til 1905 vil eg nytta meg av fylgjande norske lærebøker: Siegwart Petersen med *Norges Historie: Læse- og lærebog for almue- og borgerskoler* (1892), Jonas Vellesens *Norges historie for Folkeskolen* (1895) og Jens Raabe med *Lære- og læsebog i Norges og Nordens historie: For folkeskole og hjem* (1906).<sup>140</sup> Dei engelske lærebøkene i same periode vil vera Samuel R. Gardiner med *A students History of England: From the earliest times to 1885* (1897) og M.A. Howards *A Primer of General History. Part II. Medivæl History* (1905).

Dei norske og engelske lærebøkene fram mot 1905 syner i stor grad fleire av dei same hovudtendensane. Ein av desse er mellom anna at vikingferdene står som eit grunnelement i vikingtidsforteljingane, men ulike perspektiv og aktørar fører til ulike nyansar i framstillingane. Vikingferdene vert såleis både politiske krigstog som utfordra dei store europeiske kongedøma, men også norske erobringsføretak på dei mindre øyene i vest. Saman med dette hovudfokusset på vikingferdene, er det også samtidig ein aukande tendens til å sjå desse vikingferdene som noko meir enn militære krigstog for å vinna nye landområde. Vikingane vert såleis ikkje berre valdelege og brutale overfallsmenn, men også kulturelle og politiske føredøme.

#### 3.1.1 Vikingferdene som politiske krigstog

Dei to første norske lærebøkene i denne perioden har svært korte framstillingar i høve til sidetal. Både Petersen og Vellesens framstillingar var på litt over ei side og var korte skildringar av vikingferdene vestover mot dei britiske øyene og sørover mot Vest-Europa. Petersens lærebok vart gitt ut for første gong i 1858, og kom til å verta ei av dei mest brukte lærebøker i den norske skulen i andre halvdel av 1800-talet.<sup>141</sup> Stoffutvalet til Petersen synte nærast ei todelt vikingtidsforteljing. I første del var det verksemdene til nordmennene mot Vesterhavsoyene, Færøyene og Island som stod sentralt. Denne verksemda tok til mot slutten av det sjuande hundreåret, og etter kvart vart det: «almindeligt, at folk fra Norge drog paa krigstog over til disse øer og derfra videre mod syd, enten til Skotland og England eller til Irland, som da alle var kristne lande.»<sup>142</sup> Når Petersen nytta omgrepet «krigstog» betyr det

---

<sup>140</sup> Med denne periodiseringa reknar eg både Petersen og Raabes lærebøker som produkt innanfor tidsavgrensinga. Førsteutgåvene av desse lærebøkene vart gitt ut i høvesvis 1858 og 1903. I dei nye utgåvene av begge desse lærebøkene vert det peika på at det ikkje har vorte utført større endringar av læreboktekstane.

<sup>141</sup> Frigaard, 1995: s. 44.

<sup>142</sup> Petersen, 1892: s. 6.

også at han rekna vikingferdene som noko meir enn tilfeldige plyndringsoverfall på tilfeldige stadar i Europa, noko andre del av framstillinga bygde opp under.

Andre del av framstillinga tok for seg det Petersen rekna som forteljinga om vikingane. Her oppstod det eit skilje mellom «almindelige» nordmenn som reiste vestover på krigstog, og vikingane, som ifylgje Petersen var danskar med innslag av nordmenn frå austlandet. Desse to grupper kunne slå seg saman og reisa på røvarferder. Denne gruppa av vikingar, til liks med dei allmenne nordmenn, kunne også utføre erobningsåtak ved at dei ofte slo seg saman i større grupper for å vinna land i Frankrike eller England. Avslutningsvis vart det peika på at vikingane kunne gå over til fredeleg handel, og at dei etter vikingferdene enten reiste heim igjen med rikdomen dei hadde tileigna seg, eller gjekk inn i krigsteneste utanlands og gjekk over til kristendomen.<sup>143</sup>

I neste lærebok i denne perioden var skiljet mellom det vanlege norske folk og vikingar viska vekk. Vellesens lærebok vart gitt ut for første gong i 1895, og kom, til liks, med førre lærebok også i svært mange opplag og nye utgåver. Vikingferdene var framleis den sentrale faktoren i forteljinga om vikingtida, men i motsetnad til førre lærebok var vikingane til Vellesen i stor grad synonymt med nordmenn. Vellesen rekna desse vikingane som ei avstamming frå den germanske ætt, og vikingkarakteren har også fått ei sterkare tilknytning til ein krigarkultur.<sup>144</sup> Samstundes vart det også trekt fram korleis vikingferdene fekk følgjer for den politiske utviklinga heima i Noreg: «Naar sjøkongerne kom hjem igjen og bodde i Norge, blev de tit mere ansete end herserne. (...) Snart blev der flere smaakonger i Norge.»<sup>145</sup>

Vellesen skilde seg også frå Petersen ved at han samla kapittelet rundt overskrifta «Vikinger», framfor «Vikingtiden». Med Vellesens framstilling har me difor kome inn i ei forteljing der det var ein klårare tendens til å knyta vikingferdene nærare opp mot ein krigarkultur og dei politiske tilhøva, der vikingar stod som den sentrale aktøren. I den samanheng vart det også nytta meir plass til å skildra historia om Gange-Rolv, som: «var en stor viking, og herjed saa i Frankrige, at den franske kongen maate give ham et stykke af landet.»<sup>146</sup> Gange-Rolv vart også rekna som norsk, og sjølv om det vart nemnt at norske vikingar stundom kunne slå seg

---

<sup>143</sup> Ibid. s. 7.

<sup>144</sup> «De gamle nordmænd likte kamp og strid og slost tit med hverandre. Alle fri mænd blev oplærte til at bruge vaaben. De hug med økser og sverd, stak med store spyd og skjød med smaa kastespyd og buer. (...) De blev kaldte vikinger, og herjed baade paa sjø og land.» Vellesen, 1895: s. 7-8.

<sup>145</sup> Ibid. s. 9.

<sup>146</sup> Ibid. s. 8.

saman med danske og svenske vikingar, var det utan tvil dei norske vikingane og vikingverksemdene som var utgangspunktet i læreboka.

Læreboka til Raabe heldt i stor grad fram denne tendensen i stoffutvalet. Den vart gitt ut for første gong i 1903 og var i høve til sidetal av eit større format enn dei to førre lærebøkene. Framstillinga gjekk over seks sider, noko som i utgangspunktet la gode vilkår for ei djupare skildring av dei enkelte hendingane i vikingtida. Dette vart i grunnen oppfylt av læreboka. Sjølv om vikingferdene igjen stod som den sentrale grunnfaktoren, gjekk læreboka ned på detaljnivå i skildringa av nokre av vikingferdene, mellom anna vikingåttaket på Paris i 885.<sup>147</sup> Fleire av vikingferdene vart også knytt til kjende historiske namn, t.d. Svein Tjugeskjegg, Knut den Store og Gange-Rolv, og det vart peika på at vikingferdene utvikla seg frå: «smaa færder, sommer og høst udover, men senere blev de til store tog, som endte med at vikingene erobred store landstrækninger i fremmede lande, slog sig ned der og grundet riger.»<sup>148</sup>

Raabe skilde seg også frå dei føregåande lærebokforfattarane, ved å dela skipinga av vikingrika i ein svensk og dansk-norsk del. Her vart det peika på at svenske vikingar skipa det russiske riket, men at dei dansk-norske vikingtoga og erobringar likevel fekk større følgjer. Dermed var det vikingferdene vestover mot dei britiske øyer og sørover i Vest-Europa, som fekk hovudfokuset i teksten. Vikingferdene som det viktigaste kjenneteiknet for perioden kom også fram i avgrensinga av perioden: «I det 11te aarhundrede stansed vikingtogene, men da var der ogsaa grundet en mængde nordiske riger og jarledømmer rundt om i Europa.»<sup>149</sup>

Den største skilnaden mellom denne læreboka og dei føregåande, var at Raabe la større vekt på å syna at vikingane ikkje berre var brutale overfallsmenn. Her var det i stor grad verknadane av vikingferdene som vart trekt fram, og det vart mellom anna peika på at når vikingane gjekk over til å busetja seg fast, blanda dei seg med den opphavlege busetnaden og dermed: «blev folket kraftigere, og der hersked god orden i de riger som de grundet.»<sup>150</sup> I tillegg vart det også peika på at vikingferdene førte til at nordmenn vart kjende med kristendomen, skaldekunst og sogeskriving, og at dei styrka handelen og dermed fekk tilgang til nye varer som dei hadde bruk for i kvardagslivet.<sup>151</sup> Sjølv om forteljinga til Raabe, til liks

---

<sup>147</sup> «Vikingerne aabned hovedangrepet, og det knaged i det nybyggede taarn. Normannerne bored løs med sine jernredskaber i taarnets grund, men indbyggerne heldte en blanding af glødende olje og beg ned over dem, saa at mange vikinger fandt en skrækkelig død. Nu tændte angriberne en ild ved foden af taarnet, men da kom en sterk regn og slukked branden.» Raabe, 1906: s. 19-20.

<sup>148</sup> Ibid. s. 18.

<sup>149</sup> Ibid. s. 21.

<sup>150</sup> Ibid. s. 22.

<sup>151</sup> Ibid. s. 20-23.

med dei andre lærebøkene, tok utgangspunkt i vikingferdene, synte dette ein tendens til eit utvida vikingtidsbilete. Her vart det eit føremål å syna at vikingferdene ikkje berre var tufta på å erobra nye landområder og tileigna seg plyndringsutbytte, men at dei også førte til kulturell utvikling. Vidare skal me sjå at dei engelske lærebøkene ikkje skilde seg mykje frå dette utgangspunktet i framstillinga av vikingtida.

### **3.1.2 Felles fiende med førebiletlege eigenskapar**

I læreboka til Gardiner frå 1897 kom vikingtida inn under kapittelet «The English kingship and the struggle with the Danes». Kapittelet tok som resten av emna i læreboka, utgangspunkt i ei kronologisk framstilling av dei engelske kongane, og vikingtida vart difor skildra utifrå dei engelske kongane som var rådande i perioden frå dei første vikingåtaka og fram til den normanniske invasjonen i 1066. Dette la såleis grunnlaget for ein av to hovudtendensar i dei engelske lærebøkene i denne perioden. Vikingtida var først og fremst ei skildring av vikingane som eit trugsmål mot dei engelske kongane, der skildringa av den brutale framferda til vikingane prega første delen av framstillinga. Då gjekk vikingane til åtak for å skaffa seg eit utbytte, og i nokre høve vart det ikkje lagt nokon dempar på brutaliteten til vikingane: «They beat down the resistance of East Anglia, and, fastening its king, Eadmund, to a tree, shot him to death with arrows.»<sup>152</sup>

Denne tendensen finn me også i framstillinga til Howard. Hovudskilnaden på dei to lærebøkene, var at sistnemte lærebok tok for seg europeisk mellomalderhistorie. Den skilde seg dermed frå Gardiner ved at framstillinga ikkje tok utgangspunkt i engelsk historie. Vikingtida kom inn under kapittelet «The Northmen», og byrja med ei påminning om at det skandinaviske folket hadde vore geografisk isolert, og at dei ikkje kjende til tidlegare og pågåande historiske hendingar som hadde prega Europa, t.d. utbreiinga av det romerske imperiet.<sup>153</sup> Byrjinga av vikingtidsperioden vart sett til år 757 med danske vikingåtak på den engelske kysten, men ingen konkrete åtak på klostra og kyrkjene på dei britiske øyene fram til år 800 vart nemnde. Hovudfokuset i framstillinga låg på vikingferdene til dei britiske øyer og Vest-Europa på 800-talet, og det europeiske perspektivet kom relativt snart til syne då det var vikingferdene til sistnemte stad som vart skildra. Samstundes vart det også peika på at dei svenske vikingane reiste austover og vidare sørover mot Konstantinopel. Dermed vart det eit utvida perspektiv på sjølve omfanget av vikingferdene, i høve til framstillinga til Gardiner.

---

<sup>152</sup> Gardiner, 1897: s. 58.

<sup>153</sup> Howard, 1905: s. 46.

Den andre hovudtendensen handlar i grunn om eit tvitydig syn på vikingferdene og vikingane. For det første vart det ikkje lagt skjul på at vikingåtaka i stor grad handla om: «killing, burning, and collecting plunder»<sup>154</sup> og at «no districts escaped from the terror and devastation they caused.»<sup>155</sup> Her peika begge lærebøkene på at det gjekk hardast utover det engelske samfunnet, ved at det oppstod eit generelt forfall i utdanning, læring og religiøs verksemd i perioden med vikingåtak. Samstundes oppstod det eit relativt motsetnadsfylt bilete når forfatarane skildra utviklinga då vikingane gjekk frå åtak til å verta fast busetjande. Gardiner la vekt på at vikingane og det engelske folket smelta saman til ei folkegruppe:

Even the contrast between Englishmen and Danes was soon, for the most part, wiped out. They were both of the same Teutonic stock, and therefore their languages were akin to one another and their institutions very similar.<sup>156</sup>

Howard hadde om lag det same utgangspunktet i si vikingtidsforteljing, men la meir vekt på å syna korleis eigenskapane til vikingane kunne vera førebiletlege for engelskmennene: « (...) their leading characteristics were vigour and adaptability.»<sup>157</sup> Poenget her vart difor å syna at vikingane og deira heidenske krigarkultur smelta saman med den anglo-saksiske kulturen og danna utgangspunktet for den engelske kulturen me kjenner i dag. Eigenskapane til vikingane vart difor viktige føresetnadar for korleis det engelske samfunnet utvikla seg.

Stoffutvalet i dei fem lærebøkene i denne perioden syner i det heile eit relativt eintydig vikingtidsbilete. Vikingferdene er den sentrale faktoren i vikingtidsforteljingane, og der eventuelle endringar og nye perspektiv tek utgangspunkt i eit nytt og endra syn på desse vikingferdene. Vidare skal me sjå på kvifor framstillingane har vorte slik. Kva er det som legg grunnlaget for at det er vikingferdene som står sentralt i alle lærebøkene, og kva skuldast dei påpeika ulikskapane og endringane som har funne stad?

### **3.2 Politiske krigstog med kongar og høvdingar i sentrum av framstillingane**

Innhaldet i både dei norske og engelske lærebøkene syner at vikingferdene er den sentrale faktoren i forteljinga om vikingtida. For dei engelske lærebøkene er ikkje dette overraskande. Gardiner og Howard skildra høvesvis engelsk og europeisk krigshistorie på 800- og 900-talet, og såleis vart vikingferdene ein naturleg innfallsvinkel på framstillinga. I dei norske lærebøkene oppstod det eit meir komplekst bilete. Her var det særleg Raabe som skilde seg

---

<sup>154</sup> Ibid. s. 50.

<sup>155</sup> Ibid. s. 51.

<sup>156</sup> Gardiner, 1897: s. 64.

<sup>157</sup> Howard, 1905: s. 54.



frå dei to andre, ved å gje ei breiare framstilling av vikingferdene. Før me ser vidare på kva det er som gjer denne breie framstillinga unik for perioden, må me sjå kva vikingtid dei første norske lærebøkene i perioden representerer.

Ser me på framstillingane til Petersen og Vellesen, syner stoffutvalet at vikingferdene står åleine som hovudelementet i vikingtidsforteljinga. Sidan desse lærebøkene begge vart skrivne før hundreårskiftet, kan det vera eit framhald av korleis vikingtida hadde vorte forstått som periode tidleg på 1800-talet. Då vart vikingtida oppfatta som ei tid med krigstokt og ekspedisjonar til fjerne mål med raske skip, noko som difor vart dei fremste kjenneteikna for perioden.<sup>158</sup> Med denne oppfatninga vart vikingane først og fremst rekna som krigarar. Sjølv om dette også er hovudtendensen i dei to nemnte lærebøkene, er det likevel trekk ved framstillingane som nyanserer dette biletet. Petersen vektlegg t.d. landnåma på Vesterhavssjøene like mykje som røvarferdene mot andre delar av Europa, medan Vellesen reknar vikingferdene som utgangspunkt for korleis dei politiske tilhøva i Noreg utvikla seg i denne perioden. Førstnemnte peikar som nemnt tidlegare også på at vikingferdene kunne gå over til fredelige handelsferder. Mykje av forklaringa på denne utviklinga med å sjå vikingtida som noko anna enn krigstokt og ekspedisjonar, kan me finna i den samtidige norske historieskrivinga.

Koplinga mellom lærebok og den akademiske historieskrivinga er av ein eksplisitt karakter hos både Petersen og Vellesen, ved at både Storm og Sars var involverte aktørar i ei fagleg legitimering av lærebøkene. Sars stod for gjennomlesinga av læreboka til Vellesen, medan Storm hadde den same oppgåva hos Petersen, i tillegg til at han har gitt ut læreboka etter sistnemnte sin død. Påverknaden frå Storm i denne læreboka kjem kanskje tydelegast fram i forklaringa av vikingferdene. Som tidlegare nemnt var Storm si hovudforklaring av vikingferdene basert på at deira primære mål var å vinna bytte, påleggja skattar eller å gå i framand krigsteneste.<sup>159</sup> På denne måten er det inga overrasking at hovudforklaringa hos Petersen tek utgangspunkt i den same grunnleggjande forståinga av vikingferdene: «Naar vikingerne havde ligget nogen tid udenlands og vundet rigdomme, vendte de hjem til sit eget land; men ofte gik de ogsaa i fremmede kongers teneste (...).»<sup>160</sup> Denne tilnærminga syner såleis også ein parallell til Storms argumentasjon om at vikingferdene la eit økonomisk grunnlag for den vidare utviklinga i Norden.

---

<sup>158</sup> Haavardsholm, 2005: s. 60.

<sup>159</sup> Jmf. fotnote 49, side 20.

<sup>160</sup> Petersen, 1892: s. 7.

Også i høve til Petersens hovudaktørar kan det vera mogleg å dra parallellar til Storm. Sistnemnte var av den oppfatning at det ikkje var forskinga sitt fremste føremål å tileigna enkelte delar av vikingtida eit nasjonalt utgangspunkt. Samanlikna med Vellesen, er Petersen langt meir nøytral i høve til det nasjonale perspektivet på vikingtida. I framstillinga til sistnemnte er det to hovudaktørar: det «almindelige» norske folket som reiste ut av landet på vikingferder, og som mellom anna vart: «herrer over Orknøerne og Hjaltland.»<sup>161</sup>, og dei danske vikingane med innslag av nordmenn som reiste lenger sørover på røvarferder. Det som kjenneteiknar Petersen er at det ikkje vert lagt meir vekt på norske vikingverksemder. Her er Vellesen av ei anna meining, og det er dei norske vikingane som vert tildelt hovudfokus.

Det er i all hovudsak to tilhøve som kan ha vore avgjerande for at framstillinga til Vellesen har fått eit meir nasjonalpatriotisk utgangspunkt. Først og fremst er det den eksplisitte påverknaden frå Sars. Denne påverknaden kjem kanskje tydelegast fram i forklaringa av vikingferdene. Som tidlegare nemnt vart nordmennene til Vellesen rekna som ei avstamming frå den germanske ætt, og i framhaldet er det nesten som om Sars sjølv skulle stått bak innhaldet i teksten:

I flere hundred aar havde germanerne i Mellem-Europa været urolig. Den ene flokken efter den andre havde tat mot syd og vest for at finde sig lande til at bo i. Mod slutningen af det 8de aarhundred kom der ogsaa uro over nordgermanerne. Norge blev for trangt for nordmændene.<sup>162</sup>

Til liks med Sars reknar altså Vellesen vikingferdene som nærast avspora folkevandringar. Dei demografiske tilhøva vert nemnt, men det er folkevandringsaspektet som er hovudforklaringa. Når ein ser denne påverknaden frå Sars i høve til forklaringa av vikingferdene, vert den nasjonale haldninga til vikingtida kanskje meir forståeleg. Sars var som tidlegare nemnt kritisk mot ei overvekt av eit nordisk perspektiv på historieformidlinga av vikingtida. Denne haldninga var langt på veg eit resultat av dei samtidige samfunnspolitiske tilhøva i Noreg.

Perioden frå andre halvdel av 1800-talet og fram mot unionsoppløysinga er i norsk samfunnspolitisk samanheng ein todelt periode. I første omgang var Noreg i fredeleg sameksistens med unionspartnar Sverige, før tilhøva mot slutten av, og inn i, det nye hundreåret, førte til eit nytt norsk sjølvmedvite og store motsetningar mellom unionspartane.<sup>163</sup> Andre halvdel av 1800-talet var i tillegg prega av nasjonalromantiske tendensar, der det

---

<sup>161</sup> Ibid. s. 6.

<sup>162</sup> Vellesen, 1895: s. 7.

<sup>163</sup> Lorentzen, 2005: s. 41.

nasjonale skulle vekka interessa for det særeigne norske og historia til det norske folket. Læreboka til Vellesen kom såleis ut i ei unntakstid, der lærebøkene reflekterte den spente situasjonen, med ei tilhøyrande nasjonalistisk, patriotisk og til dels sjåvinistisk haldning.<sup>164</sup> Ein av hovudtendensane i lærebøkene i denne perioden vart difor ei rettferdiggjering av Noregs kamp for sjølvstende og bruk av kollektive nemningar som t.d. «nordmennene» for å understreka eit nasjonalt perspektiv.<sup>165</sup> Her oppstår det såleis eit tidsmessig skilje mellom lærebøkene til Petersen og Vellesen. Medan førstnemnte skreiv i ein varsam nasjonalpolitisk periode, skreiv Vellesen i ei tid der det var viktigare å vektleggja det nasjonale aspektet. Dermed vart vikingtida ei gjennomgåande norsk historieforteljing.

Når me er inne på korleis dei samtidige samfunnspolitiske tilhøva kunne påverka framstillingane, er det naudsynt å sjå på korleis dette tilhøvet utspelte seg i dei engelske lærebøkene. Sjølv om det er andre faktorar som har større verknadar for framstillingane i dei engelske lærebøkene, og som me skal sjå på seinare, syner også deler av innhaldet her korleis dei samfunnspolitiske tilhøva kan ha vore med å påverka dei engelske vikingtidsforteljingane. Denne tendensen kjem tydelegast fram i læreboka til Howard. I dei delane av teksten der eigenskapane til vikingane vert trekt fram, er det mogleg å spora element av imperialistiske ideal og verdiar som vert assosiert med vikingane:

Wherever they settled they infused fresh energy and power into the peoples with whom they mingled and gave an impetus to enterprise, -military or commercial. Wherever they settled, too, they showed a striking power of adapting themselves to their surroundings, and mingling with the inhabitants without being merged in them.<sup>166</sup>

Det var heller ikkje uvanleg å samanlikna vikingane og britiske imperialistar mot slutten av 1800-talet og inn i det nye hundreåret. Wawn (2011) peikar på at vikingane vart av fleire engelske historikarar funne opp i samsvar med den viktorianske tid si oppfatning av rase og verdiar på 1800- og 1900-talet: «They believed that Viking blood flowed in Victorian veins, and that the time had come to celebrate this.»<sup>167</sup> Dermed vart vikingane samanlikna med viktorianarane som utforskarar og oppdagarar.<sup>168</sup> Denne tilnærminga såg me også tendensar til i oversikten over den akademiske engelske historieskrivinga, der Trevelyan i 1929 peika på korleis vikingane førte med seg sjøfartstradisjonar som la grunnlaget for det framtidige

---

<sup>164</sup> Ibid. s. 74.

<sup>165</sup> Ibid. s. 41.

<sup>166</sup> Howard, 1905: s. 54.

<sup>167</sup> Wawn, 2011, [http://www.bbc.co.uk/history/ancient/vikings/revival\\_01.shtml](http://www.bbc.co.uk/history/ancient/vikings/revival_01.shtml).

<sup>168</sup> Richards, 2005: s. 119.

sjøfartsherredømet til Storbritannia. Sjølv om denne publikasjonen kom ut over to tiår seinare enn læreboka til Howard, eksemplifiserer det ein tankegang som kunne påverka historieskrivinga.

Difor vert det nærast naturleg at Howard nyttar det normanniske vikingherredømet som eit av to døme på korleis vikingbusetnaden på det europeiske kontinentet fekk store historiske fylgjer:

The importance of this event can only be estimated when we remember the part played by the Normans in the history of Europe. The Norman Conquest of England and the establishment of the Norman Kingdom of Naples and Sicily are the two most striking examples of their far-reaching influence.<sup>169</sup>

Howard syner såleis korleis dei samtidige samfunnspolitiske tilhøva kunne leggja rammene for korleis vikingtida vart framstilt. Men i lærebøkene, og kanskje i størst grad på norsk side, finn me også tendensar til at framstillingane inneheld element som er retta mot generelle tendensar som skulle koma til å verta sentrale i lærebøkene utover 1900-talet. Av dei norske lærebøkene var det særleg læreboka til Raabe frå 1906 som kom til å representere denne utviklinga.

Det overordna norske perspektivet i læreboka til Vellesen er på mange måtar unikt for dei tre norske lærebøkene i denne perioden. Me har allereie sett at Petersen ikkje hadde den same tendensen, medan Raabe også skil seg frå Vellesen ved å skilja mellom svenske og dansk-norske vikingferder. Raabe presiserer også at vikingtida var ei stor tid for det nordiske folket der: «Nordens folk holder ofte saman; nordmænd og danskær kjemper side om side i England og Frankrige, og svensker og nordmænd mødes i Konstantinopel.»<sup>170</sup> Her vert dei fellesnordiske kongsemna Harald Sigurdsson, Svein Tjugeskjegg, Knut den store og Olav Tryggvason hovudaktørane på vikingferdene. Dette nordiske perspektivet bryt såleis både med perspektivet til Vellesen, men også med den tendensen me skal sjå held fram i den første læreboka etter unionsoppløysinga. Det er ikkje enkelt å sjå på kva grunnlag dette brotet oppstår, men det er freistande til å kople dette til den akademiske historieskrivinga og vikingtidsforskinga på byrjinga av 1900-talet.

Som me såg i stoffutvalet, hadde Raabe eit utvida syn på vikingtida i høve til dei to andre norske lærebøkene i denne perioden. I forskingslitteraturen såg me at Bugge har vorte rekna som eit sentralt føredøme for at vikingane og vikingtida generelt ikkje berre skulle verta

---

<sup>169</sup> Howard, 1905: s. 54.

<sup>170</sup> Raabe, 1906: s. 23.

oppfatta som krigarar og som ei tid med valdelege vikingferder og andre verksemder til sjøs. Vikingtidsbiletet til Raabe fell på mange måtar saman med denne utviklinga, mellom anna forklaringane av vikingferdene. Her vart det lagt meir vekt på forklaringar i motsetnad til dei andre norske lærebøkene i same periode, der folketalsauke, mangel på mat, ryktet om rikdomen utanlands og dei politiske tilhøva i Norden vart rekna som sentrale årsaker.<sup>171</sup> Ved å leggja meir vekt på forklaringar enn dei andre lærebøkene i denne perioden, verka framstillinga å ha eit meir akademisk preg over seg. Samstundes er læreboka opptatt av å syna korleis vikingtida også var ei framgangsrik tid innan kulturell utvikling, og set dette i samband med korleis vikingane oppførde seg på dei britiske øyer med Irland i sentrum av hendingane. Her vert det blant anna peika på at norske vikingar gjorde seg gjeldande som flinke handelsmenn, og at dei både lærte seg og lærte frå seg kulturelle dugleikar, t.d. skaldekunst og sogeskiving.<sup>172</sup> Likskapen til Bugges vikingtid er såleis av ein eksplisitt karakter, ved at Bugge peika på at denne kulturelle verksemda medverka til at vikingane vart likeverdige borgarar av eit kristent Europa.<sup>173</sup> I eit slikt perspektiv vert det ein tydeleg samanheng mellom Bugge og Raabe, og med sistnemnte sin generelle karakteristikk for perioden:

Naar vi kjender til alt det som Nordens folk lærte paa disse færder, af irlænderne, engelskmænd og franskmænd, og den nytte som togene ogsaa havde for disse folk, da skjønner vi, at vikingtiden er en stor tid i vor historie, ja i hele verdenshistorien.<sup>174</sup>

Vikingane vert såleis ikkje berre rekna som krigarar som reiste på vikingferder for å plyndra og erobra nye landområder. Dei har vorte noko meir og det er dei kulturelle verknadane står igjen som dei sentrale haldepunkta. Raabe og Bugge er såleis svært samstemte i denne forståinga av vikingtida: «den skapte viljesterke landsnaamsmænd, som paa de fjerne udøer langt ude i havet grundede samfund, som var bundet sammen ved lovens baand og blev arnesteder for ny kultur»<sup>175</sup>

Ein gjennomgåande tendens i lærebøkene, og som ikkje har vorte kommentert til no, er korleis framstillingane har vore prega av eit overordna politisk historiesyn. Denne forma for historieskriving dreier seg om korleis nokre menneske i eit samfunn, gjerne politiske elitar og

---

<sup>171</sup> Ibid. s. 17-18.

<sup>172</sup> Ibid. s. 20-23.

<sup>173</sup> Haavardsholm, 2004: s. 188-189.

<sup>174</sup> Raabe, 1906: s. 23.

<sup>175</sup> Bugge, 1910: s. 217.

andre aktørar på toppnivå, går fram for å vinna makt og korleis dei brukar makta.<sup>176</sup> Historieforteljingar innanfor denne tradisjonen vil ha eit overordna fokus på hendingar med politiske aktørar og institusjonar i sentrum av handlinga. Resultatet i ei vikingtidsframstilling vert at framfor å sjå på korleis dei lågare laga i samfunnet vart råka av vikingferdene, vert ofte hovudfokuset lagt på krigerske handlingar der dei namngjevne hovudaktørane er kjende kongs- og høvdingemne. Dette perspektivet medfører eit såkalla «ovanfrå-og-ned» perspektiv til historia og såleis kjem hovudaktørane i vikingtida frå elitesjiktet i samfunnet. Av dei fem lærebøkene som har vorte analysert i denne perioden, er det berre Petersen som ikkje har denne tilnærminga til vikingtida. Generelt har likevel læreboka ei tradisjonell politisk vinkling på lærestoffet, med ein kronologisk gjennomgang av den norske historie med utgangspunkt i dei rådande kongane i dei ulike periodane. Men tilnærminga til vikingtida skil seg likevel frå den me ser i dei seinare lærebøkene, noko som kanskje vitnar om ei anna tilnærming til vikingtida mot slutten av 1800-talet. Dette ser me også ved fleire høve i lærebøkene. Vellesen peikar mellom anna på at: «Snart blev det fast skik, at stormandssønner tog ud for at vinde rigdom og ære.»<sup>177</sup>, medan Raabe er eit godt døme på tendensen med å vektlegga politisk historie i dei norske lærebøkene. Hovudaktørane til sistnemte er som allereie nemnt dei ulike nordiske kongsemna. Vikingtida er difor nærast å rekna som eit politisk slagfelt mellom dei nordiske og europeiske monarkane, og Raabe reknar også som allereie nemnt, dei politiske tilhøva i heimlandet til vikingane som ein av hovudårsakane til vikingferdene. Det politiske perspektivet på vikingtida fører dermed til at denne perioden var noko som hørte overklassen til.

Me har i gjennomgangen av historieskrivinga i England allereie nemnt at Whig-tradisjonen var rådande gjennom heile 1800-talet og vidare utover i det neste hundreåret. Vektlegginga av politisk historieskriving var sentralt innan denne tradisjonen, noko me såg med årsaksforklaringane til både Green og Trevelyan.<sup>178</sup> Tendensen til å vektlegga eit politisk perspektiv på historia var også særskilt gjennomgåande for dei engelske lærebøkene fram til 1905. I stoffutvalet såg me at grunnlaget for vikingtidsforteljinga var basert på skildringa av kampen mellom vikingane og dei regjerande monarkane på dei britiske øyane og i Vest-Europa. I framstillinga til Gardiner frå 1897 vart denne kampen rekna som ein medverkande årsak til at: «two changes which were widely felt: the growth of the king's authority, and the

---

<sup>176</sup> Kjeldstadli, 1999: s. 76-77.

<sup>177</sup> Vellesen, 1895: s. 8.

<sup>178</sup> Jmf. fotnotar 102 s. 32 og 112 s. 34.

acceleration of the process which was reducing to bondage the ceorl, or simple freeman.»<sup>179</sup>  
Medan sosiale frigjerings av vanlege engelskmenn peikar framover mot ein av hovudtendensane i lærebøkene i mellomkrigstida, syner veksten av autoriteten til kongane korleis dei politiske tilhøva vert trekt inn i framstillinga. Howards årsaksforklaring av vikingferdene syner også denne tendensen:

leaders arose who welded together the tribes of different districts and formed the kingdoms of Norway, Sweden and Denmark. Perhaps these political changes directed the energy of the discontented and more independent spirits to the sea, but whatever was the cause, a great outburst of naval enterprise began about that time,<sup>180</sup>

Ifylgje Marsden (2001) var det ei vanleg oppfatning blant engelske lærebokforfattarar på 1800- og byrjinga på 1900-talet, at historieframstillinga i lærebøkene skulle ta utgangspunkt i ein kronologisk gjennomgang av dei engelske monarkane, der datoar, tabellar og andre akademiske framstillingar vart føretrekte. Målet var at elevane skulle læra seg historie gjennom å pugga fakta.<sup>181</sup> Sjølv om framstillingane til både Bell og Howard er delvis narrative, syner likevel det politiske perspektivet at dei held seg innanfor denne ramma.

Samla sett ser me at vikingtida i stor grad har vorte framstilt gjennom eit politisk perspektiv både i norske og engelske lærebøker i denne første perioden. Dette var heller ikkje uvanleg for historieskrivinga på denne tida, og spegla på mange måtar att dei generelle tilhøva i samfunnet. Noreg var inne i ei nasjonal samlingstid der det var viktig å kunne syna landet sine røter tilbake til ei stolt fortid. England på si side hadde vore konsolidert som nasjon i lang tid, og framstillinga til Gardiner synte korleis vikingtida dermed vart nytta for å syna korleis dei engelske kongane hadde stått mot invasjonen utanfrå. Samstundes var det også trekk ved framstillingane som peika framover mot korleis vikingtida skulle koma til å verta framstilt i mellomkrigstida. Med Gardiner såg me at ein av verknadane av vikingåtaka var endra tilhøve for dei lågare sosiale laga ved at bøndene vart frie menn, medan Raabe synte korleis dei kulturhistoriske sidene av vikingtida vart trekt fram for å syna andre sider av vikingane. Dette skulle koma til å verta to av dei mest sentrale endringane i lærebøkene etter 1905.

### 3.3 Stoffutvalet i lærebøkene frå 1905 til 1945

Dei norske lærebøkene i perioden etter 1905 og fram til og med den andre verdskrigen er Jens Hæreid med *Norges Historie fortalt for skole og hjem* (1922), Tormod Knutsons *Vårt folks*

---

<sup>179</sup> Gardiner, 1897: s. 69.

<sup>180</sup> Howard, 1905: s. 46.

<sup>181</sup> Marsden, 2001: s. 37.

*historie* (1934) og Bernhard Stokke med *Folket vårt og andre nasjoner gjennom tidene* (1942). Samanlikningsgrunnlaget og lærebøkene på engelske side vert i denne omgang J.J. Bells *Piers Plowman Histories Junior Book IV. The Social History of England from Earliest times to 1485* (1933) og E.H. Millikens *Saxon and Viking* (1970).<sup>182</sup>

Hovudtendensen frå førre periode med å rekna vikingtida som ei tid med vikingferder som politiske krigstog, med hovudaktørane trygt forankra i det høgare lag av samfunnet, kom til å halda fram også i perioden fram mot andre verdskrigen. Her kom læreboka til Hæreid til å vidareføra mykje av dei same tendensane som i dei norske lærebøkene kring unionsoppløysinga. Likevel kom lærebøkene i denne perioden til å syna nye innfallsvinklar på vikingtida, der det særleg vart lagt meir vekt på sosial-, økonomisk- og kulturhistorie, og der vikingane framleis kunne vera brutale overfallsmenn, men også kunstnarar og andre kulturelle føregangsdøme. Perioden er med andre ord svært samansett og med eit mangfaldig vikingtidsbilete.

### **3.3.1 Store bragder, lidingshistorie og kvardagsliv**

I perioden etter unionsoppløysinga kom læreboka som i ettertid har stått som ein av klassikarane i den norske historieundervisinga. Læreboka til Hæreid vart gitt ut for første gong i 1909 og hadde midt på 1930-talet allereie passert ein halv million trykte eksemplar.<sup>183</sup> Vikingtida var fordelt på litt over seks sider, og minna innleiingsvis mykje om framstillingane i dei norske lærebøkene på om lag same tid. Til liks med Vellesen peika Hæreid på at nordmennene stamma frå germansk ætt, og til liks med Raabe vart vikingferdene eksemplifisert med vikingåtalet på Paris.<sup>184</sup> Det som skilte stoffutvalet til Hæreid frå Raabe, var at førstnemnte i all hovudsak hadde fokus på dei norske vikingverksemdene. Desse vikingferdene vart ikkje rekna som tilfeldige plyndringsåtak, men snarare som politiske krigstog utgått frå det høgare lag i samfunnet.

Generelt sett vitnar ordbruken og dei døma som vert nytta i framstillinga, på ei nasjonalpatriotisk haldning til dei enkelte sidene ved vikingverksemdene. Til dømes vart det

---

<sup>182</sup> Av desse seks lærebøkene er det berre Knutsons lærebok som er førsteutgåve. Hæreids lærebok vart gitt ut for første gong i 1909, Stokke i 1940, Bell i 1913 og Milliken i 1944. Innhaldet i lærebøkene i analysen skal likevel ikkje vore gjenstand for store endringar, då alle er nye optrykk og ikkje reviderte utgåver. Eg reknar dei difor som representative for periodens lærebøker sine framstillingar av vikingtida.

<sup>183</sup> Lorentzen, 2005: s. 87.

<sup>184</sup> «En stund efter kringsatte de igjen Paris i 10 måneder og herjet og brente rundt omkring, mens hungersnød og sykdom raste inne i byen. [...] I Tyskland brente de Køln og Bonn, og i Aachen brukte de keiserens slott til hestestall. Den tyske keiser Karl den tykke plyndret selv kirkene sine og betalte vikingene 2400 pund gull og sølv for å få dem vekk. [...] I England blev London herjet, og kong Alfred gjemte sig et halvt år i myrer og ødemarker for vikingene.» Hæreid, 1922: s. 8-9.



peika på at norske stormenn: «giftet sig med skotske og irske kongedøtre og jarledøtre, og de kom således til stor makt og heder.»<sup>185</sup>, og med Gange-Rolvs vikingherredøme i Normandie vart det peika på at: «Normannerne var de første som skrev sagaer og kvad om sine fedres storverk i det franske mål. Det blev storfolkets sprog rundt om i Europa.»<sup>186</sup> Denne haldninga ser ein også igjen i siste del av framstillinga. Her vart Skiringssal skildra som den viktigaste handelstaden i Noreg, og synte kor omfattande handelsverksemda til dei norske vikingane var. Det vart altså ikkje lagt ein dempar på kva langvarige og viktige verknadar framferda og verksemdene til vikingane fekk, og når Hæreid skildra utviklinga av «Våre fedres eldste mål og diktning», fekk ein også ei påminning av dette bodskapet: «I vikingtiden blev mangen dåd øvet som lenge måtte minnes. Folk fortalte om oplevelser på sine vågsomme utferder. Skaldene sang om heltenes storverk.»<sup>187</sup>

Neste norske lærebok i denne perioden vart gitt ut for første gong i 1934. Boka til Knutson vart ikkje ein bestselgar på lik linje med førre lærebok, mykje på grunn av at den kom for tett opp til den bindande læreplanen frå 1939 og utbrotet av andre verdskrigen.<sup>188</sup> Også her var det framleis vikingferdene som stod som det sentrale elementet i forteljinga. Vikingferdene vart innleiingsvis skildra som handelsferder før det: «omkring år 800 begynte plutselig, som når et sneskred løsner, det fryktelige avsnitt i Europas historie som vi kaller vikingtiden.»<sup>189</sup> Vikingtida som eit frykteleg historisk avsnitt og som ei lidingshistorie, synte i all hovudsak hovudessensen i framstillinga. Snøskredmetaforen synte korleis vikingane slo til mot offera med ei brå, uventa og uoverkommeleg kraft, og at dei kom i så store mengder at: «de stakkars folk som blev overfalt av dem, syntes de var tall-løse som greshoppesvermer.»<sup>190</sup> I tillegg vart det ikkje lagt noko dempar på ordbruken i skildringa av sjølve vikingkarakteren: «Det var som Europas gamle kulturfolk var helt vergeløse mot disse ville, blodtørstige krigerskarene fra Norden.»<sup>191</sup>

Det var likevel eit tvitydig aspekt i framstillinga til Knutson, noko den generelle karakteristikken av perioden impliserte: «Vikingtiden er et vitnemål om at fedrene våre var kraftige karer, veldige krigere og gode sjøfolk, men det var en umåtelig sum av lidelse og

---

<sup>185</sup> Ibid. s. 9.

<sup>186</sup> Ibid. s. 10.

<sup>187</sup> Ibid. s. 10.

<sup>188</sup> Lorentzen, 2005: s. 96.

<sup>189</sup> Knutson, 1934: s. 18.

<sup>190</sup> Ibid. s. 19.

<sup>191</sup> Ibid. s. 18.

ulykke som denne tiden førte over Europas folk.»<sup>192</sup> Denne ordlegginga syner at Knutson ikkje berre rekna vikingtida som ei lidingshistorie for offera til vikingane, og at sjølve vikingtidsomgrepet ikkje hadde eit heilt klart innhald. Det eksplisitte kapittelet som tok for seg vikingtida var berre på litt over to sider og hadde vikingferdene som tematisk utgangspunkt. I andre delar av læreboka, t.d. ved gjennomgangen av småriketida og landnåma på øyane vestover, vart det også poengtert at hendingane føregjekk i vikingtida. Det kan difor verka som at Knutson implisitt hadde eit utvida vikingtidsbilete, men at dette framleis var bygd opp kring vikingferdene. Dette skulle koma til å endra seg i siste norske lærebok i denne perioden.

Læreboka til Stokke vart gitt ut for første gong i 1940, og kom til å verta ei av dei mest brukte lærebøker både under krigen, og dei første tiåra etter frigjeringa.<sup>193</sup> Stokke byrja framstillinga med ei kort presisering av at nordmenn hadde drive med handel lenge før vikingtida byrja, men at det i år 787 var nordmenn på tre skip med kurs for England som ikkje lenger før fram som handelsmenn, men «rett og slett som røvere.»<sup>194</sup> Vikingtida vart tidsavgrensa frå 800 til 1050, og det kan på grunn av Stokkes ordlegging verka som at handelsferdene ikkje var å rekna som ein del av denne tida. Handelsferdene gjekk såleis over til å verta plyndringsferder, der den vidare skildringa av desse var både meir deskriptiv og overflatisk enn tidlegare framstillingar:

Kirker og kloster ble plyndra. Flere vikingskip slo seg sammen til store flåter. Når folk ved kystene i Frankrike og England fikk se en slik flåte med forgylte drakehoder, flykta de i vill redsel. Disse hedningene fra Norden sparte verken liv eller eiendom. (...) De overfalt både London og Paris.<sup>195</sup>

Me ser her at skildringa av åtaka på dei europeiske storbyane ikkje var like detaljerte som tidlegare sett hos både Raabe og Hæreid, og at den valdelege framferda til vikingane ovanfor offera var også tona kraftig ned, samanlikna med framstillinga til Knutson. I læreboka til Stokke vart den valdelege framferda skildra med utgangspunkt i ein krigarkultur som spegla att heile vikingtidssamfunnet.

I lærebøkene før andre verdskrigen har me sett tendensar til ei utvida forståing av vikingtida som noko anna enn berre vikingferder, ved at stoffutvalet har inkludert tema som språk, religion og handel. Kjenneteiknet for læreboka til Stokke er at dei kulturhistoriske tema i

---

<sup>192</sup> Ibid. s. 19.

<sup>193</sup> Lorentzen, 2005: s. 162.

<sup>194</sup> Stokke, 1942: s. 26.

<sup>195</sup> Ibid. s. 26-27.

framstillinga er knytt direkte opp mot sjølve vikingkarakteren og dermed også vikingtida. I skildringa av det norrøne verdsbiletet vart det t.d. peika på korleis trua deira gjorde dei til fryktelege krigarar.<sup>196</sup> Skilnaden på Stokke i høve til tidlegare framstillingar, vart difor at førstnemnte skapte eit meir heilskapleg bilete av vikingtida. I den samanheng fekk dermed kvardagslivet ei meir sentral plass i framstillinga. Skildringa av kvardagslivet tok utgangspunkt i vikinggarden Hovin, og skalden Guttorm Vandreskald si vitjing til denne garden, og det dekka halve framstillinga i høve til sidetal. Her fekk lesaren ta del i opplevingane til skalden frå om lag det første steget han tok på garden: «Vandringsmannen trår på en kvist som knekker. Da slipper de redskapene sine og springer bort til en stor stein på åkeren. Der har de økser og buer liggende.»<sup>197</sup> Vidare vart ulike kvardagslege gjeremål skildra, frå høgsetet til husbonden til skikken med å setja uønskte nyfødde born ut i skogen. Kvardagslivet i vikingtida hadde difor erstatta vikingferdene som hovudtema.

### 3.3.2 Brutale krigarar og heimkjære sjakkspelarar

Dei engelske lærebøkene i denne perioden syner to vidt ulike vikingtidsforteljingar. Læreboka til Bell vart gitt ut for første gong i 1913, og var ein del av ein serie nyskapande lærebøker som kom til å verta svært populære i den engelske historieundervisinga.<sup>198</sup> I høve til å vera nyskapande med tanke på stoffutvalet, synte framstillinga til Bell ei dramatisk og brutal skildring av framferda til vikingane. Innleiingsvis vart det peika på at det engelske samfunnet var inne i ein god økonomisk periode mot slutten av 700-talet, der folket «preferred farming to fighting, and forgot how to use the spears and shields.»<sup>199</sup> Vidare tok framstillinga utgangspunkt i vikingåtaka på England. Vikingskipa vart i hovudsak rekna som militære framkomstmiddel, og vikingvåpna som t.d. sverdet, øksa og skjoldet fekk detaljerte skildringar med tillagte illustrasjonar. Fokuset på våpna til vikingane gav heller inga tvil om kva forfattaren meinte om hensikta vikingane hadde med dei:

The crash of the battle-axes on the timbers of the door told them their end was near. The enemy killed every living thing within the sacred building. [...] Then they sat fire to the thatched roof because they loved destruction.<sup>200</sup>

Skildringa av den brutale framferda til vikingane var gjennomgåande for første del av framstillinga, og la i stor grad grunnlaget for framhaldet av vikingtidsforteljinga. Etter dei

---

<sup>196</sup> Ibid. s. 28-29.

<sup>197</sup> Ibid. s. 32-33.

<sup>198</sup> Marsden, 2001: s. 42.

<sup>199</sup> Bell, 1933: s. 60.

<sup>200</sup> Ibid. s. 62.

brutale vikingåtaka vendte Bell hovudfokuset over på verknadane av åtaka og kva lagnad dette fekk for det engelske samfunnet. Her vart det peika på at vikingane reiste med det byttet dei kunne få med seg, og at det på mange måtar kom til å avgjera lagnaden til dei som hadde vorte råka: «Death came even to men, women and children in the winter, for the supply of corn was too scanty for them, and disease attacked their weakened bodies.»<sup>201</sup> Verknadane av vikingåtaka vart såleis dramatiske for det engelske samfunnet, og Bell peika også på korleis den engelske kongen fekk dårlegare kår då det vart færre engelske skattebetalarar. I tillegg gjekk den brutale framferda også hardt utover kyrkjene og klostra som vart lagt i ruinar.

Neste kapittel i framstillinga tok for seg utviklinga i England etter at vikingane frå år 871 byrja å busetja seg i landet. Årsaka til at vikingane kunne busetja seg, vart forklart med at England ikkje hadde noko militær beredskap verken til sjøs eller på land, og at vikingane dermed møtte liten militær motstand. Fokuset vart deretter retta mot kong Alfred og dei tiltaka han sette i gang for å forsvare landet mot vikingane. Bell konkluderte med at dei sterke forta som vaks fram i grenseområda til Wessex, sørgde for at vikingane ikkje kunne invadere landet korkje frå sjøen eller landjorda, og at kong Alfred etter kvart kunne driva fienden ut av landet. Avslutningssetninga av framstillinga sette difor eit regelrett punktum for Bells vikingtid: «So Alfred saved the south of England, which was called Wessex, from the Northmen.»<sup>202</sup>

Framstillinga i neste engelske lærebok har ei vikingtidsforteljing som ikkje legg eit like klart grunnlag for ein redningsaksjon frå kong Alfred. E.K. Millikens lærebok var gitt ut for første gong i 1944, og kom fram til og med 1970 i 12 nye opplag. Forfattaren var av den meining at perioden mellom romarriket sitt fall og den normanniske invasjonen, var i eit historieformidlingsperspektiv ei av dei mest attraktive og romantiske tider i engelsk historie.<sup>203</sup> Denne romantiske innfallsvinkelen la også mykje av grunnlaget for vikingtidsbiletet i læreboka. Innleiingsvis var det tilhøva i heimlanda til vikingane som vart skildra, der hovudfokuset låg på sjølve vikingkarakteren. Her var det ikkje dei barbariske sidene som vart trekt fram, men heller at dei i stor grad var eit heimekjært folkeslag: «but if it was any way possible the rovers always tried to get home to spend the winter with their families and friends.»<sup>204</sup> Samla sett var det eit gjennomgåande trekk at det vart lagt meir vekt på andre sider enn dei brutale og valdelege sidene til vikingane.

---

<sup>201</sup> Ibid. s. 63.

<sup>202</sup> Ibid. s. 72.

<sup>203</sup> Milliken, 1970: s. 5.

<sup>204</sup> Ibid. s. 46.

Etter skildringa av dei heimlege vilkåra til vikingane, gjekk framstillinga over til vikingferdene. Den idylliserande tonen heldt fram også i denne delen, der det var segldugleikane til vikingane som vart trekt fram: «They were in fact the greatest sailors the world has known, and the sea taught them to pull together.»<sup>205</sup> I tillegg vart det også peika på at vikingferdene var eineståande for si eiga samtid, og at det skulle gå fleire hundreår før ei liknande sjøverksemd vart utført. Sjølve handlingane og framferda til vikingane på vikingferdene vart ikkje tillagt særleg fokus. Milliken nemnde at dei byrja å gå til åtak på dei engelske klostra og kyrkjene frå og med år 789, men at dei vidare åtaka var eit resultat av dei urolege politiske tilhøva i England. Etter kvart som eventyrlysta deira minka, og det vart færre vikingferder, byrja dei å busetja seg på det europeiske kontinentet og vart ifylgje Milliken «a very useful farmer and a good neighbour.»<sup>206</sup>

Avslutningsvis kom også denne læreboka inn på korleis kong Alfred redda England frå vikingane. Utgangspunktet til denne redningsaksjonen var likevel av ein anna karakter enn det me såg i framstillinga til Bell, og det vart ikkje peika på at det engelske samfunnet var i forfall i denne perioden. Motstandaren til Alfred var av ein anna karakteren enn dei ville og barbariske vikingane me har sett tidlegare. Vikingane var «the new Men of the Sea».<sup>207</sup> Framstillinga av redningsaksjonen til kong Alfred vart såleis ei kort skildring av dei tiltaka han sette i gang for å betra tilhøva i England.

### **3.4 Mellomkrigstida si mangfaldige innverknad på vikingtidsbiletet**

Innhaldet i lærebøkene etter 1905 og fram til og med andre verdskrigen, har synt eit mangfaldig vikingtidsbiletet. Vikingtidsforteljinga tek ikkje lenger berre utgangspunkt i vikingferdene, men i kvardagslivet og dei karakteristiske eigenskapane og dugleikane til vikingane. Til liks med førre periode, skal me sjå at utviklinga i denne perioden også har ein nær samanheng med både den samfunnspolitiske- og skulepolitiske utviklinga.

Læreboka som i stor grad er eit framhald av dei tendensane me såg før 1905, er i første rekkje læreboka til Hæreid. Stoffutvalet synte nærast ei idyllisering av dei valdelege vikingåtaka på dei store byane i Europa, samstundes med at det vart lagt vekt på å syna kulturelle verknadar av desse vikingferdene. På same måte som Raabe vart den irske kulturen også nytta for å syna denne utviklinga:

---

<sup>205</sup> Ibid. s. 59.

<sup>206</sup> Ibid. s. 64.

<sup>207</sup> Ibid. s. 84.

De irske prester og munkar var de mest oplyste i Europa, og de var ivrige kristne. Av dem lærte nordmennene meget. Vikingene førte med sig gods og gull og megen nyttig lærdom til landet.<sup>208</sup>

Til liks med Vellesen er vikingferdene til Hæreid også å rekna som forlenga folkevandringar, og til liks med både Vellesen og Raabe vert desse vikingferdene framleis skildra utifrå elitesjiktet i samfunnet: «Så snart odelsbondens eller høvdingens sønn var voksen, fikk han skib og utrustning, og så stevnet han ut på hærferd for å vinne ære og rikdom.»<sup>209</sup> I tillegg til ei påpeiking av dei politiske tilhøva i Noreg, var dette også Hæreid si forklaring av vikingferdene. Dermed er det ikkje mykje som skil denne framstillinga frå dei me såg før unionsoppløysinga, men i vektlegginga av kva nasjon vikingane høyrde til på denne tida, er denne framstillinga langt meir selektiv enn det me har sett tidlegare. Svenske og danske vikingverksemdar er såleis luka vekk frå framstillinga, ei utvikling som i stor grad er eit resultat av formidlingssynet til forfattaren:

Klar og grei må fedrelandets historie fremstilles for barna. (...)Ut fra dette syn på historien finner jeg det uriktig å blande inn for meget av Nordens eller verdens historie for å «belyse» fedrelandets historie.<sup>210</sup>

Dette formidlingssynet kan minna mykje om historiesynet til Sars, som me såg at Vellesen var sterkt påverka av. Koplinga mellom førstnemnte og Hæreid er også av ein eksplisitt karakter. Hæreid kom i kontakt med historiesynet til Sars då han byrja å arbeida som lærar i Kristiania i 1901, og dette skulle koma til å gjennomsyra lærebøkene hans i seinare tid.<sup>211</sup> Han var også ein sterkt engasjert venstrepolitiskar med eit ynskje om å fremja den norske historia i undervisinga i skulen. Samla sett legg dette sterke premissar for den nasjonalpatriotiske haldninga me finn i framstillinga til Hæreid.

På norsk side held ikkje denne haldninga fram i dei andre lærebøkene frå mellomkrigstida. Populariteten til Hæreids lærebok er likevel interessant, med tanke på at denne nasjonalpatriotiske haldninga har prega historieformidlinga av vikingtida i fleire tiår ut på 1900-talet. For i tida etter første verdskrigen vart det eit auka fokus på korleis lærebøker kunne gje grobotn for nasjonalistiske tendensar og negative stereotypiske haldningar for framande kulturar.<sup>212</sup> I Norden var det i fremste rekkje organisasjonen «Foreningen Norden» som arbeidde for å fjerna slike haldningar om nabolanda i lærebøkene. Sett i ljøs av denne

---

<sup>208</sup> Hæreid, 1922: s. 9.

<sup>209</sup> Ibid. s. 8.

<sup>210</sup> Ibid. s. 2.

<sup>211</sup> Frigaard, 1995: s. 41.

<sup>212</sup> Pingel, Unesco og Georg-Eckert-Institut für Internationale, 1999: s. 10.

utviklinga er det naudsynt å spørja seg om framstillinga av vikingtida kunne fungera som grobotn for slike haldningar. I ei tid då det nasjonale skulle dempast, vart vikingtida skildra som ei tid for store norske bragder og som ei stolt norsk fortid. Likevel, og som nemnt i innleiinga av oppgåva, er ikkje vikingtida å rekna som eit betent politisk tema. Vikingtida i læreboka til Hæreid kan likevel stå som eit typisk døme på kvifor det vart naudsynt å oppretta organisasjonar som skulle arbeida mot nasjonalpatriotiske tendensar i lærebøker. Her har alle vikingverksemder, både brutale valdsferder, og kulturelle ringverknadar, fått ei tilnærma lik ordlegging og der det er den norske arven som skal fram i ljuset. Og sjølv om framstillinga ikkje er nedverdige ovanfor andre nasjonar eller folk, er det like fullt ei idyllisering av eiga nasjonal historie.

Resultatet av arbeidet med å forsøka å dempa nasjonalpatriotiske tendensar i lærebøkene, ser me tydeleg att i dei andre norske lærebøkene i mellomkrigstida. Stikkordet for framstillingane i desse lærebøkene er ei sterkare vektlegging på sosial- og kulturhistoriske tilhøve. Desse formene for historieskriving inneber nokre generelle kjenneteikn. Sosialhistorie er først og fremst forteljingar om folk flest, t.d. arbeidarklassen og småkårsfolk, med eit hovudfokus på kollektive fenomen og massehandling framfor enkeltpersonar og hendingar.<sup>213</sup> Kulturhistorie er meir problematisk å definera, men i samband med historieformidling er denne forma for historieskriving oppteken av tema som t.d. kvardagsliv, finkultur, handverk, kunst, arkitektur, og religiøse og andeleg tilhøve. Felles for desse to retningane er likevel at dei begge beveggar seg vekk frå fokuset på politiske tilhøve og krigslege hendingar.

I stoffutvalet såg me at det var læreboka til Stokke som hadde ei tydelegast kulturell tilnærming på vikingtidsforteljinga, der skildringa av kvardagslivet hadde vorte tildelt om lag halve framstillinga i høve til sidetal. Vektlegginga av kulturhistorie var kanskje eit av dei fremste skulepolitiske vedtaka som vart gjort i mellomkrigstida. Vedtaket vart sjølv sagt eit av dei viktigaste punkta i Normalplanen frå 1939, og var i det heile ei oppsummering av tendensane som var i utvikling etter første verdskrigen. I denne læreplanen var historieundervisinga i fremste rekkje eit fag som skulle syna kva tilskot det norske folket hadde gitt i utviklinga av kulturlivet.<sup>214</sup> Normalplanen gav vidare fylgjande rammevilkår for den generelle framstillinga av historia:

Hovudvekta skal ein leggja på det kulturhistoriske stoffet – livet og levevilkåra til folket og samfunnstilhøva i dei ymse tidbolkane i gode og tunge tider. (...) Der ein meiner det er turvande å ta

---

<sup>213</sup> Kjeldstadli, 1999: s. 82-84.

<sup>214</sup> Kyrkje og Undervisningsdepartementet, 1954: s. 77. (Dette er frå det 4. opplaget til Normalplanen frå 1939.)

med forteljingar eller skildringar frå krigssoga, bør ein halda fram at ufreden etter kvart har vorti ei stendig større folkeulykke og hindring for kulturen (endå om ufreden no ikkje kjem så ofte som før), og at det er arbeid og samarbeid i fredstid som gjev varande framgang i åndeleg og materiell kultur.<sup>215</sup>

Den kulturhistoriske innfallsvinkelen til Stokke kan minna mykje om tendensane me såg hos Raabe. Framstillinga til Stokke er vorte meir nøytral i høve til den sterkt patriotiske haldninga me såg med Hæreid, eksemplifisert med at det ikkje vert stadfesta noko nasjonal tilhøyrse til dei enkelte delane av vikingtida. Til dømes vert det peika på at Gange-Rolv kunne vera enten dansk eller norsk, og generelt sett vert ikkje stoffutvalet prega av norske vikingverksemder. Dermed kan det verka som om Stokke prøver å skapa ei felles nordisk fortid i framstillinga:

Folk fra Norden kunne derfor reise rundt i hele Europa og treffe stammefrender alle steder. De hadde ikke vondt for å forstå hverandre, for det var enda mindre skilnad på språka i Sverige, Danmark og Norge da enn nå.<sup>216</sup>

Denne bruken av omgrepet «stammefrender», saman med resten av framstillinga, syner såleis to tendensar hos Stokke. For det første har ikkje framstillinga eit overordna nasjonalt perspektiv på vikingtida og vikingane. Hovudaktørane vert dermed heile det nordiske folkeslaget. For det andre, og som me vidare skal sjå meir eksplisitt i framstillinga til Knutson, vert vikingtida skildra utifrå det lågare sosiale lag i samfunnet. For Stokke sin del betyr det at han framhevar kvardagslivet sterkare enn dei politiske tilhøva:

Fedrene våre lærte mye på vikingferdene. De fikk seg bedre hus og de førte med seg nye kornsorter og feslag til landet. De begynte å lage seg hageflekker da de kom heim att. Der dyrka de kål og neper.<sup>217</sup>

Medan Stokke syner ei framstilling prega av eit kulturhistorisk utgangspunkt, syner læreboka til Knutson korleis utviklinga i mellomkrigstida kunne leggja rammer for ei endra vikingtidsforteljing sett med norske auge. Læreboka vert av Lorentzen (2005) rekna som ei lærebok som kan spegla att den skulepolitiske tidsanda i mellomkrigstida.<sup>218</sup> Som me såg i stoffutvalet til Knutson var det eit tydeleg tvitydig aspekt ved framstillinga, ved at både positive og negative sider ved vikingane vart omtalt på same tid:

Deres blodtørst, grusomhet og rovlyst kjente ingen grenser. De myrdet med kaldt blod vergeløse oldinger, kvinner og barn. Falske og troløse var de også og brøt både eder og løfter når de kunde ha

---

<sup>215</sup> Ibid. s. 80.

<sup>216</sup> Stokke, 1942: s. 28.

<sup>217</sup> Ibid. s. 28.

<sup>218</sup> Lorentzen, 2005: s. 96.



noen vinning på det. Men modige, sterke og tapre hærmenn var de, med herdede legemer, og mestere i krigens blodige kunst.<sup>219</sup>

Sett i samband med erfaringane frå første verdskrigen ser ein korleis den krigerske verksemda til vikingane vert sett under eit kritisk søkjeljos av Knutson. Her må me likevel skilja mellom den delen som tek for seg vikingferdene, og dei delane som omhandlar andre sider av vikingtida i læreboka. For det er ingen tvil om at Knutson også ynskjer å syna andre sider av vikinglivet. Han peikar mellom anna på at sjølv om vikingferdene var grufulle, framferda til vikingane ærelaus og brutal, oppførte dei seg ikkje slik heime: «Fedrene våre hadde hjemme i eget land en sterk sans for lov og rett og orden.»<sup>220</sup> Eit anna sentralt aspekt med læreboka er korleis kvardagslivet har vorte ein viktigare del av framstillinga av ulike emne. For vikingtida sin del peikar forfattaren på at det er «stormannslivet» som vert skildra med sogene, og dei seier lite om korleis kvardagslivet gjekk føre seg.<sup>221</sup> Denne tendensen til å frigjera seg frå eit einseitig politisk historiesyn prega framstillingane til både Knutson og Stokke, men den læreboka som syner denne tendensen i mellomkrigstida til det ytterleggåande, finn me på engelsk side av lærebokanalysen.

Ein av hovudskilnadane i framstillingane til nemnte Knutson og Stokke i høve til tidlegare framstillingar, er at hovudaktørane i vikingtidsforteljinga ikkje lenger er frå elitesjiktet i samfunnet. Dette gjeld også i høgste grad læreboka til Bell. Vikingane og vikingverksemda har i denne framstillinga først og fremst vorte rekna som eit trugsmål mot det engelske samfunnet, og det er det lågare laget av samfunnet som vert lidande under vikingåtaka: «Next winter was a sorrowful time for the survivors. More than half the population had been killed.»<sup>222</sup> Med dei norske framstillingane såg me at det kan ha vore verknadane og erfaringane frå første verdskrigen som kan ha lagt påverknadsrammene. Sidan Bells førsteutgåve av læreboka vart skriven før utbrotet av første verdskrigen, er det ikkje krigens dramatiske og øydeleggjande hendingar som kan reknast for å ha sett sitt hovudpreg på framstillinga av den brutale framferda til vikingane. I England var det i første rekkje kritikk av den dominerande politiske krigshistoria i lærebøkene som førte til eit auka fokus på nye perspektiv i historieformidlinga. I tida si rette ånd vart det difor eit auka fokus på lokal- og sosialhistorie, der føremålet var å skildra korleis folk i fortida hadde levd.<sup>223</sup> Tidlegare har det vore nemnt at det allereie med Gardiners framstillinga var ein vag tendens til denne

---

<sup>219</sup> Knutson, 1934: s. 19.

<sup>220</sup> Ibid. s. 30.

<sup>221</sup> Ibid. s. 36.

<sup>222</sup> Bell, 1933: s. 63.

<sup>223</sup> Marsden, 2001: s. 79.

tilnærminga på vikingtida, medan det i Bells framstilling har utvikla seg til eit overordna «nedanifrå-og-opp» perspektiv på historia.

Den akademiske historieskrivinga vart også påverka av eit auka fokus på sosial- og kulturhistorie. Dette såg me mellom anna med Kendrick i England, der fokuset på vikingane som reiste på vikingferder vart flytta frå eliten og ned til bøndene, medan både Holmsen og Shetelig synte eit større vektlegging av både agrarhistorie og økonomiske historie i norsk historieskriving. I den samanheng er det interessant å sjå korleis dei ulike lærebøkene i denne perioden forklarar vikingferdene. Det har allereie vore nemnt at forklaringane til Hæreid var ei framhald av dei tendensane me såg i førre periode. Dei andre lærebøkene i denne perioden syner likevel tendensar til nye forklaringar, der den nemnde generelle utviklinga innanfor historiesynet på vikingtida står sentralt. Ser me på dei norske lærebøkene først, er det interessante aspekt ved årsaksforklaringane til både Knutson og Stokke. Førstnemnte har ikkje ei eksplisitt forklaring i gjennomgangen av vikingferdene. Han peikar på at vikingferdene først var fredelige handelsferder med tilfeldige plyndringstokter på heimvegen, før hovudføremålet med desse ferdene etter kvart vart rein plyndring og erobring av framandt land.<sup>224</sup> Her er det ein tendens til å vektleggja dei økonomiske motiva, ein tendens som også vert trekt fram i eit seinare avsnitt som tek for seg landnáma på Island, Grønland og Vinland. Knutson peikar her på kvifor dei nordiske høvdingane og storbøndene valde å reisa ut or landet:

Først og fremst de endeløse og rike beitene. Vinteren er jo adskillig mildere på Island enn hos oss, så kreaturen kunde finne en stor del av maten sin ute. Det ser også ut til at værlaget var noe mildere enn det er nu. (...) Og så var det den veldige fiskerikdommen som lokket. Dertil kom fangst av sel og hvalross. Det skaffet dem tran som var en viktig handelsvare.<sup>225</sup>

Med forklaringane til Knutson ser me ei tydeleg vektleggjing av personleg økonomisk vinst på synet på kvifor vikingane valde å reisa ut av landet. Dette fell på mange måtar saman med Shetelig sitt syn på vikingferdene, ved at dei kunne vera eit resultat av ein «gullfeber».<sup>226</sup>

Vektlegginga av økonomiske perspektiv på vikingtida såg me også døme på i den engelske historieskrivinga, ved at Kendrick gav vikingane ros for utviklinga av sjøfartshandelen i Nord-Europa. Samanhengen mellom økonomiske perspektiv og korleis materialistiske faktorar vart viktigare i vikingtidsframstillingane i denne perioden, er relativt klårt.

---

<sup>224</sup> Knutson, 1934: s. 18.

<sup>225</sup> Ibid. s. 29-30.

<sup>226</sup> Shetelig, 1930: s. 177.

Lærebøkene til både Bell og Stokke frå høvesvis 1913 og 1940 eksemplifiserer dette. Førstnemnte går ikkje i djupna for å forklara vikingferdene, men implisitt kan det verka som at det i første rekkje er plyndringsmotivet som står sentralt: «As they stood upon the old cemetery, they saw London five miles away. With greedy eyes they gazed upon it. “What a city to plunder!”»<sup>227</sup> Når vikingåtaka gjekk over til fast busetnad, peika Bell på at det hovudsakleg var fråværet av militær motstand i det engelske samfunnet som gjorde at vikingane kunne busetja seg fritt.<sup>228</sup> I forklaringane til Stokke var det i første rekkje skilnaden mellom livsvilkåra til vikingane og det europeiske folket som var hovudårsaken til at nordmenn reiste ut:

Folk der ute i de kristne landa hadde finere klær og våpen og bedre mat. Heime kunne det ofte bli dårlige år med lite korn, for åkerlappene var små og ble dårlig stelt. Der ute var det korn i mengdevis.<sup>229</sup>

Sjølv med denne overvekta av økonomiske perspektiv argumenterte Sveaas Andersen (1969) for at dei økonomiske forklaringane av vikingferdene ikkje hadde stått sterkt i norsk historieskriving. Det var i fremste rekkje svenske og eit fåtal danske historikarar som følte seg sterkast tiltrekt av økonomiske forklaringar.<sup>230</sup> I norsk historieskriving vart det difor den agrarhistoriske forklaringa som vart tillagt hovudvekt, og i den historiografiske oversikta såg me at Andreas Holmsen vart føregjengaren for å forklara vikingferdene utifrå eit indre- og ytre landnåm.

I dei norske lærebøkene ser me likevel ikkje igjen denne forklaringa som ei hovudforklaring av vikingferdene, men i framstillinga til Stokke oppstår det eit interessant aspekt i høve til denne utviklinga. Stokke peikar mellom anna på at: «Her heime ble det også trangt om plassen. Derfor slo mange vikinger seg ned i de fremmede landa.»<sup>231</sup> Her presenterer Stokke ei demografisk forklaring utan å utdjupa den nærare. I eit seinare avsnitt kjem Stokke inn på desse tilhøva når han skildrar gudehovet og korleis dette var med å stadfesta maktposisjonen til høvdingen eller storbonden. Denne maktposisjonen vart etter kvart trua av auken av enkeltmannsgardar utover i vikingtida, og dermed er Stokke inne på nyriddinga av gardar. Eit kart over Vang nær Hamar syner ei rekkje ulike gardsnamn, og Stokke går nærare inn på korleis gardane med namn som enda på «-vin» og «-heim» er eldre enn vikingtida.<sup>232</sup> Desse stadnamnkjeldene var hovudsakleg dei Holmsen nytta i si eiga forskning, og som la grunnlaget

---

<sup>227</sup> Bell, 1933: s. 62.

<sup>228</sup> Ibid. s. 65.

<sup>229</sup> Stokke, 1942: s. 27-28.

<sup>230</sup> Andersen, 1969: s. 42-43.

<sup>231</sup> Stokke, 1942: s. 28.

<sup>232</sup> Ibid. s. 31-32.

for å forklara vikingferdene utifrå eit indre- og ytre landnåm. Det som er interessant med Stokkes framstilling av denne utviklinga, er at han ikkje set nyriddinga i samband med sjølve utvandringa av landet. Han forklarar denne nyriddinga med at det kan ha vorte varmare i heimlanda til vikingane, men at det også kan ha vore eit resultat av at det nordiske folket vart rikare i vikingtida.<sup>233</sup>

Når me no ser korleis lærebøkene utover i mellomkrigstida gjekk vekk ifrå tidlegare politiske perspektiv på historia, og at vikingtidsforteljingane vart meir prega av eit fokus på t.d. kvardagsliv i dei lågare sosiale laga, er det ei lærebok som endå ikkje har vorte kommentert. Den engelske læreboka til Milliken frå 1944 har på mange måtar ei særeigen tilnærming til vikingtida, og som skilde seg mykje ut frå dei andre framstillingane i perioden. I stoffutvalet såg me at vikingtidsforteljinga tok utgangspunkt i sjølve vikingkarakteren, der eit relativt romantisk vikingtidsbilete gjennomsyrt heile framstillinga. Forklaringa på dette perspektivet på vikingtida kan finnast i eit fortidsperspektiv, men det er også mogleg å dra koplingar til den samtidige konteksten læreboka oppstod i.

For det første er det fleire døme i framstillinga som peikar bakover mot korleis vikingtida hadde vore oppfatta i tidlegare tider. I første omgang er det interessant å sjå korleis Milliken forklarar vikingferdene og framferda til vikingane under vikingåtaka. Årsaksforklaringa i læreboka tek utgangspunkt i klimateorien til Montesquieu, der det vert peika på at Noreg er eit fjelland med hundrevis av fjordar og dekkja av store skogar. Med desse vanskelege kåra for matproduksjon, og tradisjonen med at den eldste sonen arva garden frå sin avdøde far, førte det til at yngre søner reiste på eventyr- og plyndringsferder til havs.<sup>234</sup> I den engelske historieskrivinga såg me at denne klimateorien prega forklaringa til Green, men at den også var å finna hos Trevelyan nokre tiår ut på 1900-talet.

Men sjølv om bruken av denne teorien peikar mot tidlegare historieskriving si tradisjonelle forklaring på vikingferdene, syner Milliken også nytenkjande sider av framstillinga av vikingtida i lærebøker ved å peika på det kjeldekritiske aspektet i perioden. I første omgang vert det sett ljøs på problematikken kring kjeldene frå vikingtida: «but mostly because the unfriendly descriptions recorded by their chief enemies, the Saxon priests, gave their readers a wrong impression about them.»<sup>235</sup> Samstundes vert det peika på at ein ekte viking ikkje kunne gå frå eit høve til å plyndra ei kyrkja, og at dei utan tvil var brutale ovanfor offera sine når dei

---

<sup>233</sup> Ibid. s. 32.

<sup>234</sup> Milliken, 1970: s. 45.

<sup>235</sup> Ibid. s. 51.

gjekk til åtak. Men sjølv om det vert peika på at vikingane var brutale, er den overordna budskapen ikkje til å ta feil av: «We must not, however, let their failings blind us to their many good qualities, and the most important things to remember about the Vikings are their courage and skill.»<sup>236</sup> Dei valdelege vikingferdene vert såleis rekna som naturlege feilsteg av eit ærerikt folkeslag.

Det oppstår ikkje mange negative bilete eller ordlag i denne framstillinga av vikingtida. Til og med i skildringa av verknadane av vikingferdene på det engelske samfunnet, er det dei positive sidene som vert trekt fram:

But of all the European lands in which the Northmen made their home, none showed happier results than that part of England which was known as the Danelaw ; for the Vikings soon became Englishmen and brought a new strain of courage and daring to the Saxon character.<sup>237</sup>

Sjølv om me har sett tendensar til liknande oppfatningar tidlegare i engelske lærebøker, kan det ikkje samanliknast med korleis Milliken har eit gjennomgåande idylliserande syn på vikingane.

For å forstå denne framstillinga har me allereie sett at forklaringa av vikingferdene kan minna om oppfatninga av vikingtida på 1800-talet. Dette gjeld særleg i skildringa av den brutale framferda til vikingane: «This is the Vikings called going berserk, and it made them most terrifying enemies to meet in war.»<sup>238</sup> Uttrykket «berserk» stammar frå tidlegare tiders oppfatning av vikingane, då dei mot slutten av 1700-talet kom på mote på grunn av deira barbariske eigenskapar. Dei vart europeiske døme på Rousseau sine «edle ville».<sup>239</sup> Dermed vart uttrykket «berserk» ei legitimering av den brutale framferda til vikingane. Saman med denne romantiske tilnærminga til vikingtida, vart det også vanleg å portrettera vikingane med vikinghjelmar med horn. Dermed er det også påfallande at vikingane til Milliken også er avbileta med vikinghjelmar som er utsmykka med anten venger eller horn. I tillegg er det slående likskap mellom illustrasjonar som syner vikingar og lagnadsgudinnene nornene.<sup>240</sup>

---

<sup>236</sup> Ibid. s. 52.

<sup>237</sup> Ibid. s. 65.

<sup>238</sup> Ibid. s. 53.

<sup>239</sup> Richards, 2005: s. 117.

<sup>240</sup> Milliken, 1970: s. 2 og 64. (Jmf. illustrasjon side 69.)



**E.H.Milliken: Saxon and Viking (George Harrap & Co. Ltd. 1970)**

Det må likevel problematiserast i kva grad desse trekka i framstillinga berre peikar bakover i tid. Utover 1900-talet heldt den romantiske dyrkinga av vikingen fram i Norden, men det var i stor grad Tyskland som vart den fremste dyrkaren av vikingoppfatninga. Nazismen stod i denne samanheng for ein sterk markering av vikingen som eit ikon for den nye tida.<sup>241</sup> Dermed er det kanskje ikkje naudsynt å gå langt tilbake i tid for å finna moglege påverknadstilhøve i framstillinga til Milliken. Det er dermed ikkje sagt at framstillinga er bygd på dei same tankane som nazistane gjorde seg av vikingtida, men det syner korleis vikingane framleis kunne vera gjenstand for mang ei framstilling, og ikkje berre som eit resultat av dei generelle hovudtendensane i samfunnet og i historieskrivinga.

### **3.5 Oppsummering**

Før me går vidare og ser på lærebøkene etter 1945 er det naudsynt å samla trådane og sjå kva som har vore dei generelle tendensane i framstillinga av vikingtida i denne perioden, i tillegg til å sjå på likskapar og skilnader mellom lærebøkene frå dei to landa. Vikingtida i norske og engelske lærebøker har i perioden 1890 til 1945 gått frå hovudsakleg å vera vikingferder

---

<sup>241</sup> Bøe, 2006: s. 122.

basert på eit hovudføremål for plyndring, erobring og busetjing med elitesjiktet i samfunnet som hovudaktørar, til å vera ei vikingtid skildra utifrå kvardagslivet til vikingane, der det er historia til dei lågare laga i samfunnet som har vorte fortalt. Fram til første verdskrigen var det såleis dei nordiske kongane og høvdingane sin kamp mot deira europeiske samtidige, som var den gjennomgåande raude tråden i framstillingane. Dette gav vidare konsekvensar for alle sidene av vikingtidsforteljinga, t.d. ved at årsaksforklaringane i dei fleste høve var tufta på dei politiske tilhøva i Norden. Me såg også at dei samfunnspolitiske tilhøva la mykje av grunnlaget for denne hovudtendensen, og kanskje i størst grad for dei norske lærebøkene, eksemplifisert med både Vellesen og Hæreids framstillingar. Her var tida kring unionsoppløysinga ei tid der fleire av lærebøkene hadde ei gjennomgåande nasjonalpatriotisk haldning, og vikingtida vart difor rekna som ei tid med store norske vikingbragder. Desse vikingbragdene vart eksemplifisert med korleis vikingane kjempa mot dei store europeiske kongedøma, og etter kvart vart dei å rekna som likeverdige med sine samtidige europeiske medmenneske.

Lærebøkene før første verdskrigen synte likevel tendensar til nye perspektiv på vikingtida, med innslag av både sosial- og kulturhistoriske perspektiv på vikingtida. Med læreboka til Bell frå 1913 fekk me gjennombrøtet for denne utviklinga. Her var det ikkje lenger kampane i elitesjiktet som stod sentralt, men det engelske samfunnet sin kamp for å overleva vikingåtaka. Denne tendensen var også gjennomgåande for Knutsons lærebok, der hovudessensen i framstillinga var korleis vikingferdene var ei lidingshistorie for dei som vart råka av vikingane. Forklaringa på denne utviklinga kan ha vore todelt. Sidan Bells lærebok vart gitt ut før utbrotet av første verdskrigen, var det særleg dei generelle tendensane i den engelske historieskrivinga som ser ut til å ha påverka framstillinga i størst grad. Dei første tiåra ut i det 20. hundreåret var historieskrivinga påverka av eit marxistisk historiesyn, der den eine verknaden var at hovudfokuset vart flytta frå elitesjiktet og ned til dei lågare laga i samfunnet. Knutsons framstilling bar nok også preg av dette, i tillegg til eit meir materialistisk og økonomisk syn på vikingtida, eksemplifisert med årsaksforklaringa av vikingferdene. Her vart t.d. fisket og høvet til å skaffa seg tran eit sentralt element i forklaringa.

Mot slutten av perioden og i tida rundt andre verdskrigen ser me også at det vart eit meir kulturhistorisk preg over framstillingane. I læreboka til Stokke såg me at kvardagslivet vart ein sentral del i skildringa av vikingtida, og med Millikens romantiske vikingtidsbilete såg me at dette kulturhistoriske preget kunne vera påverka av tidlegare tider si oppfatninga av vikingane. Dermed hadde den vage tendensen tidlegare på 1900-talet, med å sjå på vikingane

som noko anna enn brutale krigarar og overfallsmenn, vorte ein hovudtendens i lærebøkene rundt 1945. Eksemplifisert med dei to lærebøkene som vart gitt ut under andre verdskrigen, ser me korleis vikingtida ikkje berre er å rekna som vikingferder, men også som ei tid der den kulturhistoriske utviklinga i vikingtida vert rekna som like sentralt som sjølve vikingferdene med tilhøyrande overfall og plyndring. Dette var då også eit resultat av dei skulepolitiske føringane som gjekk føre seg i mellomkrigstida, med eit auka fokus på å luka vekk nasjonalpatriotiske haldningar frå lærebøkene.

Det samla vikingtidsbiletet i perioden fram til 1945 er såleis ikkje svært ulikt dersom me ser dei to landa sine lærebøker under eit. Naturleg nok har vikingferdene og særleg dei valdelege plyndringsferdene fått mest fokus i dei engelske lærebøkene, men ved fleire høve har det vorte peika på dei positive sidene ved vikingane. Utifrå utgivingsåra til lærebøkene kan det likevel verka som at det valdelege vikingtidsbiletet har stått sterkast i dei engelske lærebøkene, i ei tid då vikingtidsbiletet i Noreg var prega av framstillinga til Hæreid frå 1909. Dermed oppstår det to motstridande syn på vikingtida og i særleg grad vikingskikkelsen. På norsk side var vikingane tapre norske krigarar som kjempa om makt og ære ute i det store Europa, medan dei i England var brutale overfallsmenn som ikkje tok omsyn til korkje kvinner, barn eller geistlege. Ein stikkprøve av fleire engelske lærebøker i perioden bekreftar denne tendensen.<sup>242</sup> Det er difor nærliggjande å tru at dette vikingtidsbiletet også har prega andre engelske framstillingar i tida rundt andre verdskrigen, og at vikingtidsbiletet til Milliken ikkje står som svært representativt for perioden. Likevel er den eit godt døme på det mangfaldige vikingtidsbiletet me har sett frå slutten av 1800-talet og fram til 1945.

---

<sup>242</sup> Dette gjeld særleg lærebøkene *Histories. Book 1. Our heritage: Stories of the Early Ages* av C.H.K. Marten og E.H. Carter frå 1926 og *The Pupil's classbook of English History Book 1: From early times to 1485* av E.J.S. Lay frå 1915. Framstillingane i desse lærebøkene minnar svært mykje om vikingtidsbiletet til Bell.



## Kapittel 4: Framstillinga av vikingtida i perioden 1945-2007

### 4.0 Periodisering av lærebøkene

Til liks med analysen av lærebøkene i førre periode, vil også perioden etter 1945 verta delt inn i to delperiodar. Medan inndelinga i førre periode vart gjort etter tilhøva i den samfunnspolitiske konteksten, er det hovudsakleg den skulepolitiske konteksten i Noreg som legg utgangspunktet for delinga i tida etter andre verdskrigen. Årsaka til denne inndelinga er hovudsakleg tufta på at siste halvdel av perioden sett utifrå eit norsk skulepolitisk perspektiv, har vore prega av hyppig skifte av læreplanar, noko som også påverkar lærebokmarknaden. Dei norske lærebøkene i denne perioden er såleis knytt til kvar sin læreplan. Læreplanen som var gjeldande i etterkrigstida vart vedteken rett før utbrotet av andre verdskrigen, og det var såleis i tida etter krigen at den vart tatt i bruk i praksis. Etter frigjeringa vart det skrive fleire nye lærebøker, men også mange av dei lærebøkene som vart skrivne rett før utbrotet av krigen var framleis i bruk.<sup>243</sup> Desse lærebøkene heldt sin posisjon fram mot 1960-talet, der forsøket med niårig-skule førte til eit behov for nye lærebøker. Sidan dette berre var eit skulepolitisk forsøk var forlaga likevel sparsame med å gje ut for mange lærebøker, men då dei permanente endringane i læreplanane vart sett i verk utpå 1970-talet, og med ein ny læreplan i 1974, kom det ei rekkje nye lærebøker.<sup>244</sup>

Etter Mønsterplanen frå 1974 har det kome ytterlegare tre nye læreplanar i Noreg, i høvesvis 1984, 1997 og 2006. Alle desse læreplanane har medført både mindre, men også større endringar på kva fagleg grunnlag historieundervisinga skal vera tufta på. Utvalet av norske lærebøker står såleis i høve til kvar av desse læreplanane. Kva desse endringane fekk seia for vikingtidsbiletet i lærebøkene, vil eg sjå nærare på i dei høva der det vert aktuelt i analysen. På engelsk side er utvalet også gjort med utgangspunkt i den skulepolitiske utviklinga, sjølv om læreplanar ikkje har hatt same rolle i denne utveljinga. Her var det særleg debatten kring kva historiefagleg og -didaktisk grunnlag historieundervisinga skulle vera tufta på. Sjølv om denne debatten hadde vore ein viktig del i den skulepolitiske sfæren frå byrjinga av 1900-talet, var det ikkje før godt utpå andre halvdel av hundreåret at ein byrja å sjå resultat av ein ny innfallsvinkel på historieformidlinga i undervisinga.

---

<sup>243</sup> Lorentzen, 2005: s. 110.

<sup>244</sup> Ibid. s. 110.

#### 4.1 Stoffutvalet i lærebøkene i perioden 1945 til 1980

I tida etter andre verdskrigen og fram til 1980 har eg valt ut fylgjande norske lærebøker: Jens Hæreid og Sverre Amundsen med «*Vi ere en nasjon*» (1955), Knut Ingar Hansen med *Jegerfolk og jorddyrkere: Historie for 4. skoleår* (1966), samt Magne Hjelle og Ivar Skinningsrud med *Historie for 4. skoleår* (1974). Dei engelske lærebøkene i same periode vert R.J. Unstead med *From Cavemen to Vikings* (1972) og Mark Roberts med *Fury of the Vikings* (1977).<sup>245</sup>

Vikingtida i lærebøkene i perioden mellom 1945 og 1980 kjem i stor grad til å syna kva verknadar andre verdskrigen fekk for framstillingane, og korleis den skulepolitiske utviklinga utover i perioden la klare rammer for vikingtidsbilete som oppstod. I dei norske lærebøkene går framstillingane frå å dyrka vikingane gjennom eit sjøfartsideal, til ei vektlegging av den brutale og valdelege framferda deira. Samstundes får ein også ei lærebok som ser meir på dei materielle sidene av vikinglivet. På engelsk side av analysen er det to relativt ulike pedagogiske og didaktiske tilnærmingar på vikingtida, men der hovudessensen i sjølve vikingtidsbiletet ikkje speglar att denne skilnaden.

##### 4.1.1 Landnåmsmenn, valdelege krigarar og kunstnarar

Første norske lærebok etter andre verdskrigen i denne analysen er læreboka til Hæreid og Amundsen, som vart gitt ut for første gong i 1946. Boka var ei revidert utgåve av Hæreids si utgåve frå 1909 med mange av dei same forteljingane, men bearbeidde utifrå Normalplanen frå 1939 av Amundsen.<sup>246</sup> Saman med læreboka til Stokke vart den også ei av dei mest brukte lærebøkene i etterkrigstida, mykje på grunn av ein moderne layout med tilhøyrande fargerike illustrasjonar.<sup>247</sup> Læreboka står såleis som eit godt døme på den nye typen bøker som kom til å prega lærebokmarknaden.

Generelt sett var vikingtidsforteljinga til Amundsen ei framstilling av korleis vikingferdene gjekk frå fredelege handelsferder til valdelege plyndringsferder, og korleis vikingferdene vestover med tilhøyrande landnåm gjekk føre seg. Me ser her at vikingferdene framleis kunne reknast som utgangspunktet for vikingtidsforteljinga. Såleis vart handelsferdene skildra som

---

<sup>245</sup> Tre av desse lærebøkene er førsteutgåver (Hansen, Hjelle og Roberts). Amundsens lærebok vart gitt ut for første gong i 1946, medan Unsteads bok kom ut allereie i 1953. Dei nye utgåvene av desse lærebøkene har ikkje store endringar. Førstnemnte si lærebok frå 1955 er omsett til nynorsk, medan Unsteads lærebok er trykt opp i nye opplag.

<sup>246</sup> I dei høva det er fleire forfattarar av lærebøkene i analysen, vil eg av føremålstenlege årsakar referera til ein av forfattarane. I dette høvet vert det Amundsen, medan eg i seinare høve vil nytta meg av forfattaren som står oppført først på omslaget.

<sup>247</sup> Lorentzen, 2005: s. 162.

vikingane sitt høve til å byta til seg varer det ikkje var mogleg å oppdriva i eige heimland, vidare til at denne handelsverksemda gjekk over til meir freistande valdsferder.<sup>248</sup> Sistnemnte vikingferder byrja med åttaket på Lindisfarne i 793. Desse vikingferdene fekk relativt korte og deskriptive skildringar, der det innleiingsvis vart peika på at norske og danske vikingar reiste i vesterveg, medan svenske vikingar reiste austover. Det var likevel førstnemnte vikingferder som vidare fekk hovudfokus, og det vart peika på at vikingane oppretta vikingriker på Vesterhavsøyene, dei britiske øyer og i Frankrike.<sup>249</sup> Her var det eit tydeleg valdeleg vikingtidsbilete som vart presentert, noko som også vart synleggjort med framferda til vikingane i Normandie: «Dei fór stygt fram, rana og brende, og sparde korkje kvinner, born eller gamle menn.»<sup>250</sup>

Etter gjennomgangen av desse valdelege vikingferdene gjekk framstillinga vidare med skildringa av landnåma på Island, Grønland, Vinland og Bjarmeland. Hovudfokuset i stoffutvalet låg i stor grad på desse landnåma og dekte tre av totalt fem sider av framstillinga. Landnåma fekk relativt detaljerte skildringar med referansar til både historiske personar og stadar, samt intrigar og tilhøva rundt desse hovudpersonane, t.d. ved landnåmet på Island: «Fyrst tredje året fann Ingolv høgsættestolpane sine. Der dei hadde drivi i land, bygde han garden sin, og kalla han Røykjaholt.»<sup>251</sup> Denne framstillingsmåten gjekk også igjen i gjennomgangen av landnåma til dei andre nemnte landområda, der me får eit innblikk i personlege lagnadar og familietilhøva til landnåmsmennene og oppdagarane Eirik Raude, Leiv Eriksson og Ottar frå Hålogaland. Dei norske vikingverksemdene var såleis hovudessensen i framstillinga.

I neste lærebok i denne perioden var ikkje landnåma vestover hovudfokuset i framstillinga. Læreboka til Knut Ingar Hansen vart gitt ut for første gong i 1966. Utgivingsåret fortel oss at denne læreboka kom ut i ei tid då det vart utvikla lærebøker for kvart enkelt klassetrinn. Læreboka til Hansen og framstillinga av vikingtida vart difor pensum for fjerde klassetrinn. Framstillinga var delt inn i to kapittel, høvesvis «Vikingferder i øst og vest» og «Vikingens gudetrol». Medan førstnemnte kapittel inneheldt 20 sider som tok for seg hendingar i vikingtida, var sistnemnte kapittel ei kronologisk framstilling av dei viktigaste litterære forteljningane innan den norrøne mytologien, der det ikkje vart gjort noko konkret kopling

---

<sup>248</sup> Hæreid og Amundsen, 1955: s. 93.

<sup>249</sup> Ibid. s. 93-94.

<sup>250</sup> Ibid. s. 94.

<sup>251</sup> Ibid. s. 95.

mellom det norrøne verdsbiletet og vikingtida generelt. Det er difor i førstnemnte kapittel me finn Hansen si forståing av vikingtida.

Stoffutvalet til Hansen syner to generelle hovudtendensar. For det første var vikingferdene vestover og sørover i Europa framleis hovudtema, men samstundes vart det eit auka fokus på dei svenske vikingane sine handelsferder austover. Skildringa av vikingferdene la i utgangspunktet grunnlaget for den andre hovudtendensen. Dei vart hovudsakleg rekna som valdelege vikingverksemder, der det ikkje vart lagt nokon dempar på at vikingane før brutalt fram ovafor offera for vikingåtaka:

De skånte ingen som stod i veien for dem, menn og kvinner, barn og voksne ble drept eller ført bort som slaver. Ofte ble de solgt. Mange skildringer fra denne tiden forteller at vikingene for fram som de verste røvere.<sup>252</sup>

Første del av framstillinga til Hansen vart såleis prega av å syna brutaliteten til vikingane. Vikingtida vart karakterisert som ei tid med mykje uro og mange omveltingar, og det vart vidare peika på korleis vikingferdene med tilhøyrande brutal framferd utspelte seg over store geografiske område i Europa.<sup>253</sup> Hovudfokuset i denne delen av framstillinga låg på korleis norske og danske vikingar brannskatta store byar i Europa, og korleis denne verksemda gradvis gjekk over til å verta erobringstokter der: «Vikinghøvdingene tar land og blir konger langt borte fra hjemlandet.»<sup>254</sup>

Sjølv om dette stoffutvalet kunne minna mykje om det me har sett tidlegare, var likevel Hansen nyskapande i framstillinga. Dette var tufta på at dei svenske vikingferdene austover hadde fått meir omtale i høve til sidetal, og la grunnlaget for eit overordna fokus på handel og handelstadar både på dei svenske handelsferdene og i Norden generelt. Her vart t.d. Skiringssal, Birka og Hedeby trekt fram som sentrale handelsstadar.<sup>255</sup> I tillegg til at handel hadde vorte ein viktigare del av framstillinga, var det også ein gjennomgåande tendens til å bruka fotografi av arkeologiske artefaktar som kjelder frå vikingtida. Dette synte at framstillinga hadde fått eit meir arkeologisk utgangspunkt enn tidlegare.

Siste norske lærebok i denne perioden var læreboka til Magne Hjelle og Ivar Skinningsrud, som vart gitt ut for første gong i 1974 og såleis i samsvar med den nye læreplanen *Mønsterplan for grunnskolen* frå 1974 (M74). Framstillinga tok utgangspunkt i dei emna som

---

<sup>252</sup> Hansen, 1966: s. 116.

<sup>253</sup> Ibid. s. 117.

<sup>254</sup> Ibid. s. 120.

<sup>255</sup> Ibid. s. 123.

vart rekna som pensum for 4.trinn i grunnskulen. Dette medførte at «Norrøne utferder» stod som eit samleomgrep for heile perioden, og der undertema som handelsferder, vikingferder i aust og vest, vikingrike, utvandring og landnåm, samt oppdagingar vart gjennomgått kronologisk.<sup>256</sup> I tillegg vart kulturhistoriske tema som språk og biletkunst gjennomgått avslutningsvis i framstillinga. I gjennomgangen av denne delen, men også i den resterande framstillinga, var det i første rekkje arkeologiske kjelder som vart nytta for å skildra vikingtida. Dette la såleis eit utgangspunkt for ein ny innfallsvinkel til vikingtida i norske lærebøker.

Utifrå overskriftene i læreboka vart det gjort ei todeling av dei nemnte emna ovanfor. I første omgang vart handelsferdene skildra over tre sider, der det vart peika på at handelen vart livlegare i jernalderen.<sup>257</sup> Det ser ut som om læreboka set eit skilje mellom handelsferder og vikingtida, ved at førstnemnte vikingferder vert rekna som ein eksplisitt del av jernalderen, medan dei valdelege vikingferdene definerer vikingtida som periode:

Omkring år 790 kom tre skip med nordmenn frå Hordaland til England. (...) Tre år etter røvet hedenske menn klostret i Lindisfarne på Englands østkyst. De drepte noen av munkene. I årene som ble det stadig flere slike plyndringer. Vikingtiden var begynt.<sup>258</sup>

Med plyndringsferdene som hovudfaktor for vikingtidsforteljinga, heldt den arkeologiske prega framstillinga fram med ein omfattande gjennomgang av vikingskipa, ved å syna konstruksjonen og den tekniske utforminga til Gokstadskipet. Vikingskipa sine militære fordelar i kamp, samt våpna og verdsbiletet til vikingane, vart nytta for å forklara kvifor vikingane vart rekna som farlege: «Vikingane satte sin lit til våpnene og sin egen styrke. Mange mente også at de kunne få hjelp fra gudene, særlig fra Tor som var den sterkeste.»<sup>259</sup> Me såg likevel i skildringa av åtaket på Lindisfarne at vikingane ikkje framstod som gjennomgåande brutale, då det berre var nokre munkar som vart drepne i åtaket. Vidare i framstillinga var det heller ikkje den brutale framferda som vart hovudfokuset i vikingtidsforteljinga.

Det tyder at det var andre sider av vikingtida som vart fremja i læreboka. Dette vart såleis kvardagslivet til vikingane, der mellom anna langhusa, maten og kledda vart skildra. Utvandringa til Vesterhavsoyene, Island, Grønland og Vinland fekk ei deskriptiv framstilling

---

<sup>256</sup> Hjelle og Skinningsrud, 1974: s. 37-56, Kirke og Undervisningsdepartementet, 1974: s. 183.

<sup>257</sup> Hjelle og Skinningsrud, 1974: s. 37.

<sup>258</sup> Ibid. s. 40.

<sup>259</sup> Ibid. s. 42.

på om lag fire sider, men i motsetnad til Amundsens vektlegging av sjøfarts- og oppdagareigenskapane til vikingane, var det i første rekkje den kulturhistoriske vikingen som kom til syne i læreboka. Her vart det peika på utviklinga til språket i vikingtida ved bruken av runer og utbreiinga av det norrøne talemålet som oppstod med vikingrika i Europa. I den samanheng synte også læreboka ei ny tilnærming til kva slags type viking som kunne reknast som eit ideal for vikingtida: «Skalden hørte med blant kongens fremste menn. (...) Det var ærefullt for en konge å ha gode skaldar blant sine menn. Flere av høvdingene og kongene var selv skaldar.»<sup>260</sup> Såleis ser ein at læreboka fremja dei kulturelle sidene av dei typiske vikingane, ved å vektleggja deira lyriske dugleikar framfor deira brutale og valdelege sider.

#### **4.1.2 Eit valdeleg vikingtidsbilete i ny innpakning**

Dei to engelske lærebøkene i tida etter 1945 og fram til 1980, har ein relativt ulik pedagogisk og didaktisk oppbygning av lærebokteksten. Skilnaden på desse framstillingane vil verta sett nærare på seinare i analysen. Hovudessensen i vikingtidsforteljingane samsvarar likevel ikkje med denne skilnaden. Læreboka til Unstead vart gitt ut for første gong i 1953, og var ein del av serien *Looking at History* som vart selt i over 8 millionar eksemplar.<sup>261</sup> Eit av kjenneteikna med denne læreboka var at tekstmengda var korta mykje ned i høve til tidlegare lærebøker. Nedkortinga av teksten hadde også ført til at det hadde vorte nytta meir plass til illustrasjonar i framstillinga.<sup>262</sup>

Framstillinga til Unstead var todelt, der første del skildra vikingane og vikingåtaka. Vikingane gjekk under samleomgrepet «Danes», men forfattaren peika på at dei kunne gå under andre namn og at: «They usually wore horned or winged helmets.»<sup>263</sup> Skildringa av vikingferdene var kort og tok utgangspunkt i eit relativt valdeleg vikingtidsbilete: «They were fierce and cruel, and came to burn the Saxons' villages and to steal all they could carry off.»<sup>264</sup> Vidare vart det peika på at vikingane tvang saksarane ut av delar av landet, og tok landet som sitt eige. Dermed gjekk framstillinga over til andre del, der føremålet vart å syna korleis kong Alfred redda landet frå vikingane, før vikingkongane Knut den store og Harald Hardråde erobra makta på nytt.

Karakteristikken av kong Alfred hadde eit relativt tradisjonelt utgangspunkt, ved å syna korleis hans eigenskapar og dugleikar bygde opp eit fungerande engelsk samfunn, samstundes

---

<sup>260</sup> Ibid. s. 55.

<sup>261</sup> Keating, 2010: s. 9.

<sup>262</sup> Jmf. illustrasjon side 78.


<sup>263</sup> Unstead, 1972: s. 53.

<sup>264</sup> Ibid. s. 53.

med at han heldt stand mot vikingane. I løpet av regjeringstida til Alfred vart også tilhøva mellom vikingane og saksarane normalisert: «Presently the Danes and the Saxons settled down together and became Christians.»<sup>265</sup> Etter at kong Alfred gjekk bort var det likevel dei nemnte nordiske vikingkongane som tok over framstillinga, men i denne delen var det ikkje dei valdelege vikingane som spelte hovudrolla. Det vart i staden lagt meir vekt på ei deskriptiv skildring av korleis det engelske samfunnet utvikla seg vidare i denne perioden: «There were monasteries in many places and a church in every village.»<sup>266</sup>

### THE DANES

The Danes came across the North Sea, just as the Anglo-Saxons had done. They came in long ships which had one square sail and many oars on each side.



The Danes were also called Vikings or Norsemen. They usually wore horned or winged helmets.



They were fierce and cruel, and came to burn the Saxons' villages and to steal all they could carry off. They were armed with spears and two-handed battle-axes.

**R.J. Unstead: *From Cavemen to Vikings* (A. & Black Ltd. 1972)**

<sup>265</sup> Ibid. s. 56.

<sup>266</sup> Ibid. s. 57.

I motsetnad til Unsteads relative enkle og avgrensa akademiske framstilling, hadde den andre læreboka i denne perioden eit mykje større tekstomfang. Læreboka vart gitt ut i 1977 og med ein tittel som på mange måtar la føresetnadane for kva vikingtidsbilete som skulle oppstå. Innleiingsvis peika også læreboka på hovudføremåla i framstillinga av vikingtida:

In this book we shall try to find out as much as we can about the Vikings' way of life and their voyages across the seas, about their terrible raids abroad and about some of the brave men who organised resistance and determined to make a stand against them.<sup>267</sup>

Tittelen til læreboka [*Fury of the Vikings*] kan fungera som ein implikasjon på stoffutvalet, for det var eit tydeleg valdeleg bilete av vikingane som vart skildra i første del av framstillinga.<sup>268</sup> Det var også ein gjennomgåande tendens til at det vart nytta skriftlege kjelder for å syna korleis vikingane gjekk til åtak på England, og at hovudføremålet til vikingane var å: «satisfy their lust for blood and loot.»<sup>269</sup> Det vart også nytta arkeologiske kjelder i framstillinga, som også bygde opp under eit valdeleg vikingtidsbilete.

Framstillinga prøvde likevel å syna andre sider av vikinglivet, og tema som t.d. vikingferder til andre delar av Europa, årsaksforklaringar av vikingferdene og vikingane sine heimlege tilhøve vart skildra. I eit konklusjonskapittel peika læreboka først og fremst på at vikingane ikkje klarte å etablere eit imperium, og at det i stor grad var dei kulturelle sidene av vikingtida dei hadde vorte hugsa for:

Although the Vikings were rough and often cruel, we can see from the pictures in this book that some of them were also skilful artists and craftsmen. (...) The beauty of the Vikings' art proves that they were not just savages.<sup>270</sup>

Konklusjonen peika også på korleis vikingane vart forferdrene til det engelske folket, og at dei: «passed on to their descendants many of their qualities – seamanship, adventurousness, energy, courage, family loyalty, love of freedom.»<sup>271</sup> Dette vitna såleis om at læreboka ynskte å dra linjer mellom vikingtida og det engelske samfunnet i læreboka si tid.

---

<sup>267</sup> Roberts, 1977: s. 4.

<sup>268</sup> Then all of a sudden, without any warning, the Vikings were upon them – bursting through the doors of the monastery, cutting down everyone in sight with their swords and axes, running wild-eyed and screaming like madmen down the passages, rushing into sacred church with its precious gold and silver ornaments, grabbing everything they could carry and smashing everything else. (...) So the vicious slaughtering and plundering went on until at last the Vikings decided it was time to leave. (...) leaving behind them a scene of murder and desolation – old and young men alike lying dead or cruelly maimed, ornaments smashed, tapestries burnt, the church plundered and destroyed, and blood everywhere. Ibid. s. 3-4.

<sup>269</sup> Ibid. s. 3.

<sup>270</sup> Ibid. s. 47.

<sup>271</sup> Ibid. s. 47.



## 4.2 Verknadane av andre verdskrigen

Stoffutvalet i lærebøkene mellom 1945 og 1980 syner relativt ulike tilnærmingar til vikingtida. I første omgang er det naudsynt å byrja med å sjå kva verknadar andre verdskrigen fekk for framstillingane. Før krigen braut ut såg me at dei norske lærebøkene hadde større innslag av sosial- og kulturhistoriske perspektiv på vikingtida. Økonomiske og kvardagslege emne vart såleis ein viktigare og meir sentral del i framstillingane. På engelsk side såg me at dette hadde vore ein gjennomgåande tendens sidan første verdskrigen, der læreboka til Milliken frå 1944 vart eit døme på ei kulturhistorisk framstilling med element av både tidlegare og samtidige oppfatningar av vikingane og vikingtida. Dette mangfaldige vikingtidsbiletet heldt på mange måtar fram etter andre verdskrigen og fram til midten av 1970-talet. I løpet av denne perioden varierer vikingtidsbiletet frå å vektleggja vikingane sine dugleikar som sjømenn, framstående kunstnarar og landnåmsmenn på det store øyane og landområda vestover, til å verta brutale og omsynslause valdsmenn på vikingferdene sine.

Første norske lærebok etter andre verdskrigen i denne analysen var læreboka til Amundsen. Ettersom dette var ei bearbeidd utgåve av Hæreid si tidlegare utgåve, er det på mange måtar nærliggjande å tru at den nye utgåva heldt fram i same nasjonalpatriotiske ånd som forgjengaren. Dette er også tilfelle, men den nye læreboka har eit nytt utgangspunkt ved å syna vikingtida som ei stordomstid i norsk historie. I stoffutvalet såg me at hovudvekta i framstillinga var lagt på landnåma vestover. Dermed kan det verka som om det er landnåma og den fredelege sjøfarten til vikingane, læreboka ynskjer å trekkja fram som dei viktigaste vikingverksemdene: «Dei lærde å byggje store havskip, og våga seg ut på lange havferder medan andre nasjonar enno heldt seg berre til fart i skjergarden.»<sup>272</sup> Denne idylliseringa av dugleikane til vikingane til sjøs vart såleis illustrert med korleis dei norske vikingane Eirik Raude, Leiv Eriksson og fleire, stod for eineståande sjøbragder.

Hovudfokuset i læreboka kan i grunnen forklarast på to måtar. For det første er det ein tydeleg samanheng mellom framstillinga og eit av dei viktigaste måla i historieundervisinga i læreplanen frå 1939: «Ein må gjera utgreiinga så konkret som råd er og festa ho til forteljningar om personar og hendingar. Det gjeld å finna fram til «heltane» frå fredeleg arbeids- og kulturliv.»<sup>273</sup> Dette kan forklara kvifor det er dei nemnte vikingsjøfararane og deira landnåm som får detaljerte skildringar i læreboka, framfor ei vektlegging av vikingkongane som erobra landområde, slik me såg i læreboka til Hæreid frå 1909. Det har med andre ord vorte eit meir

---

<sup>272</sup> Hæreid og Amundsen, 1955: s. 93.

<sup>273</sup> Kyrkje og Undervisningsdepartementet, 1954: s. 80.

fokus på fredelige vikingverksemder. Eirik Raude vert såleis eit døme på korleis ein kunne gå frå fredlaus drapsmann, til å verta oppdagar og grunnleggjar av eit heilt nytt land. At desse nye landa også vart påverka av tilhøva heima i Noreg, kjem tydeleg fram i forteljinga om landnåmet på Island der dei: «styrde og stelde mest som dei hadde gjort i Noreg. Då dei skulle gje ei lov for landet, brukte dei norske lover til mønster.»<sup>274</sup> Denne vektlegginga av dei demokratiske og fredelige sidene til vikingane, kan syna ein generell haldningstendens i etterkrigstida. Framstillinga vart såleis levande og direkte, med ein nasjonal og moralsk oppbyggande påverknad på lesaren.<sup>275</sup> Dette kan stemma godt overeins med dei samfunnspolitiske tilhøva og den atterreisninga landet gjekk igjennom, og med eit dertil auka fokus på demokratiske verdiar.

For det andre kan dette fokuset på landnåma og dei store oppdagingsbragdene til vikingane også vera eit framhald av ein tendens i den generelle norske historieskrivinga, som særleg Bugge stod i spissen for på byrjinga av 1900-talet. Det er for det første ein eksplisitt kopling mellom læreboka til Amundsen og historieskrivinga til Bugge, ved at fleire av historieverka til sistnemnte vert referert til som mogleg vidare lesing for elevane som nyttar læreboka.<sup>276</sup> Me må samstundes hugsa på at Bugge kanskje var den historikaren som i størst grad hadde fremja sjøfartseigenskapane til vikingane i norsk historieskriving tidlegare på 1900-talet: «Nordens folk, først og fremst kanskje nordmændene, var de ypperste sjøfarere i Europa.»<sup>277</sup> Her vart det som tidlegare nemnt, gjort samanlikningar mellom oppdagarane i vikingtida og polarheltane på 1800- og 1900-talet, noko tilnærminga i læreboka til Amundsen kanskje byggjer opp under.

Med læreboka til Amundsen ser ein såleis korleis ei tradisjonell nasjonalpatriotisk haldning har gitt grunnlag for eit relativt nytt utgangspunkt i vikingtidsforteljinga, enn kva me har sett tidlegare. I tida etter andre verdskrig kan det synast som at denne tendensen med at lærebøkene speglar att den tidlegare generelle utforminga av lærebøkene, ikkje var ei unaturleg utvikling. For også på engelsk side var ei av dei mest populære lærebøkene eit gjensyn med fortida. I den engelske debatten innanfor historieundervisninga, hadde det sidan byrjinga av 1900-talet, vorte argumentert for at ein måtte vekk ifrå den kronologiske gjennomgangen av lærestoffet med vekt på kongar og dronningar. Dette såg me også i læreboka til Milliken, der framstillinga var meir prega av ein gjennomgang av ulike tema. Det

---

<sup>274</sup> Hæreid og Amundsen, 1955: s. 95.

<sup>275</sup> Lorentzen, 2005: s. 128 og 132.

<sup>276</sup> Hæreid og Amundsen, 1955: s. 97.

<sup>277</sup> Bugge, 1910: s. 223.

var også eit av kjernepunktta i debatten at elevane skulle få arbeida med emne som var lagt til rette for deira alderstrinn.<sup>278</sup> I tillegg hadde det sidan byrjinga av hundreåret vorte argumentert for at lærebøkene ikkje skulle vera faktaorienterte framstillingar, men vera meir retta mot bruken av primære kjelder og dokument: «History had to be made into a training school for the mind, and distilled into a “problem form”»<sup>279</sup> Dette var hovudkjerna i den utviklinga historiedidaktikken skulle ta i England utover andre halvdel av hundreåret.

Når Unstead har vorte rekna som «the brand leader» av engelske lærebokforfattarar dei første tiåra etter andre verdskrigen, og som ein symbolsk representant for gamal historie med fokus på dei store menn, gjev dette også relativt klare peikepinnar på kvar denne debatten stod.<sup>280</sup> I stoffutvalet til Unstead såg me at skildringa av vikingtida tok utgangspunkt i dei engelske og nordiske kongane som utspelte sine maktkampar i det engelske samfunnet: «After he had defeated Edmund Ironside, Canute ruled a sea-empire that stretched from England to Denmark. There was peace and trading in his reign.»<sup>281</sup> Det var såleis dei historiske hendingane rundt desse hovudpersonane som la grunnlaget for vikingtidsbiletet i læreboka. Med framstillinga til Unstead ser me fleire likskapstrekk med lærebøkene tidleg på 1900-talet. Hovudfokuset er på eliten i samfunnet, sjølv om det ved enkelte høve også vert peika på tilhøva i dei lågare lag i samfunnet: «There were not many roads, and very few people went on journeys.»<sup>282</sup> På mange måtar vert denne framstillinga ei blanding av dei tendensane me såg før andre verdskrigen, men med eit mykje enklare og mindre akademisk utgangspunkt.

Det kan difor verka som at andre verdskrigen hadde ein reverserande effekt på lærebøkene. Dette syner forklaringane av vikingferdene til både Unstead og Amundsen. I den engelske framstillinga vart det ikkje eingong nemnt kvifor vikingane gjekk til åtak på det engelske samfunnet, dersom ein ser vekk ifrå ei implisitt tolking av at hovudføremåla til vikingåtaka var røvarutbytte og busetjing i England. Tendensen med å sjå vekk ifrå forklaringar, er også til stades i læreboka til Amundsen. Her var det først og fremst eit implisitt plyndringsmotiv som vart trekt fram i samband med vikingferdene: «Folk i Vesterlanda var kristne. Dei hadde kyrkjer og kloster med mykje gull og sølv og andre kostnadting. Det freista sjøfararane til valdsferd.»<sup>283</sup> Dette forklarar likevel ikkje hovudessensen i vikingtidsforteljinga til Amundsen, og for å finna den er det naudsynt å sjå på korleis forfattaren skildrar dei politiske

---

<sup>278</sup> Marsden, 2001: s. 40-42.

<sup>279</sup> Ibid. s. 41.

<sup>280</sup> Ibid. s. 46 og 118.

<sup>281</sup> Unstead, 1972: s. 56.

<sup>282</sup> Ibid. s. 57.

<sup>283</sup> Hæreid og Amundsen, 1955: s. 93.

tilhøva under rikssamlinga. Her vert det peika på at dei norske rikssamlingskongane gjekk hardt fram for å samla landet, og at: «Eit slikt styre fall tungt og uvant for bøndene, som hadde vori vane med å rå seg sjølve. Mange drog bort frå hus og heim og vandra ut til vesterhavsoyene eller til Island.»<sup>284</sup> Med andre ord er det dei politiske tilhøva i Noreg som førte til Amundsen sine viktigaste vikingverksemder, oppdagingane og sjøreisene vestover.

Årsaksforklaringane i sistnemnte lærebok syner difor ein meir politisk innfallsvinkel på historieskrivinga. Dette er ikkje unikt for perioden læreboka oppstod i. Ei mogleg forklaring på denne utviklinga såg me i gjennomgangen av den engelske historieskrivinga i etterkrigstida, der ein stor del av den engelske historikarstanden vart trekt inn under statens rådsvelde i denne perioden. Politisk historieskriving vart såleis viktigare for historikarane.<sup>285</sup> Denne utviklinga innan den akademiske historieskrivinga kan langt på veg vera gjeldande i det norske historikarmiljøa, og som difor kan syna ein av årsakene til at vikingtidsforteljingane i lærebøkene hadde vorte eit framhald av dei me såg tidlegare på 1900-talet. På norsk side kan ei ny form for nasjonalpatriotisk haldning, ha ført til at dei nye hovudaktørane i vikingtida har vorte oppdagarane Eirik Raude og Leiv Eriksson, medan vikingtida på engelsk side har vorte eit framhald av elitesjiktet og dei kongelege sine verksemder. Når me så kjem utover andre halvdel av hundreåret, og særleg i tida rundt 1970, skal det etter kvart oppstå eit tydeleg brot i denne utviklinga.

Dette brotet i framstillinga av vikingtida byggjer i stor grad på kva og korleis kjeldene vert nytta i lærebøkene. Kjeldekritikk og kjeldebruk i lærebøkene har stort sett vore fråverande i ein pedagogisk samanheng i lærebøkene fram til no. Før 1945 såg me at nokre lærebøker kunne nemna at historieskrivarane frå vikingtida gav vikingane eit dårleg rykte, men denne problematiseringa fekk ikkje ei vidare drøfting. Denne tendensen ser me også igjen i læreboka til Amundsen etter andre verdskrigen, i skildringa av dei valdelege vikingferdene:

I året 793 vart det meldt frå England at vikingar «grueleg hadde herja Guds kyrkje med ran og manndrøp». Straks etter høyrer vi om røvtog til Irland. Sidan går det mest aldri eit år utan at vikingar herjar og plyndrar i dei landa. «Det er som sjøen spyr opp vikingar, og jernhard er deira hug som deira våpen,» vart det sagt.<sup>286</sup>

Her er det på mange måtar ein indirekte kjeldebruk, som heller ikkje har vore uvanleg i tidlegare lærebøker. Denne bruken fører til at forfattaren peikar på at skildringane stammar frå

---

<sup>284</sup> Ibid. s. 92.

<sup>285</sup> Jmf. fotnote 118, side 35.

<sup>286</sup> Hæreid og Amundsen, 1955: s. 93.

andre kjelder, men desse kjeldene vert verken namngitte eller problematiserte. Det betyr at skriftlege kjelder frå vikingane si samtid vert nytta for å skildra den brutale vikingframferda, utan at det vert diskutert at desse kjeldene var skrivne av offera til vikingane. I lærebøkene og framstillingane av vikingtida i perioden etter Amundsen og Unstead, skal dette koma til å verta ein av dei mest betydingfulle faktorar i høve til vikingtidsforteljingane.

Når eg fastslår at kjeldekritikk og kjeldebruk skulle koma til å verta ein viktigare del av framstillingane, er det naudsynt å påpeika at denne utviklinga ikkje skjedde over natta. Læreboka til Hansen illustrerer mykje av dette. I denne framstillinga er det som nemnt ein gjennomgåande bruk av fotografi av arkeologiske artefaktar, som kvar for seg skildrar ulike sider av vikingtida. Til dømes vert det nytta eit steinriss for å syna korleis ein viking kan ha sett ut.<sup>287</sup> Men sjølv med denne bruken av arkeologiske kjelder, legg ikkje desse eit grunnlag for sjølv vikingtidsforteljinga i læreboka. Dette kjem tydeleg fram i innleiinga av vikingtida: «Fra denne tiden har vi mange fortellinger eller sagaer om utferder og erobringstog til fremmede land, og også om strid og andre hendinger i hjemlandet.»<sup>288</sup> Bruken av skriftlege kjelder vert også forsterka ved at saga om Ragnar Lodbrok vert nytta som eit døme på denne typen forteljingar, og legg i stor grad førande linjer for kva mentalitet som prega vikingtidssamfunnet:

Da kong Ella fikk høre kva fangen hadde sagt før han døde, forstod han at det måtte være kong Ragnar selv som var drept på denne grusomme måten. (...) Når sønnene fikk vite at Ragnar var død, ville de nok forsøke å hevne faren.<sup>289</sup>

Bruken av denne saga kan reknast som unikt for perioden læreboka vart skriven i. Me må tilbake til læreboka til Raabe frå 1906 for å finna igjen denne saga, men sjølv her vart den ikkje sett i samanheng med sjølv vikingtida.<sup>290</sup> Denne bruken av Lodbrok-soga er då også noko som har vorte rekna for å vera avleggs allereie med Storm i andre halvdel av 1800-talet.<sup>291</sup>

Bruken av forteljinga om Ragnar Lodbrok syner likevel mykje av vikingtidsbiletet i framstillinga til Hansen. Forteljinga om korleis sønene til Ragnar tok hemn for drapet på far sin, synes å representera ein vikingmentalitet som prega samfunnet i vikingtida. Det er med andre ord eit valdeleg vikingtidsbilete denne saga representerer. Ein ny og interessant

---

<sup>287</sup> Hansen, 1966: s. 112.

<sup>288</sup> Ibid. s. 112.

<sup>289</sup> Ibid. s. 113.

<sup>290</sup> Raabe, 1906: s. 16-17.

<sup>291</sup> Haavardsholm, 2004: s. 127.

innfallsvinkel til Hansen i samband med skildringa av vikingferdene, er at det kan verka som om han reknar det europeiske samfunnet i vikingtida som fredeleg:

Uten varsel ble klosteret herjet og brent, og innbyggerne på øya ble drept eller ført vekk som slaver. (...) Ryktet om ugjerningen spredte seg fort. Overalt ble folk slått av forferdelse. (...) Ensomme garder og mindre byer blir også herjet. Folk er ikke innstilt på krig.<sup>292</sup>

Med denne innfallsvinkelen vert sjølv sagt den valdelege sida av vikingferdene ytterlegare forsterka og dermed ei svært mørk tid for ofra til vikingane. Hovudaktørane i framstillinga byggjer også opp under dette valdelege biletet, ved at dei krigerske vikingane Olav Kvite, broren Ivar, Gange-Rolv og nemnte Lodbrok vert alle rekna som typiske døme på vikingar.<sup>293</sup>

Bruken av aktørar frå elitesjiktet bryt med den tendensen me såg i mellomkrigstida, der det var dei lågare laga av samfunnet som fekk hovudfokus. Dette såg me i framstillingane til både Bell og Knutson. Deira valdelege vikingtidsbilete var på mange måtar eit resultat av eit auka fokus på sosialhistorie i lærebøkene. Med aktørperspektivet til Hansen kan det difor verka som om vikingtida har vorte ei god blanding av politisk historie som me såg prega dei nasjonalpatriotiske lærebøkene på byrjinga av hundreåret, og tendensane til ei vektlegging av sosialhistorie i mellomkrigstida. I tillegg får me også inn nokon av hovudtendensane i samtida, med eit auka globalt perspektiv på historia. Dette fører i første rekkje til eit underordna fokus på det geografiske omfanget av vikingferdene.<sup>294</sup> Dermed vert læreboka til Hansen ei slutføring av det nasjonale prosjektet i norske lærebøker, noko Lorentzen (2005) også peikar på:

Et interessant trekk ved Knut Ingar Hansens framstilling er at han i større grad enn det som har vært vanlig, legger vekt på å framstille vikingtiden ikke først og fremst som en tid for heltedåd, men som en mørk tid for de europeiske landene som ble vikingenes ofre. Dette er nytt i forhold til den tradisjonelle, nasjonale historieskrivingen og peker framover mot et mer dempet nasjonalt selvbilde i lærebøkene.<sup>295</sup>

Med eit dempa nasjonalt sjølvbilete vert dermed vikingtida rekna som ei lidingshistorie for offera av vikingåtaka, og der handlinga føregår ute i den store verda. I dette høvet vert det

---

<sup>292</sup> Hansen, 1966: s. 114, 116.

<sup>293</sup> Ibid. s. 120.

<sup>294</sup> «Danene reiser over Nordsjøen mot England og langs kysten av Frisland til Frankrike. Noen farer enda lenger, rundt Spania og inn i Middelhavet. Det er både nordmenn og daner med på disse ferdene. Helt til Sicilia når nordboene. Svearne drar i austerveg. (...) De ror oppover de store elvene og trekker skipene over land til de kommer fram til elvene som renner den andre veien, mot sør. Så seiler de makelig nedover Dnepr til Svartehavet, eller nedover Volga til Det kaspiske hav. (...) Vikingene seiler oppover Elben og Rhinen, de brenner Hamburg og herjer i Køln. Paris blir angrepet av en veldig flåte. Skipene er så mange at de ligger tett i tett to mil nedover Seinen.» ibid. s. 118.

<sup>295</sup> Lorentzen, 2005: s. 140.

sjølvsagt dei europeiske treffpunkta for vikingferdene. Det auka fokuset på handelsferdene forsterkar dette inntrykket. I tillegg har sjølve vikingtidshistoria eit tydeleg nordisk perspektiv, og det vert t.d. peika på at Gange-Rolv kan ha vore ein norsk eller dansk vikinghøvding.

Diskusjonen kring vektlegginga av ei nasjonal historie i lærebøkene, er kanskje ein av dei viktigaste faktorane for den utviklinga lærebøkene tok frå 1970-åra og framover. Dette gjeld både på norsk og engelsk side. I dei to siste lærebøkene i denne perioden, frå høvesvis 1974 og 1977, er me såleis inne i ein ny fase av lærebokutviklinga. Stoffutvalet til desse lærebøkene synte også nye perspektiv og innfallsvinklar på vikingtida. Den norske læreboka til Hjelle frå 1974 hadde eit utprega arkeologisk utgangspunkt i høve til tidlegare, eksemplifisert med eit auka fokus på vikingskipa, våpna til vikingane og dei materielle sidene av vikinglivet. Den engelske vikingtidsforteljninga til Roberts frå 1977 låg også tett opp mot kjeldene frå vikingtida, men her var det i større grad dei skriftlege kjeldene som la grunnlaget for framstillinga. For å få eit klarare bilete av kva som kan ha påverka desse framstillingane, er det naudsynt å sjå utviklinga i dei to landa kvar for seg.

Læreboka til Hjelle må i første omgang verta sett i ljøs av læreplanen som kom same året. I M74 er det fleire grunnleggjande retningslinjer som eksplisitt er å finna igjen i læreboka. Tydelegast i denne samanheng er vektlegginga av det kulturhistoriske stoffet, som ifylgje læreplanen skal ha mykje plass i historieundervisinga.<sup>296</sup> Læreboka har såleis eit overordna budskap som skal syna at vikingane ikkje berre var valdelege overfallsmenn:

Alt dette viser at folk i vikingtiden ikke bare var røvere og brutale krigere. De utviklet en kultur som levde videre og tok nye former i flere hundre år etter at kristendommen var innført.<sup>297</sup>

Denne budskapet går igjen ved fleire høve i teksten, mellom anna ved å syna korleis kontakten mellom vikingane og andre folk kunne få positive kulturelle ringverknader:

Det fulgte ikke bare ufred og herjing med vikingene. De lærte fra seg skipsbygging, og dette førte til at handelen mellom England og fastlandet fikk et kraftig oppsving. Byene vokste, og det ble anlagt mange nye byer. Men på de fleste områder var det nok vikingene som lærte mest av engelskmennene.<sup>298</sup>

Overvekta av eit kulturhistorisk perspektiv på vikingtida kan ha fleire moglege årsaker, men verkar å vera tufta på eit arkeologisk grunnlag. Dette kjem tydeleg fram i innleiinga av

---

<sup>296</sup> Kirke og Undervisningsdepartementet, 1974: s. 179.

<sup>297</sup> Hjelle og Skinningsrud, 1974: s. 56.

<sup>298</sup> Ibid. s. 46.

læreboka: «i jorda er det funnet resten av hustuffer, redskaper og pynteting etter dem. (...) Det som står om de eldste tider i denne boka, bygger på slike funn.»<sup>299</sup> Denne tendensen kan setjast i samanheng med utviklinga me såg både i den norske og engelske historieskrivinga i denne perioden. Allereie i mellomkrigstida såg me at arkeologane vart for alvor ein del av den akademiske forskinga kring tidleg mellomalder, der både Shetelig og Kendrick var sentrale i framhevinga av det arkeologiske materialet. Framveksten av ein kritisk empirisk forskingstradisjon etter andre verdskrigen la heller ikkje ein dempar på ei breiare kjeldetilnærming i historieskrivinga. Utover andre halvdel av hundreåret vart det difor først og fremst arkeologar som kom til å skriva om vikingtida. Med Krag såg me at dette mellom anna førte til eit auka fokus på den teknologiske utviklinga av vikingskipa i årsaksforklaringa av vikingferdene. Dette ser me også igjen i lærebøkene. Allereie i læreboka til Hansen frå 1966 vert den teknologiske utviklinga til vikingskipa nemnt, med at skipa kunne segla over store hav og ikkje berre langs kysten. Kva som låg i denne utviklinga innanfor skipsbyggarkunsten går likevel ikkje forfattaren nærare inn på. I tillegg er det også andre forklaringar av vikingferdene.<sup>300</sup> I læreboka til Hjelle er derimot vikingskipa vorte hovudårsaka til vikingferdene og vert ståande aleine som hovudforklaring: «Vikingene hadde gode skip. Derfor kunne de våge seg ut på havet.»<sup>301</sup> Som nemnt tidlegare nytta også Hjelle vikingskipa som ein viktig føresetnad for trusselfaktoren til vikingane. Dette byggjer sjølvstøtt opp under hovudfokuset på at vikingskipa var viktige.

Overgangen til eit arkeologisk perspektiv på vikingtida i læreboka til Hjelle, kan fungera som ein parallell til utviklinga av vikingtidsbiletet frå 1970-talet i engelske lærebøker. Forklaringa på framstillinga i den siste engelske læreboka i denne perioden, ligg først og fremst i den skulepolitiske konteksten, og den tilhøyrande historiedidaktiske debatten i England. Det synes også å vera ein klar samanheng mellom historiedidaktikk og utviklinga i den generelle historieskrivinga. Som nemnt tidlegare var det utover andre halvdel av 1900-talet ein intens skulepolitisk debatt i England, der grunnlaget for diskusjonen gjekk ut på korleis elevane skulle læra historie. Læreboka til Roberts frå 1977 vart såleis gitt ut medan denne debatten pågjekk. Det hadde sidan byrjinga av 1900-talet gått føre seg ein kamp mot den tradisjonelle historieundervisinga kjent som «the Great Tradition». Denne undervisingstradisjonen hadde hovudvekt på nasjonal historie, dei store menn og politiske hendingar i kronologisk

---

<sup>299</sup> Ibid. s. 10-11.

<sup>300</sup> Hansen, 1966: s. 116.

<sup>301</sup> Hjelle og Skinningsrud, 1974: s. 40.



rekkefylgje, frå dei eldste tider og fram til andre verdskrigen.<sup>302</sup> Med andre ord var det eit gjennomsyra politisk historiesyn som kjenneteikna denne forma for historiefremidling. Kritikken mot denne retninga var hovudsakleg retta mot at historiefaget vart sett på som «ferdigpakka» kunnskapar som skulle verta tekne imot og repetert, med lærar som ein aktiv aktør og elevane som passive.<sup>303</sup> På 1960- og 1970-talet ekspanderte kampen mot denne tradisjonen. Målet vart no at elevane skulle praktisera historiefaget slik historikarane gjorde det med både primære- og sekundære kjelder. Denne nye retninga fekk namnet «(to) do-history», eller historisk tenking.<sup>304</sup>

Det er eit interessant aspekt at ei av inspirasjonskjeldene til denne didaktikken, var son av den engelske historikaren W.G. Collingwood. Me såg allereie med den eldste av desse to, at vikingtida vart skildra utifrå eit meir kjeldekritisk perspektiv. Dette stod også sentralt i historiesynet til yngste Collingwood, som meinte at historikarane måtte rekonstruere korleis menneska tenkte ut frå dei tilhøva dei stod i den gongen.<sup>305</sup> Koplinga mellom denne historieforståinga og den kritisk empiriske forskingstradisjonen synes klar i denne samanhengen. Kritisk empirisk forskning var tufta på ei slik form for kjeldebruk og kombinasjon av ulike typar kjelder, som vidare la grunnlaget for historieforståinga. Denne forståinga vart også hovudpunktet i den nye historiedidaktikken. Målet var at elevane skulle tileigna seg eit sett med historiske dugleikar, som deretter skulle føra til historisk kunnskap. Kritikarane mot denne undervisingsmodellen vart likevel mange.

Overgangen til den nye historiedidaktikken skjedde heller ikkje over natta, noko læreboka til Roberts frå 1977 er eit godt døme på. Her vert det nytta eit uttal av ulike kjelder for å skildra vikingferdene og vikingane, men i staden for at læreboka legg opp til drøftingar og spørsmål kring desse kjeldene, verkar dei å vera meir styrande for korleis vikingtidsforteljinga vert til. Til dømes er det ein nærliggjande samheng mellom delar av teksten og den anglosaksiske krønika: «Even the terrible lighting and thunderstorms of the year 793 did not worry them, and when they all went to bed on the night of June 7th they slept soundly».<sup>306</sup>

Når læreboka nyttar desse kjeldene som eit overordna grunnlag for ei deskriptiv vikingtidsforteljing, gjennomsyrrar det valdelege vikingtidsbiletet heile framstillinga. Den

---

<sup>302</sup> Lund, 2006: s. 38.

<sup>303</sup> Ibid.s. 38.

<sup>304</sup> Bourdillon, 1994: s. 16.

<sup>305</sup> Lund, 2006: s. 38.

<sup>306</sup> Roberts, 1977: s. 2. Roberts har her teke utgangspunkt i teksten i ASC 793: «This year came dreadful fore-warnings over the land of the Northumbrians, terrifying the people most woefully: these were immense sheets of light rushing through the air, and whirlwinds, and fiery, dragons flying across the firmament.»

problemorienterte tilnærminga til historia som var kjernepunktet i historisk tenking, vert difor ikkje praktisert til fulle i denne læreboka. Likevel er det nyansar i framstillinga som syner ei utvikling mot at framstillinga skal leggja til rettes for meir kritisk tenking rundt dei ulike sidene av vikingtida. Dette kjem tydelegast fram i årsaksforklaringane av vikingferdene, der det vert peika på at det ikkje er nok for historikarar og arkeologar å vita om vikingferdene, men også: «the reason *why* the Vikings did this.»<sup>307</sup> Vidare vert det peika på at krigarære og plyndring stod sentralt, og med eit fokus på det valdelege vikingtidsbiletet: «First of all we must remember that the Vikings were not by nature a peace-loving people: they saw nothing good in living a peaceful life.»<sup>308</sup> Men læreboka trekkjer fram fleire årsaker som t.d. handel, demografi og politiske tilhøve, og ei påpeiking om at det framleis kan vera ukjende årsaker som forskarane endå ikkje har avdekkja. Dermed vert det ei direkte oppmoding til lesaren om å ta del i dette arbeidet: «Perhaps one day, if you are really interested, you will be able to join in and help in that search.»<sup>309</sup>

Læreboka til Roberts syner såleis korleis den historiedidaktiske utviklinga var på veg til å leggja tydelege referanserammer for framstillinga av vikingtida i lærebøkene. Likevel syner den også korleis framstillinga ikkje legg opp til ei kritisk tenking kring den funksjonelle kjeldebruken som kan nyttast til å fortelja noko om vikingtida, men fungerer i staden som eit rammeverk for kva vikingtidshistorie som vert fortalt. Når me no går vidare til siste periode av analysen, vil me igjen sjå at den historiedidaktiske utviklinga held fram med å leggja slike føringar på kva vikingtid som vert fortalt i lærebøkene.

#### 4.3 Stoffutvalet i lærebøker etter 1980

I den siste perioden i analysen av vikingtida i lærebøker er følgjande bøker valde ut: Egil Børre Johnsen og Niels Songe-Møller med *Norge* (1992), Ivar Libæk og Øivind Stenersen med *Historie 6* (1998) og Tone Aarre mfl. med *Midgard 6* (2007). Dei engelske lærebøkene i same periode er Kevin Jane med *Invaders* (1995) og Colin Shephard og Rosemary Rees med *Medieval History. Raiders and invaders. Power and control* (2007).

I dei siste lærebøkene i denne analysen er det særleg to hovudtendensar i framstillingane som skil seg markant frå tidlegare. På norsk side er det i stor grad tendensen til ei utvida vikingtidsforteljing. I dette ligg det at framstillinga av vikingtidsperioden er vorte utvida, noko som betyr at alle samtidige hendingar i Noreg i perioden frå dei første vikingferdene og

---

<sup>307</sup> Ibid. s. 16.

<sup>308</sup> Ibid. s. 16.

<sup>309</sup> Ibid. s. 17.

fram til ca. 1050, er teke med i stoffutvalet og det eksplisitte kapittelet som omhandlar sjølve vikingtida. I denne utvida vikingtidsforteljinga er også kvinnene endeleg med i forteljinga. Framstillingane i dei engelske lærebøkene held på mange måtar fram den tendensen me såg mot slutten av førre periode. Kjeldene vert på same måte nytta som ein oppbyggande faktor for vikingtidsforteljinga. Me skal likevel koma til å sjå at implementeringa av den historiedidaktiske undervisingsmodellen «do-history», har kome eit steg lenger enn i førre periode.

#### 4.3.1 Ei utvida vikingtidsforteljing – og kvinner som hovudaktørar

Læreboka til Egil Børre Johnsen og Niels Songe-Møller vart gitt ut for første gong i 1992, og var ei lærebok i det nye samlefaget *orienteringsfag*. Perioden vikingtida er tidsavgrensa frå år 800 til 1050, og vert rekna som ei tid då «mange nordmenn, svensker og dansker drog på sjøferder til andre land.»<sup>310</sup> Dei underordna tema i framstillinga er røverferder, fredelege handelsferder, landnåm, normannarane og vikingskipa, og syner såleis at vikingtidsforteljinga er bygd opp kring vikingferdene. Dette biletet vert også forsterka ved at ulike tema som t.d. kvardagslivet i jernalderen, den norrøne mytologien og gjennomgangen av dei norske kongane frå Harald Hårfagre til Olav den Heilage, vert gjort før delkapittelet om vikingtida.

Gjennomgangen av vikingferdene byrjar med røverferdene. Dette vert ei naturleg byrjing då det vert peika på at: «I vår tid er vikingene mest kjent for røverferdene sine.»<sup>311</sup>, og at det var desse vikingferdene både vanlege folk og historieskrivarane i utlandet la merke til:

Skal vi tro et gammelt engelsk skrift, var vikingene som angrep Lindisfarne, noen rå overfallsmenn: «8. juni 793 kom hedenske menn fra nord og gjorde grufulle ødeleggelse i Guds kirke på Lindisfarne med rov og manndrap.» Vikingene drepte flere prester, brøt seg inn i klosteret og stjal alt de mente hadde verdi. Som takk for seg, satte de fyr på hele klosteret, den gang Englands mest berømte.<sup>312</sup>

Sitatet ovanfor syner oss to element som også pregar andre delar av framstillinga. For det første er det eit valdeleg vikingtidsbilete som vert presentert. Den brutale framferda til vikingane vert gjenteke i skildringa av deira verksemder både på Irland og i Frankrike, der det i sistnemnte hendingar mellom anna vert peika på Gange-Rolv sine barbariske sider: «Han var en hensynsløs vikinghøvding, og død og tilintetgjørelse fulgte i hans spor.»<sup>313</sup>

---

<sup>310</sup> Johnsen og Songe-Møller, 1992: s. 184.

<sup>311</sup> Ibid. s. 184.

<sup>312</sup> Ibid. s. 185.

<sup>313</sup> Ibid. s. 190.

For det andre er det likevel implisitt ein tendens i framstillinga til Johnsen, at denne valdelege vikingframferda ikkje var gjeldande for alle vikingverksemdar. Dette kjem tydelegast fram ved at gjennomgangen av røvarferdene og vikingriket i Normandie, vert skilt fysisk frå kvarandre i teksten. Såleis kan det verka som om forfattaren reknar desse vikingverksemdene som to ulike hendingslaup, der det vert eit føremål å syna at dei valdelege vikingferdene like gjerne kunne gå over til fredeleg busetnad. I denne samanheng verkar det som forfattaren prøver å syna at det var fleire likskapstrekk mellom Normandie og landnåma vestover, enn til dei valdelege vikingferdene.

Avslutningsvis skildrar læreboka vikingskipa. Her er det Osebergfunnet som er utgangspunktet, der dei arkeologiske funna vert skildra. Dermed er det naturleg at hovudfokuset vert på Osebergdronninga og trælkinna hennar, men det har samtidig vore ein gjennomgåande tendens å trekkja fram kvinnerolla ved fleire andre høve i teksten. I tillegg vert vikingskipa også nytta for å syna ei kopling mellom sjødugleikane til vikingane, og dei lange sjøfartstradisjonane i Noreg.

Eit anna viktig trekk med føregåande lærebok er at den er gjennomgåande deskriptiv. Det betyr at dei ulike hendingane og forteljingane frå vikingtida får generelt sett skilrande framstillingar. Dette har endra seg i neste lærebok i denne perioden. Læreboka til Ivar Libæk og Øivind Stenersen vart gitt ut for første gong i 1998. Det er grovt sett to hovudtrekk med vikingtidsforteljinga i denne læreboka, som skal koma til å skilja seg frå tidlegare framstillingar. For det første er det eit utvida syn på sjølve omgrepet «vikingtida» og dermed ei utvida vikingtidsforteljing. Det tyder at alle samtidige hendingar som gjekk føre seg frå midten av 700-talet og fram til 1030 er teke med i kapitlet om vikingtida, med andre ord frå dei fyrste vikingferder på 700-talet og fram til Olav den Heilage sin død ved slaget på Stiklestad.<sup>314</sup> For det andre er læreboka nyskapande i sjølve formidlinga av vikingtidsforteljinga. Framstillinga er prega av ein narrativ forteljarstil, der lesaren vert teken med tilbake i tid for å oppleva korleis det var å leva i vikingtida. Denne bruken av forteljing pregar store delar av framstillinga, og er ei form for historieformidling som legg grunnlag for historieundervisinga. Dette vil eg gå nærare inn på når eg ser på årsaker til at læreboka er gjennomgåande narrativ.

---

<sup>314</sup> I denne læreboka er vikingtidsframstillinga fordelt på over 40 sider, Emna som vert omtalt i læreboka er i kronologisk rekkjefølgje: Kvardagslivet, vikingskipa, vikingferder nordover, sørover, austover og vestover, den norrøne mytologien, oppdagingar og utvandring, rikssamlinga, Harald Hårfagre, Håkon den gode, Olav den Heilage.

Utgangspunktet til vikingtidsforteljinga i læreboka er høvdinggarden Borg i Lofoten i år 890. Her byrjar framstillinga med ei skildring av korleis vikinglivet arta seg på garden, og tek utgangspunkt i arbeidet som måtte utførast i før vikingferdene kunne byrja, mellom anna vedlikehaldsarbeidet på vikingskipa.<sup>315</sup> Det er med andre ord dei kvardagslege gjeremåla som i første omgang vert skildra i samband med vikingferdene. Før dette går vidare til ei forteljing om vikingferdene, vert det presisert at: «Alle vikingar hadde kniv og sverd i beltet, og var ellers utstyrt med skjold, stridsøks, spyd, pil og bue.»<sup>316</sup> Det vert såleis ikkje lagt noko skjul på korleis krigarkulturen gjennomsyra samfunnet.

Vikingferdene i denne læreboka har også eit nytt utgangspunkt i høve til kronologi, men også i høve til den didaktiske vinklinga. For å ta det siste først, skildringa tek utgangspunkt i 15 og 17 år gamle Ivar og Øivind sine vikingferder. Vikingferdene til Ivar og Øivind går nordover til Bjarmeland, før dei vender sørover mot Hedeby. Med andre ord tek framstillinga utgangspunkt i den kjende stormannen Ottar si reise som er dokumentert i den anglo-saksiske krønike. I Hedeby kjem Ivar og Øivind i kontakt med andre vikingar som fortel dei om vikingferder til Aust- og Vest-Europa. Eit anna trekk med skildringa av dei ulike vikingferdene, er at det i alle høva vert trekt fram valdelege sider av verksemdene. I nord er det samane det går utover, medan det i aust vert peika på at svenske vikingar handla, plyndra og bygde byar. Vikingferdene vestover vert t.d. skildra av ein av dei vikingane som Ivar og Øivind kjem i kontakt med:

Vi angrep overraskende og stakk av så fort vi kunne, slik at de kristne ikke fikk tid til å samle seg til forsvar. (...) På slike tokt herjet vi så fælt at flere kristne konger betalte store pengesummer for at vi skulle reise hjem.<sup>317</sup>

Etter at Ivar og Øivind er komne heim igjen til Borg, får me eit innsyn i bryllaupet til sistnemnte og avgjersla hans om å flytta til Island. Her vert denne lagnaden til Øivind nytta som eit døme på at norske, svenske og danske vikingar som innvandrara til andre land i vikingtida.

Avslutningsvis i læreboka vert rikssamlinga gjennomgått. Denne delen har ikkje den same narrative tilnærminga til vikingtidsforteljinga, slik me har sett at skildringa av vikingferdene har hatt. Det medfører at rikssamlinga vert ei kort opprømsing av dei viktigaste rikssamlingskongane, og korleis desse gjekk fram for å sikra seg makta i landet. Det er likevel

---

<sup>315</sup> Libæk og Stenersen, 1998: s. 40.

<sup>316</sup> Ibid. s. 42.

<sup>317</sup> Ibid. s. 62.

innslag av narrativ historieformidling i denne delen, t.d. når Olav Haraldsson talar til det norske folket på tinget for å overtala dei til å verta kristne.<sup>318</sup> Når forteljinga om rikssamlinga likevel er meir deskriptiv samanlikna med korleis resten av vikingtida har vorte framstilt, kan dette vera ein indikasjon på korleis forfattarane har løyst den pedagogiske utfordringa med det brutale vikingtidsbiletet.

Siste norske lærebok i denne analysen er *Midgard 6*, ei samfunnsfagbok gitt ut for første gong i 2006 av fleire forfattarar. I analysen er læreboka frå det andre opplaget frå 2007 vorte nytta. Stoffutvalet i denne læreboka minnar mykje om det me såg i førre lærebok, med ei utvida vikingtidsforteljing der rikssamlinga har vorte ein integrert del av kapittelet som tek for seg vikingtida. Framstillinga byrjar med ei kort innleiing med målsetjingar for kva elevane skal kunne om vikingtida, og stoffutvalet er på mange måtar bygd opp kring desse målsetjingane. Det første målet omhandlar tidsforståing, ved at elevane skal kunne fortelja når det var vikingtid i Noreg. Vikingtida har i læreboka vorte avgrensa frå år 800 til 1050. Her er det verdt å merka seg at avgrensinga fram til år 1050 ikkje vert ståande uavklart, og at den kanskje ikkje stemmer heilt med innhaldet. For det første vert åtaket på Lindisfarne i år 793 skildra, medan slutten på vikingtida vert rekna som: «Harald Hardrådes hærtog mot England i 1066 var siste gang nordiske krigere gikk til angrep på andre land. Vikingtida var over.»<sup>319</sup> Åtaket på Lindisfarne vert også nytta som eit døme på vikingane sin kontakt med andre delar av Europa, og eksemplifiserer målsetjinga om at elevane skal kunne seia noko om omfanget av vikingferdene. Åtaket får ei relativt kort framstilling, og det vert tidleg peika på at vikingane også dreiv med andre verksemdar: «Vikingene var ikke alltid på røvertokt. De reiste også for å drive handel. (...) På reisene sine ble nordboerne kjent med andre deler av Europa.»<sup>320</sup> Desse andre delane av Europa vert vikingrika som oppstod, i tillegg til oppdagingsreisene vestover. Men læreboka er også nyskapande ved at vikingverksemdene i England vert skildra. Her vert det peika på korleis vikingar frå heile Skandinavia slo seg ned på dei britiske øyene, og korleis det såleis oppstod små kongerike. York vert nytta som eit typisk døme på denne utviklinga, og den arkeologiske utgravinga av byen er utgangspunktet for skildringa.<sup>321</sup>

Dei to andre målsetjingane tek utgangspunkt i kjeldebruk og dei heimlege tilhøva i vikingtida. Til liks med førre lærebok tek framstillinga utgangspunkt i høvdinggarden Borg i Lofoten,

---

<sup>318</sup> Ibid. s. 78-81.

<sup>319</sup> Aarre, Flatby, Grønland og Lunnan, 2007: s. 113.

<sup>320</sup> Ibid. s. 102.

<sup>321</sup> Ibid. s. 116-117.

men meir utifrå eit arkeologisk perspektiv. Det betyr at det vert peika på at det i nyare tid vart funne restar av ein høvdinggard i jorda, og at dette førte til ei stor utgraving og ein rekonstruksjon av høvdinggarden slik den ein gong kunne ha sett ut.<sup>322</sup> Vidare vert difor denne garden frå vikingtida nytta for å seia noko meir om sjølve vikingsamfunnet, og det er aktørane som ein gong levde på garden som formidlar dette. I tillegg til forteljinga om Borg vert tingordninga i vikingsamfunnet skildra, der også leidangen vert knytt opp mot denne samfunnsordninga. Dette vert gjennomgått i forkant av framstillinga av rikssamlinga. Sistnemnte tema vert skildra gjennom Harald Hårfagre og Olav den heilages forteljingar og ført fram til at Olav vart utropt til helgen. Harald Hardråde sitt krigstog mot England vert skildra i etterkant av dette.

#### **4.3.2 Skandinavisk og engelsk-politisk perspektiv på vikingtida**

Tendensane i stoffutvalet som me såg i siste engelske lærebok i førre periode, held i stor grad fram i lærebøkene etter 1980. Læreboka frå 1995 av Jane byrjar med eit utdrag frå den anglosaksiske krønika om åtaket på Lindisfarne, men i framhaldet er det forfattern sine ord som er berande for vikingtidsbiletet og med eit mangfaldig utgangspunkt: «The Vikings were fierce warriors, but they were also great travelers and explorers, expert ship builders and navigators, peaceful farmers, merchants and traders, and marvelous craftsmen.»<sup>323</sup> Framstillinga held fram med å skildra vikingskipa og korleis sjøfartsdugleikane til vikingane gjorde det mogleg for dei å koma seg ut i verda.

Etter å ha teke for seg det geografiske omfanget av vikingferdene, går framstillinga over til å syna kva som skjedde då vikingane busette seg der dei kom. Her vert York igjen nytta som eit døme, og det vert igjen peika på at vikingane ikkje berre var brutale krigarar, men at dei framfor alt var fredfulle bønder som: «believed in law and order.»<sup>324</sup> Til slutt vert også rangstigen i vikingsamfunnet skildra, frå kongen eller hovdingen på toppen og ned til trælane og slavane i botnen av hierarkiet. I tillegg vert kvinnerolla i samfunnet trekt fram, og det vert peika på at kvinnene kunne ha eit sjølvstending liv ved at dei t.d. ikkje vart tvinga inn i ekteskap. Samla sett er det såleis eit skandinavisk perspektiv på framstillinga, og dei kjeldene som vert presentert er henta frå kvardagslivet til vikingane.

---

<sup>322</sup> Ibid. s. 96.

<sup>323</sup> Jane, 1995: s. 31.

<sup>324</sup> Ibid.s. 40.

Siste engelske lærebok i analysen frå 2007 har ein ulik didaktisk oppbygning samanlikna med førre. Her er det lagt opp til at elevane skal ha ei djup studie av ulike kjelder gjennom såkalla «case study», for å tileigna seg kjennskap til og kunnskap om vikingtida:

You will be using a wide range of sources to investigate why raids and invasions happened, and how the Saxons, Vikings and Normans settled. Indeed, it is through the use of sources that you will build up a picture of these people.<sup>325</sup>

Lærebokteksten tek såleis utgangspunkt i innhaldet i kjeldene når den skal leggja eit forteljingsgrunnlag for dei ulike sidene av vikingtida, og samla sett er det 18 kjelder som vert nytta til dette føremålet. Desse kjeldene varierer frå utdrag av den anglosaksiske krønike, til arkeologiske kjelder og stadnamn, og skal vidare leggja eit grunnlag for kjennskap og kunnskap om t.d. vikingåtaka, Danelagen og vikingbyen York.

Når framstillinga i all hovudsak har engelske kjelder som hovudkjelder, fører dette eit overordna fokus på vikingåtaka, med utgangspunkt i ulike årstal for dei mest kjende åtaka i England. Vidare går framstillinga over til ein studie av korleis kong Alfred sikra landet mot vidare herjingar frå vikingane. Denne redningsaksjonen er todelt, ved først å sjå på kva samfunnsmessige tiltak Alfred utførte for å hindra nye åtak, for deretter å syna velstandsutviklinga i tida etter at det vart færre vikingåtak.<sup>326</sup> Når læreboka i dei aller fleste høve tek utgangspunkt i dei engelske kjeldene i framstillinga av vikingtida, gjev dette sjølvsagt ein klar peikepinn på kva vikingtidsbilete ein får. Denne utviklinga i læreboka avspeglar også på mange måtar den skulepolitiske konteksten til engelske lærebøker frå 1990-talet og fram til i dag, men før me går nærare inn på kva som har ført til dette vikingtidsbiletet, skal me sjå nærare på kva som kan ha påverka dei norske lærebøkene.

#### **4.4 Vikingtida med eit historiedidaktisk og kjeldekritisk utgangspunkt**

Når me no går inn i siste periode av analysen, er det særleg to hovudtendensar som går igjen i framstillingane. På norsk side er det i stor grad eit auka fokus på at lesaren skal kunne kjenne seg igjen og leva seg inn i vikingtida. Denne historiedidaktiske tilnærminga på vikingtida vert løyst på ulike måtar i lærebøkene. På engelske side er det i første rekkje kjeldebruken som legg grunnlaget for framstillingane, men også her oppstår det ulikskapar. Med andre ord har det vorte eit overordna fokus på historiemedvit og historisk tenking, to sentrale retningar

---

<sup>325</sup> Shephard og Rees, 2007: s. indeks.

<sup>326</sup> Ibid. s. 20-22.



innanfor historiedidaktikk. Desse to omgrepa og deira faglege og teoretiske innhald, står heilt sentralt i utforminga av vikingtidsforteljingane i lærebøkene etter 1980.

Før me går vidare med å sjå på korleis denne utviklinga gjer seg gjeldande i vikingtidsbileta i lærebøkene, er det naudsynt å gjera ei avklaring kring desse omgrepa. Historisk tenking har me allereie vore inne på i samband med lærebokutviklinga i England frå 1970-talet og utover. Her var det i første rekkje eit overordna fokus på at elevane skulle arbeida med historiefaget slik historikarane gjorde det, med fokus på kjeldekritikk og problemorientert historieundervising. Til liks med denne undervisingsteorien oppstod også fokuset på historiemedvit godt ut i andre halvdel av 1900-talet, der særleg tyske og danske historiedidaktikkarar stod i spissen for nytenkinga om historiefaget i skulen. Etter kvart kom denne faglege tilnærminga til å prega dei norske læreplanane som vart utforma frå andre halvdel av 1980-talet og fram til i dag. Denne faglege tilnærminga til historiemedvit har ikkje den same ordlyden i alle læreplanane, men handlar i grunn om korleis fortida er tilstades i notida og skapar forventningar til framtida. Faktisk kunnskap om fortida skal såleis vera med å gje elevar og andre, referanserammer for kva haldningar ein har og vala ein tek i notid og framtid.<sup>327</sup> I praksis, og i høve til formidlinga av vikingtidshistoria, tyder denne faglege tilnærminga at elevane skal læra og forstå vikingtida utifrå dei føresetnadane og tilhøva som var rådande på den tida då hendingane gjekk føre seg.

I dei norske lærebøkene kjem som nemnt dette fokuset på historiemedvit fram på ulike måtar, der læreboka til Johnsen frå 1992 på mange måtar står som ein inngangsport til denne utviklinga. Det som er tydeleg med denne læreboka er at den er bygd opp kring ei tidsoppfatning og samspel mellom menneske, der kommunikasjon er eit sentralt omgrep. Den tek også for seg norsk historie, og det vert difor i første rekkje kontakt mellom norske menneske som vert vektlagt.<sup>328</sup> Med dette som utgangspunkt vert det såleis eit overordna føremål å syna tydelege koplingar mellom hendingar i vikingtida og dagens samfunn i Noreg. Det vert mellom anna peika på at dei fredelege handelsferdene i vikingtida førte til at Noreg fekk namnet sitt frå utanlandske handelsmenn, og at sjøfartsdugleikane til vikingane representerer lange tradisjonar innanfor norsk skipsfart: «Nordmennene var også særdeles dyktige sjøfolk. Vi vet at folk her i landet har lange tradisjoner i sjømannskap, noe handelen langs kysten og reisene til andre land har vist oss.»<sup>329</sup> Her ser ein at læreboka ynskjer å fremja

---

<sup>327</sup> Lund, 2006: s. 32.

<sup>328</sup> Johnsen og Songe-Møller, 1992: s. 4-35.

<sup>329</sup> Ibid. s. 193.

ei forståing for at tilhøva i vikingtida har lagt føresetnadar for det framtidige Noreg som sjøfartsnasjon.

Kjenneteiknet for bruken av historiemedvit i denne læreboka vert såleis at det vert drege linjer mellom vikingtida og samfunnet i dag. Ser me vidare på neste lærebok vil me likevel sjå at fokuset på historiemedvit har lagt eit relativt endra utgangspunkt for vikingtidsforteljinga. I læreboka til Libæk frå 1998 såg me at lærebokteksten hadde ein meir narrativ oppbygnad enn i dei andre lærebøkene i same perioden. I dette låg det at teksten var bygd opp ved at representantar for dei ulike vikingverksemdene fortalte sine historiar, og som på den måten var med på å skapa meir innleving i historieformidlinga. Dette ser også ut som om det er eit sentralt mål i framstillinga generelt.<sup>330</sup> Forteljing som det sentrale formidlingsverktøyet er også eit resultat av eit auka fokus på forteljing i læreplanen frå 1997, og særleg i samband med historieundervising på småskuletrinnet.<sup>331</sup> Slik ser me at valet med å bruka forteljing i samband med framstillinga av vikingtida ikkje er tilfeldig, og kan henga saman med at denne forma for formidling kan forklara innsida og meininga av vikingtida på ein meir forståeleg måte og er tilpassa alderstrinnet læreboka er skriven for. Ved å skapa kortare avstand mellom lesar og hendingane i vikingtida vert det samstundes betre tilhøve for å utvikla historiemedvitet til lesarane, i motsetnad til kva ei deskriptiv framstilling ville ha klart.<sup>332</sup>

Bruken av forteljing er også tilstades i læreboka til Aarre frå 2007, men i mindre grad enn i førre lærebok. Det som likevel er eit sentralt fellestrekk med desse to framstillingane, er at det har vorte meir fokus på individet i samband med skildringa av dei ulike hendingane i vikingtida. Seinare skal me sjå at slik Johnsen i 1992 skildrar vikingtida, har element av dette fokuset, og kan i det heile vera eit resultat av den utviklinga me såg i historieskrivinga i denne perioden. Tidlegare i dette kapittelet såg me at det var ein klar parallell mellom det historiedidaktiske fokuset på historisk tenking og den kritisk empiriske forskningstradisjonen. Det vil difor vera naturleg å sjå nærare på om den antropologiske vendinga innan den akademiske skrivinga kan ha hatt noko å seia for eit auka fokus på historiemedvit i historiefaget i skulen. Nokre av kjenneteikna på denne forma for historieskriving var at relasjonar mellom menneske vart viktigare, der ætt, familie og slektskap kunne fungera som døme på sentrale omgrep. Sosialantropologiske problemstillingar vart såleis sentrale i framstillinga. Vikingtida vart difor sett meir utifrå eit individuelt perspektiv, og med både

---

<sup>330</sup> Eikeland, 2004: s. 8.

<sup>331</sup> Bøe, 1999: s. 31.

<sup>332</sup> Ibid. s. 32.

Richards (2004) og Sigurðsson (1995) såg me at dette mellom anna førte til eit auka fokus på kva rolle makt- og gåvekulturen hadde i vikingtida.

I dei norske lærebøkene frå 1998 og 2007 kan me sjå fleire døme på eit meir individuelt syn på vikingtida. Utgangspunktet for begge vikingtidsforteljingane i desse lærebøkene er høvdinggarden Borg i Lofoten, der familie- og kvardagslivet til dei som budde på garden vert skildra av hovudpersonane sjølv:

Jeg heter Ingrid og er husfrue på Borg. Når husbonden min er i viking om sommeren, er det jeg som styrer gården. (...) Datteren min, Ragnhild, er elleve vintre gammel. Om tre-fire vintre skal hun gifte seg. Jeg har alt begynt å lære henne opp, slik at hun kan bli en god husfru.<sup>333</sup>

Betydinga av relasjonane mellom menneska kjem også tydeleg fram i læreboka til Libæk. I stoffutvalet såg me at framstillinga tok utgangspunkt i Ivar og Øivind og opplevingane til desse på vikingferda nord- og sørover. Når framstillinga vart gjennomgåande narrativ førte det til at dei fleste hendingar i vikingtida vart skildra utifrå dialogar mellom menneske, t.d. i presentasjonen av høvet til å reisa vestover og gjera landnåm:

I sommer traff jeg en sogning som fortalte meg mye om en øy langt ute i havet. Den heter Island. Der er det gode beiter, varme kilder, store fuglefjell og mye fisk i fjordene. Mange nordmenn har bygd gårder der, og det er plass til flere.<sup>334</sup>

Den antropologiske vendinga si betyding for framstillinga kan også kanskje forklara den utvida vikingtidsforteljinga i desse to lærebøkene. Framstillinga til Johnsen frå 1992 syner at vikingtida vart gjennomgåande rekna som vikingferder til andre land, og der dei heimlege tilhøva vart kopla opp mot rikssamlinga i kapittelet før vikingtida. I dei to andre norske lærebøkene frå denne perioden har dette biletet vorte snudd på hovudet. Både i læreboka til Libæk frå 1998 og Aarre frå 2007 har vikingtida fått eit nytt omgrepsinnhald, ved at hendingane i same periode som rikssamlinga, og rikssamlinga sjølv, har vorte ein integrert del av kapittelet om vikingtida. Grunnlaget for denne endringa i vikingtidsframstillinga kan som tidlegare nemnt, ifylgje Krag (1995) vera eit resultat av ei meir internasjonal forståing av vikingtidsomgrepet. I Norden hadde det vore vanleg å bruka vikingtida som omgrep først og fremst saman med dei ytre hendingane på 800- og 900-talet. Vikingferdene vart såleis det sentrale, og hendingar og utvikling i Skandinavia vart rekna som dansk, norsk og svensk historie.<sup>335</sup> Det er såleis denne nordiske tilnærminga som har vore rådande i dei norske

---

<sup>333</sup> Aarre, Flatby, Grønland og Lunnan, 2007: s. 97.

<sup>334</sup> Libæk og Stenersen, 1998: s. 66.

<sup>335</sup> Krag, 1995: s. 13. Jmf. fotnote 74 s. 26.

lærebøkene. Ei meir internasjonal tilnærming vil då forlenga det aktuelle tidsrommet for vikingtida, noko lærebøkene til Libæk og Aarre også eksemplifiserer. Her er framstillingane forlenga fram til høvesvis Olav den Heilage sin død på Stiklestad og Harald Hardråde sine vikingtog mot England i 1066.

Det utvida vikingtidsomgrepet tyder også at framstillingane har lagt meir vekt på tilhøva i det heimlege vikingsamfunnet i gjennomgangen av vikingtida. Eit godt døme på denne utviklinga finn me i læreboka til Aarre og skildringa av tingordninga: «I jernalderen fantes det verken politi eller lover her i landet. Vanlige mennesker måtte beskytte seg på andre måter. Det viktigste var å være en del av en mektig slekt.»<sup>336</sup> Skildringa av saksgangen på tinget har også eit moralsk poeng, ved at ein skulle ikkje svikta familien eller slekta si. Dette leiar oss igjen over til korleis historieskrivinga innan den antropologiske vendinga kan ha hatt innverknad på læreboktekstane. Sjølv om den generelle oppbyggnaden av lærebøkene talar for ein parallell mellom fokuset på historiemedvit og tendensane innan den antropologiske vendinga, fell likevel ikkje årsaksforklaringane i lærebøkene saman med dei same tendensane. For i den akademiske historieskrivinga såg me at t.d. Sigurðsson ville sjå vekk frå landnåmsteorien til Holmsen og betydninga av vikingskipa i forklaringa av vikingferdene. I alle dei norske lærebøkene i denne perioden vert likevel dei demografiske tilhøva rekna som ein hovudårsak og at vikingskipa dermed var ein viktig føresetnad for den store utvandringa. Forklaringa til Johnsen syner dette:

På denne tiden økte folketallet sterkt. Mange steder var det ikke nok dyrkbar jord til alle, og folk måtte reise fra hjembygda for å finne levebrød annet sted. (...) Særdeles gode skip og godt sjømannskap var den viktigste grunnen til at vikingene kunne finne nytt land på den andre siden av havet, handle eksotiske varer langt sør i Europa, og plyndre i England, Frankrike og Irland.<sup>337</sup>

Årsaksforklaringa minnar såleis mykje om den empiriske forskningstradisjonen, der Krag synte korleis landnåmsteorien til Holmsen framleis gjorde seg gjeldande langt ut i andre halvdel av 1900-talet, og der vikingskipa vart rekna som eit viktig føresetnad for vikingferdene. Det er heller ikkje sagt at alle delar av framstillingane er gjennomsyra av eit overordna fokus på historiemedvit.

Dette ser me tydeleg i framstillinga til Johnsen frå 1992, som også har vorte påverka av ein av dei mest særeigne tendensane i historieskrivinga godt ut i andre halvdel av 1900-talet. For i vikingtidsforteljninga til Johnsen trer kvinnerolla fram ved fleire høve. I skildringa av dei

<sup>336</sup> Aarre, Flatby, Grønland og Lunnan, 2007: s. 104-105.

<sup>337</sup> Johnsen og Songe-Møller, 1992: s. 184 og 193.

valdelege vikingferdene er det mot all tidlegare framstillingsfornuft, ei kvinne som trer fram i rampeljoset: «I de norske sagaene finner vi også fortellinger om vikingene, blant annet om den kvinnelige vikingen Frøydis. Hun skulle visstnok ha drept fem kvinner med øks og måtte flykte.»<sup>338</sup> Denne bruken av kvinnerolla vert også gjenteke i skildringa av landnåmet på Island, der Aud den djuptenkte står i sentrum av handlinga. Dette fokuset på kvinnerolla såg me også i gjennomgangen av stoffutvalet og utgravinga av Osebergskipet, og syner i grunn ei kopling til den generelle politiske radikaliseringa rundt 1970. Med denne utviklinga følgde eit auka fokus på kvinnehistorie.<sup>339</sup> I denne tradisjonen låg det ein grunntanke om at historia hadde vorte skriven av og om menn, og at kvinnene hadde vorte utelatne. Når Johnsen då set kvinner inn i samanhengar som vanlegvis har vore tiltenkt menn, vitnar dette om eit sterkt fokus på kvinnehistorie.

I dei to andre norske framstillingane har kvinnerolla fått ei meir tradisjonell skildring, ved at ho tok seg av gard og stell heime når vikingbonden reiste ut på vikingferd. Her er det likevel andre trekk ved framstillingane som syner igjen nokon av dei tendensane i tiåra før tusenårsskiftet. Dei norske læreplanane frå 1974 og 1987 hadde eit sterk fokus på det globale perspektivet i historieundervisinga. Kontakten utanlands vart såleis ein viktig faktor i framstillinga av vikingtida. Denne haldninga ser ut til å ha halde fram i lærebøkene fram mot tusenårsskiftet, og kjem eksplisitt til syne i læreboka til Libæk og skildringa av korleis vikingane vart innvandrarar i vikingtida. Her vert det peika på korleis vikingane vart assimilerte i samfunna dei slo seg ned i:

Barna til vikingene på de britiske øyene, i Frankerriket og i Gardarike begynte å snakke språkene til de menneskene som bodde der fra før. De giftet seg også med dem og snart så de ikke på seg selv som nordiske innvandrere lenger. De ble irer, skotter, engelskmenn, franskmenn eller russere.<sup>340</sup>

Det oppstår difor ein tydeleg samanheng til dei haldningar som hadde prega det norske samfunnet på i 1980- og 1990-åra, med utgangspunkt i eit integrerande og fleirkulturelt samfunn. Dette var også noko som kjenneteikna Læreplanen frå 1997, der det nasjonale perspektivet i lærebøkene skulle balanserast mot det fleirkulturelle samfunnet.<sup>341</sup> Hovudfokuset til Johnsen på vikingferdene kan også vera eit resultat av denne globale tankegangen, og i læreboka til Aarre frå 2007 kan skildringa av vikingbyen York vera eit

---

<sup>338</sup> Ibid. s. 185.

<sup>339</sup> Lorentzen, Selander, Skyum-Nielsen og Johnsen, 1997: s. 114.

<sup>340</sup> Libæk og Stenersen, 1998: s. 70.

<sup>341</sup> Lorentzen, 2005: s. 202.

døme på det same. Denne forma for vikingverksemd i England fungerer dermed som eit biletet på korleis vikingane påverka områda dei kom til:

Ved Evanger i Voss finnes gården Mykkeltveit. I Nord-England ligger Micklethwaite. Både Mykkel og Mickle kommer fra det norrøne ordet mikil, som betyr stor. Vi finner også ordet igjen i vikingens navn på Konstantinopel: Miklagard.<sup>342</sup>

Dei norske lærebøkene i den siste perioden har synt oss at det didaktiske fokuset på historiemedvit har stått sentralt i vikingtidsforteljinga. Samstundes syner læreboka til Aarre også korleis kjeldebruk var ein viktigare del av framstillinga, både med tilnærminga til vikingverksemda i England, men også som ein generelle målsetnad for kva elevane skulle kunna om vikingtida etter å ha gått gjennom lærestoffet. Med andre ord har framstillingane også vorte meir problemorienterte enn kva me har sett tidlegare i norske lærebøker.

Den norske innfallsvinkelen til denne forma for historiedidaktikk er likevel relativt varsam samanlikna med utviklinga på engelsk side i denne perioden. For i læreboka til Shephard frå 2007 er vikingtidsforteljinga bygd opp med utgangspunkt i historisk tenking. I stoffutvalet såg me at dette førte til at dei ulike kjeldene som fortalde noko om vikingåtaka og vikingane, kong Alfred og Danelagen, vart nytta i skildringa av dei ulike hendingane i vikingtida. I motsetnad til den engelske læreboka frå 1977 av Roberts, der det historiedidaktiske utgangspunktet til framstillinga var historisk tenking, men der læreboka vart meir deskriptiv framfor problemorientert, oppfyller læreboka frå 2007 krava til ei utforskande tilnærming til lærestoffet. Det betyr at framstillinga gjennomgåande legg opp til at det er elevane som skal tileigna seg kunnskap om vikingtida ved hjelp av kjeldene. Til dømes er ikkje vikingskipa omtalt i samanheng med vikingåtaka, men er illustrert ved hjelp av ei teikning av eit fiktivt vikingskip og eit bilete av det restaurerte Gokstadskipet. Dermed er det desse to kjeldene elevane skal nytta for å kunne skildra vikingåtaka.<sup>343</sup>

Utvalet av dei 18 kjeldene i læreboka vil likevel leggja klare rammer for kva vikingtidsforteljingar som vert fortalde. Sjølve vikingåtaka på England tek utgangspunkt i krønikene, der det vert eit overordna fokus på årstala for dei enkelte åtaka:

---

<sup>342</sup> Aarre, Flatby, Grønland og Lunnan, 2007: s. 118.

<sup>343</sup> Shephard og Rees, 2007: s. 19.

The Vikings began to slaughter and plunder on regular basis. In 793 they attacked Lindisfarne; in 794, Jarrow; and in 795, Iona. All over the country people prayed 'From the fury of the Northmen, good Lord deliver us'.<sup>344</sup>

Resten av framstillinga er basert på ein kronologisk gjennomgang av korleis vikingane påverka samfunnstilhøva i England. Dette skuldast først og fremst at læreboka peikar på dei usikre sidene ved dei norrøne kjeldene versus anglo-saksiske kjelder, t.d. sogene som vart skrivne ned to til tre hundreår seinare enn hendingane i vikingtida og difor var det: «not clear what was based in fact and what was invented to make a good story.»<sup>345</sup> På motsett side peikar framstillinga også på problema med dei engelske kjeldene:

Part of the problem is the old one: that early chronicles tend to focus on what the chroniclers (usually monks) thought were important events. So Alfred's battles are seen as important, but the scale of the Viking settlements isn't.<sup>346</sup>

Kjeldebruken i læreboka syner at dei sentrale hendingane som vert tekne med frå vikingtida er tufta på tilhøva i dei høgare sosiale lag. Politisk historie gjennomsyrrar såleis heile framstillinga. Dette fører oss vidare inn i den historiedidaktiske debatten som prega den skulepolitiske agendaen i England rundt 1990, også kjent som «The Great History Debate.» Då England skulle innføra ei ny skulereform og ein ny nasjonal læreplan i 1988, vart det ein heftig debatt kring historiefaget og om britisk identitet. Såkalla «tradisjonalar» førte ein aktiv kamp mot dei som hadde støtta «New History», som dei meinte gav engelske elevar ei feilaktig nasjonal oppseding.<sup>347</sup> Tradisjonalarane ville bruke historia samlande for å styrka den nasjonale identiteten, ved å setja fokus på nasjonalt fellesskap og samhald i fortida med hovudvekt på politisk historie. Den nasjonale politiske historia var såleis noko heile nasjonen kunne sameinast om.<sup>348</sup> Den nye historiedidaktikken var derimot oppteken av eit europeisk og britisk perspektiv framfor eit reint engelsk perspektiv i undervisinga.

I kjølvatnet av denne debatten er det føremålstenleg å trekkja inn den andre engelske læreboka i denne perioden. I stoffutvalet i læreboka til Jane frå 1995 såg me at vikingtida vart skildra meir utifrå eit skandinavisk perspektiv, samanlikna med det me har sett i læreboka frå 2007. Læreboka til Jane har såleis meir fokus på korleis vikingane vart eit trusselbilette for det

---

<sup>344</sup> Ibid. s. 19.

<sup>345</sup> Ibid. s. 23.

<sup>346</sup> Ibid. s. 25.

<sup>347</sup> Ruhaven, 2002b: s. 79.

<sup>348</sup> Ibid. s. 82-84.

engelske samfunnet, i motsetnad til eit overordna fokus på korleis kong Alfred redda England frå vikingane:

They burned the villages, killed women, children and monks, stole cattle and took the men as slaves. Most of all they wanted the treasures of the monastery: the beautiful gold and silver cups, bowls and ornaments. The sight of Viking ships struck terror into the hearts of the Saxons; it signaled violence and robbery.<sup>349</sup>

Men sjølv med denne framstillinga av eit valdeleg vikingtidsbilete, er det eit overordna budskap i framstillinga som syner at vikingane først og fremst ikkje var krigarar:

The Vikings had a bad reputation because of their raiding and plundering. They were certainly fearsome and brave warriors. But most Vikings were peaceful farmers, skilled and artistic craftsmen and wealthy merchants. They were also courageous explorers and travelers who sailed vast distances in beautiful ships and used clever navigational aids.<sup>350</sup>

I tillegg må det peikast på at sjølv om læreboka ikkje har ei like grundig tilnærming til kjeldekritikk, er dei kjeldene som elevane skal nytta, gjennomgåande henta frå vikingane sitt eige kvardagsliv, t.d. seglreiskapar og pyntegjenstandar.

Årsaksforklaringane i dei to engelske lærebøkene syner også desse dei to ulike perspektiv på vikingtida. Læreboka frå 1995 med eit tilnærma skandinavisk perspektiv, legg vekt på at vikingskipa var viktige og vektlegg også dei demografiske tilhøva i Norden med mangel på dyrkbar jord. Tilhøva i Norden vert også skildra i den andre engelske læreboka frå 2007:

Historians believe that this was because of pressure of population growth in Norway and Denmark meant that the land could no longer sustain the number of people who wanted to live on it.<sup>351</sup>

Samstundes vert det i denne læreboka i byrjinga peika på at det først og fremst var plyndringsmotivet som førte til dei tidlegaste vikingferdene, og at det ikkje var før år 850 at også andre motiv og årsakar gjorde seg gjeldande.

Når me no ser korleis ulike perspektiv på vikingtidsforteljinga kjem til syne i to engelske lærebøker i etterkant av den store historiefaglege debatten, er det nærliggande å sjå på kva det endelege resultatet av debatten vart. I debatten synte den engelske regjeringa gjentakande initiativ på tradisjonalistane sine vegne, men sjølv om den endelege læreplanen gav større plass til sistnemnte sitt syn, la ikkje læreplanen: «opp til én historieverisjon, og således bygde

---

<sup>349</sup> Jane, 1995: s. 30.

<sup>350</sup> Ibid. s. 40.

<sup>351</sup> Shephard og Rees, 2007: s. 20.



den heller ikke opp under én nasjonal forestilling.»<sup>352</sup> Såleis ser me at tendensane i lærebøkene i framstillinga av vikingtida, på mange måtar er i tråd med denne debatten. I læreboka frå 1995 er det små tendensar til at elevane skal tenka kjeldekritisk, kjeldene og vikingtidsforteljinga er bygd opp kring eit skandinavisk perspektiv. Læreboka frå 2007 har ei gjennomgåande kjeldekritisk framstilling, der elevane skal tileigna seg kunnskap om vikingtida og vikingane ved å analysa og undersøka kjelder. Her har likevel vikingtidsforteljinga eit engelsk perspektiv med hovudvekt på politisk historie. Læreboka vert såleis ein mellomveg mellom «New History» sitt frigjerande historiesyn og tradisjonalistane sitt konservative historiesyn.

#### **4.5 Oppsummering**

Samla sett har vikingtida i norske og engelske lærebøker, i stor grad vorte eit resultat av dei skulepolitiske tendensane som var gjeldande i dei aktuelle samfunna i perioden 1945 og fram til i dag. I dei første etterkrigsåra såg me likevel at vikingtidsbileta hadde eit relativt fortidsretta utgangspunkt. På norsk side gav Amundsen ut ei bearbeidd utgåve av Hæreid sine forteljingar, som langt på veg kunne minna om den nasjonalpatriotiske haldninga til sistnemnte tidlegare i hundreåret. Men i motsetnad til fokus på dei store vikingkongane hadde Amundsen ein ny type vikingheltar, med eit auka fokus på dei vikingane som gjorde landnåm og oppdagingar vestover. Forklaringa av vikingferdene hang også mykje saman med dette fokuset, såleis at norske menn som ikkje ville verta underlagt samlingskongane valde å søkja lukka andre stader. Trenden med å vektlegga politisk historie kom også til å gjera seg gjeldande på engelsk side dei første etterkrigsåra. Lærebøkene til Unstead har vorte rekna som nokre av dei mest populære i tida etter 1945, mykje på grunn av den nokså enkle akademiske tilnærminga til historiefamstillinga og med eit fokus på engelsk og politisk historie. Vikingtida vart såleis eit gjensyn med det tidlege 1900-talet si engelske vikingtid, der fokuset var på kampen mellom dei engelske kongane og vikingane.

Utover andre halvdel av 1900-talet var det særleg den didaktiske tilnærminga til vikingtida som kom til å endra seg i lærebøkene. Eit viktig nøkkelord i denne samanheng var kjeldebruk. Dette kom i størst grad til å verta ein bestemmende faktor for framstillingane i dei engelske lærebøkene. Dei skulepolitiske tilhøva rundt historieundervisinga i England, omhandla i det heile ein oppheta diskusjon om kva pedagogisk og didaktisk grunnlag historiefaget i skulen skulle byggjast på. Tradisjonalistane på den eine sida var tilhengarar av det som hadde vore

---

<sup>352</sup> Ruhaven, 2002b: s. 84-85.

«the great tradition», med fokus på politisk historie med eliten i samfunnet som hovudaktørar, medan motstandarane av denne tradisjonen ville ha ei meir problemorientert historieundervising. Resultatet av dette sistnemnte undervisningssynet vart også eksemplifisert i læreboka til Roberts frå 1977. Her tok vikingtidsforteljinga utgangspunkt i kjeldene som kunne fortelja om dei ulike hendingane og sidene av vikingtida, men i staden for å ha ei problemorientert tilnærming, var kjeldene meir styrande for sjølve utforminga av vikingtidsbiletet. Dermed vart det eit overordna fokus på dei valdelege sidene av vikingane, ettersom det i stor grad var dei engelske kjeldene frå vikingtida som vart lagt til grunne for forteljingane. Dette var også tendensen i den siste engelske læreboka frå 2007. Hovudskilnaden mellom denne læreboka og den frå 1977, var at førstnemnte hadde eit gjennomgåande metodisk utgangspunkt. Her vart det lagt opp til at elevane skulle gjera såkalla «case-studies» for å tileigna seg kjennskap til vikingtida. Likevel var også denne læreboka styrande for kva vikingtidsbiletet det var mogleg å tileigna seg, sidan kjeldene i stor grad førte til ei vikingtidsforteljing utifrå eit engelsk og politisk perspektiv. Læreboka til Jane frå 1995 som kom ut i tida mellom dei to sistnemnte engelske lærebøkene, synte likevel at framstillingane ikkje måtte ta noko definitivt standpunkt til ei problemorientert tilnærming. Her vart vikingtida skildra utifrå eit skandinavisk perspektiv og med eit fokus på å tona ned det valdelege vikingtidsbiletet.

På norsk side av lærebokanalysen finn me ikkje den same metodeorienterte tilnærminga som i den engelske lærebokkrinsen. Den nasjonalpatriotiske haldninga me såg prega læreboka til Amundsen i etterkant av krigen, vart halvvegs ut i andre halvdel av 1900-talet prega av ei ny tilnærming og eit meir nøytralt bilete av vikingtida. Først ute i denne utviklinga var Knut Ingar Hansen med læreboka frå 1966. Vikingtidsbiletet i denne framstillinga minna mykje om den me såg av Knutson i mellomkrigstida, med eit auka fokus på den lidinga vikingferdene skapte. Hovudfokuset var på vikingferdene og herjinga dei medførte, og det valdelege vikingtidsbiletet vart forsterka ved at det europeiske samfunnet i vikingtida vart rekna som relativt fredeleg. Samstundes peika læreboka fram mot ein tendens til å vektleggja det geografiske omfanget av vikingferdene, med andre ord eit meir globalt perspektiv på vikingtida. Dette førte også til eit auka fokus på handelsferder, men denne verksemda vart i stor grad knytt til vikingferdene austover i Europa. I læreboka til Hjelle frå 1974 vart handel og dei kulturelle sidene av vikingtida meir gjennomgåande sentrale. Framstillinga var i stor grad bygd opp under eit arkeologisk utgangspunkt, og dermed vart det meir fokus på vikingskipa, våpna og det materielle kvardagslivet i vikingtida. Forklaringa på vikingferdene

tok også utgangspunkt i den teknologiske utviklinga av vikingskipa. I tillegg vart det også fremja eit nytt vikingideal i vektlegginga av dei kulturelle dugleikane til vikingane, eksemplifisert med den viktige rolla skalden hadde i vikingsamfunnet.

I nyare tid såg me at vikingtidsbileta i dei norske lærebøkene var kopla opp mot det didaktiske fokuset på historiemedvit i undervisinga. Dermed vart det eit føremål for lærebøkene å dra linjer frå vikingtida og fram til samfunnet i dag. Lærebøkene synte likevel ulike tilnærmingar til dette hovudfokuset. Johnsens framstilling frå 1992 hadde ei deskriptiv skildring av dei viktigaste vikingferdene, der det vart peika på korleis segldugleikane til vikingane hadde mykje å bety for dei sjøfartstradisjonane Noreg har i dag. Medan denne framstillinga som nemnt var gjennomgåande deskriptiv, hadde dei to andre norske lærebøkene ei meir narrativ tilnærming. I læreboka til Libæk frå 1998 vart t.d. vikingtida skildra gjennom aktørar frå kvardagslivet i vikingtida, eit verkemiddel vart vorte nytta til å skapa mindre avstand mellom lesar og den historiske perioden. Denne forteljarstilen vart også nytta i læreboka frå 2007, men ikkje i like stor grad.

Samla sett syner dei to nyaste norske lærebøkene ei meir internasjonal tilnærming til vikingtida. Dette såg me mellom anna ved at rikssamlinga hadde vorte ein eksplisitt del av kapitla om vikingtida, og med eit auka fokus på kontakten vikingane skapte utanlands. Til dømes fekk den arkeologiske utgravinga av York i England mykje merksemd i læreboka til Aarre. Dette vitnar såleis om at vikingtida har fått ei ny rolle i den nasjonale historia, og kan såleis stå som ei avslutning for denne analysen. Vikingtida har i lærebøkene gått frå å vera einsbetyande med vikingferder og valdeleg framferd, til å skildra fleire sider av vikingtida og stå igjen som eit samleomgrep for ein periode på over 200 år.

## Kapittel 5: Avsluttande drøfting og konklusjon

### 5.0 Vikingtidsbileta frå slutten av 1800-talet og fram til i dag

Periodiseringa av lærebøkene i denne oppgåva har langt på veg samsvara med det generelle vikingtidsbiletet innan dei ulike periodane. I første periode frå slutten av 1800-talet og fram til 1905 stod forteljinga om vikingferdene svært sentralt i dei norske lærebøkene. Dei store vikingåtaka på sentrale europeiske byar vart difor gjevne att i detalj, medan Gange-Rolv som norsk vikinghøvding og gallionsfigur vart ein sentral skikkelse i framstillingane. Vektlegginga og idylliseringa av vikingferdene heldt også fram i læreboka til Hæreid frå 1909, og såleis ser me at det vikingtidsbiletet desse lærebøkene representerte, var rådande i Noreg til godt ut i mellomkrigstida. Eit sentralt trekk med dei norske framstillingane i denne perioden er korleis lada ord og uttrykk vart nytta i samband med vikingtidsforteljingane. Ved fleire høve er det snakk om «store» verksemder, der vikingane vert tillagt eigenskapar og dugleikar med tilnærma verdi. Her er det verdt å merka seg at det var gjennomgåande dei positive sidene av vikingane som fekk verdilada karakteristika. Eit regelrett brot i denne tendensen oppstod i førekant av andre verdskrigen, der læreboka til Knutson og Stokke hadde auka fokus på høvesvis lidinga vikingåtaka skapte og på kvardagslivet til vikingane.

Vikingtidsforteljingane i dei engelske lærebøkene syner ein klar parallell til det grunnlaget dei norske framstillingane er bygd opp etter. Vikingferdene er eit meir naturleg utgangspunkt på engelsk side, der kampen mellom engelske og europeiske kongar og vikingane stod svært sentralt. Men også her syner her bruken av vikingane korleis vikingtida kunne fungera som ei referanseramme for samtida. Eigenskapane og dugleikane til vikingane vart difor rekna som førebiletlege utifrå imperialistiske ideal og verdier, og vikingåtaka berre som eit stadium før vikingane byrja å busette seg i områda dei råka og vart eit viktig tilskot i dei ulike samfunna. Brotet på dette vikingtidsbiletet oppstod tidlegare på engelske side. Før utbrotet av første verdskrigen skreiv Bell ei vikingtidsforteljing der vikingane var gjennomgåande brutale overfallsmenn som herja det lågare lag av det engelske samfunnet. Kampen for å overleva vikingferdene vart såleis det sentrale elementet i vikingtidsframstillingane i mellomkrigstida.

I tida rundt andre verdskrig var det eit mangfaldig vikingtidsbilete i lærebøkene. Læreboka til Amundsen frå 1946 var meir retta mot korleis vikingtida hadde vorte framstilt tidlegare i hundreåret, men der dei krigerske vikingkongane var bytta ut med eit fokus på vikingar som landnåmsmenn og oppdagarar. Dei engelske lærebøkene representerte to vidt ulike vikingtidsforteljingar. Vikingtida til Milliken frå 1944 var nærast som ei idyllisering av

vikingkulturen, medan læreboka til Unstead var meir prega av tidlegare vikingtidsframstillingar. Det medførte igjen eit fokus på dei engelske kongane sin kamp mot vikingane.

Utover andre halvdel av 1900-talet har vikingtidsbileta gått gjennom gradvise endringar. I dei norske lærebøkene representerte Hansen eit framhald av fokuset på lidinga vikingferdene skapte. Her vart det såleis ei vektlegging av dei brutale sidene av vikingane og det store geografiske omfanget av dei valdelege vikingferdene. Denne vinklinga var ikkje tilstades i neste lærebok frå 1974. Her var det fokus på dei materielle og kulturelle sidene av vikinglivet, og vikingane vart såleis først og fremst rekna som kunstnarar og kulturelle føregangsdøme. På mange måtar heldt denne tendensen fram i neste lærebok frå 1992, men der det hadde vorte ein vesentleg endring i høve til kven som vart nytta som døme på aktørar i vikingtida. Her hadde kvinnerolla fått ei ny skildring, der kvinnene kunne vera var både brutale krigarar og sentrale aktørar i landnåma. I dei seinaste lærebøkene hadde det vorte eit utvida vikingtidsomgrep. Det medførte at rikssamlinga hadde vorte ein integrert del av vikingtidsframstillinga. Det generelle vikingtidsbiletet var likevel framleis prega av vikingferdene, men der dei valdelege vikingåtaka ikkje stod som det einaste element i framstillingane.

Ser me nærare på vikingtidsbileta i nyare tid i engelske lærebøker har det heller ikkje her vore store endringar. I læreboka frå 1977 såg me at vikingane vart rekna som gjennomgåande brutale, der dei engelske kjeldene frå vikingtida fungerte som eit grunnlag for å byggja opp under denne forståinga. Samstundes bar framstillinga også preg av eit generelt fokus på at vikingane hadde dugleikar innan kulturelle verksemder og det vart peika på at vikingane kunne reknast som forfedre til det engelske folket. Dei to siste engelske lærebøkene vidareførte på mange måtar desse hovudtendensane. Læreboka frå 1995 hadde eit tosidig syn på vikingane ved å peika på at dei var brutale, men først og fremst framstående innan kulturelle verksemder. Den seinaste læreboka frå 2007 kom til å leggja meir vekt på dei valdelege vikingferdene, noko som var eit tydeleg resultat av den didaktiske oppbygginga av læreboka og fokuset på kva dei engelske kjeldene kunne fortelja om vikingtida. Såleis ser me at den didaktiske konteksten til læreboka var avgjerande for kva vikingtidsbilete som oppstod. Dette førar oss vidare til dei kontekstuelle tilhøva til vikingtidsbileta i dei ulike periodane.

## 5.1 Drøfting av årsaker til vikingtidsframstillingane

Generelt sett kan det argumenterast for at dei ulike vikingtidsbileta i lærebøkene i denne analysen, og dei endringar som har oppstått gjennom ein periode på over hundre år, langt på veg har vore eit resultat av konteksten lærebøkene har vorte skrivne i. Dette ser me gjentakande døme på i dei ulike periodane analysen av lærebøkene har vore delt inn i. I problemstillinga til oppgåva var det i fremste rekkje tre ulike kontekstar lærebøkene skulle analyserast utifrå, høvesvis den skulepolitiske og samfunnspolitiske konteksten og i høve til den akademiske historieskrivinga. For å få ein klarare oversikt over kva innverknad desse kontekstane har hatt, vil eg difor avslutningsvis forfølgja dei sentrale tendensane innanfor kvar periode kronologisk. Denne tilnærminga er også naturleg fordi dei ulike kontekstane ikkje oppstår på eige grunnlag. Dei er eit resultat av samspel og gjensidig påverknad.

Mykje av grunnlaget for vikingtidsbiletet i dei norske lærebøkene før andre verdskrigen hadde først og fremst utgangspunkt i dei samfunnspolitiske tilhøva, noko me ser igjen både i skulepolitiske vedtak og den akademiske historieskrivinga i same periode. Særleg i tida kring unionsoppløysinga i 1905 såg me at nasjonalpatriotiske haldningar vart spegla att i vikingtidsbileta. Dette vitnar om ei form for historiebruk der samtida nyttar fortida utifrå eit eller fleire føremål, noko som igjen legg grunnlag for at oppfatninga av fortida kan verta ulik og motsetnadsfull alt etter kva føremål som i realiteten oppstår. I Noreg sitt tilfelle kring 1900, var det kanskje mangel på historiske store bragder som førte til at misgjerningar som vikingane sine drap og valdtekter vart noko ein smykka seg med fordi dei i fortida hadde vore rekna som unike.<sup>353</sup> Denne bruker føyer seg også inn i ein av dei sentrale tendensane innanfor nasjonalistisk historieskriving som prega store delar av 1800-talet og byrjinga av det neste hundreåret. Her var det i fremste rekkje ei historisk legitimering av nasjonens opphavlege karakter som gav grunnlag for, og retten til, å eksistere.<sup>354</sup> Såleis er det også ein nær relasjon mellom nasjonalpatriotisme og politisk historie, som prega både dei norske og engelske lærebøkene på denne tida. Det var denne forma for historisk formidling som kunne fortelja om lagnaden til nasjonen.

Samanhengen og parallellane mellom framstillingane i lærebøkene og den akademiske historieskrivinga i denne perioden var også relativt klar. Det evolusjonistiske historiesynet prega i stor grad den norske historieskrivinga, og til liks med historieformidlinga i lærebøkene var denne forma for historieskrivinga særleg eigna til å syna den norske nasjonen og det

---

<sup>353</sup> Bøe, 2006: s. 130.

<sup>354</sup> Hroch, 1998: s. 218.

norske folket sine historiske røter. Dermed var framstillingane i begge desse historiefaglege formidlingsinstitusjonane tufta på om lag same føremål.

På same måte som at norske lærebøker kunne bruka fortida i ei nasjonal trengselstid, ser ein også at vikingane kunne verta brukt i eit til dels motsetnadsfullt samfunnspolitisk tilhøve i England. Sjølv om England som nasjon hadde vore konsolidert som nasjonalstat i lang tid då Noreg var inne i ei nasjonal samlingstid, medførte deira imperialistiske stordomstid til ei tilnærma lik nasjonalpatriotisk haldning. I analysen såg me at vikingane sine eigenskapar som erobrarar og kolonistar dermed vart kopla opp mot imperialistiske ideal og verdiar. Forteljninga om vikingane vart difor relatert til det engelske individet og kollektivet, og fylte dermed ein funksjon ved å gje samanheng til historia. Det kollektive minnet om vikingane samla såleis dei sosiale verdiane det engelske folket kunne relatere seg til.<sup>355</sup> Utviklinga i vikingtidsbileta i mellomkrigstida i dei engelske lærebøkene kan også byggja opp under dette. Til liks med den politiske historieskrivinga sitt føremål med å legitimera nasjonens eksistens, kunne også sosialhistorie verta nytta til eit liknande føremål. I England kunne denne forma for historieskriving syna korleis det engelske folket hadde stått imot ein trugande invasjon og okkupasjon utanfrå, noko me såg kom til syne i læreboka til Bell frå 1913. Dette kunne såleis verta rekna som ei tid då det engelske folket utvikla eit sett med bestemte attributt.<sup>356</sup> England vart såleis eit land som kunne reknast for å vera uovervinneleg, og gjennom historiebruken sine auge vart vikingane dermed nytta for å syna storleiken til den engelske helten kong Alfred. Lærebøkene i perioden kring 1900 og nokre tiår fram i tid syner såleis at vikingtidsbileta i stor grad kan ha vore eit resultat av dei samfunnspolitiske tilhøva. Når dei nasjonalpatriotiske haldningane då byrja å minka utover i mellomkrigstida, og forsvann nesten heilt frå konteksten utover andre halvdel av hundreåret, medførte dette også konkrete endringar i vikingtidsforteljningane.

Samanhengen mellom dei samfunnspolitiske tilhøva og den akademiske historieskrivinga kom likevel til å utvikla seg i ein ny retning i tida kring første verdskrigen. Utviklinga av å sjå vikingtida utifrå eit marxistisk historiesyn førte mellom anna til at fokuset vart flytta frå eliten og ned til det lågare lag av samfunnet, noko som kom til å spegla att dei fleste vikingtidsforteljningane i mellomkrigstida. Med vikingtida til Bell frå 1913 kom dette perspektivet til syne, og i dei norske lærebøkene representerte vikingtida til Knutson frå 1934 ein ny trend i lærebøkene. Idylliseringa av vikingferdene, som me hadde sett praktisert til det

---

<sup>355</sup> Bøe, 2006: s. 130.

<sup>356</sup> Hroch, 1998: s. 220.

fullkomne i læreboka til Hæreid, vart difor meir ei lidingshistorie for offera til vikingåtaka. Årsakene til denne utviklinga var på mange måtar eit resultat av gjensidige tilhøve innan dei ulike kontekstane. Tida etter første verdskrigen førte til eit endra syn på korleis lærebøkene skulle dyrka begeistringa for nasjonalt sjølvstende.<sup>357</sup> I samsvar med det marxistiske historiesynet, og eit meir materialistisk utgangspunkt for historieformidlinga, førte dette til mellom anna eit auka fokus på kvardags- og kulturhistorie i lærebøkene. Lærebøkene og framstillingane deira i tida kring andre verdskrigen, synte såleis mangfaldige tilnærmingar til vikingtida. Vikingtidsbiletet til Stokke frå 1942 vart prega av kvardagshistorie, medan Millikens engelske vikingtidsframstilling tok utgangspunkt i den heimlege kulturen til vikingane. Dette medførte eit meir normalisert bilete av vikingane, framfor det sterke fokuset på deira brutale og valdelege sider som hadde prega framstillinga over lengre tid. Me såg også at forklaringane av vikingferdene heldt tritt med denne utviklinga. Alle lærebøkene i denne perioden kom til å vektlegga økonomiske tilhøve i forklaringane, noko særleg Knutson kom til representera. Det syner også klare parallellar til både den norske og engelske akademiske historieskrivinga.

Rett i etterkant av andre verdskrigen såg me ved dei tidlegaste lærebøkene at det kunne verka som at krigen hadde ein reverserande effekt på lærebøkene, og særleg på engelsk side der Unstead markerte seg som ein lærebokforfattar med eit tidlegare tradisjonelt fokus på dei engelske kongane. På norsk side derimot, var det eit tradisjonelt vikingtidsbilete som kom i eit nytt format. Amundsens vikingtid var eit framhald av Hæreids nasjonalpatriotiske tilnærming, men der førstnemnte hadde erstatta valdsgjerningane som den anvendelege fortida, med dei fredelege sjøfartsverksemdene til vikingane. Denne ulike bruken av historia, til ulike tider og føremål, vitnar om ein samla tendens i lærebøkene - dei skal leggja grunnlag for ein nasjonal identitet kollektivet kan samla seg om. Sjølv om omgrepet «nasjonal identitet» kan ha fleire teoretiske tilnærmingar, kan det i denne samanheng reknast som ein fast storleik som vert uttrykt i idear om folkesjela, dei historiske røtene og ein eigenarta og einskapleg nasjonal kultur.<sup>358</sup> Bøe og Knutsen (2012) peikar såleis på at utviklinga av nasjonal identitet aldri har vore einsarta over tid, men er basert på politiske makttilhøve og kulturell hegemoni til ei kvar tid.<sup>359</sup> Dette kan difor stå som ei forklaring på kvifor Amundsen har vektlagt fredelege vikingverksemdar framfor valdsgjerningar i ei politisk tid som først og fremst fremja fredsførebyggjande arbeid. Desse ulike formene for historiebruk femnar om berre nokre av

---

<sup>357</sup> Bøe og Knutsen, 2012: s. 150.

<sup>358</sup> Ibid. s. 96.

<sup>359</sup> Ibid. s. 97.



fleire måtar vikingtida kan brukast for å illustrera dei verdiar som er gjeldande i det samtidige samfunn læreboka kjem ut i, jamfør nazistanes bruk av vikingane som eit ikon for ei ny tid.

I lærebøkene i nyare tid har me sett at særleg historiedidaktiske undervisingsteoriar har stått sterkt i utforminga av vikingtidsforteljingane i lærebøkene, men i analysen såg me at det fanst klare parallellar mellom dei samfunnspolitiske tilhøva, den akademiske historieskrivinga og utviklinga i skulefaget historie. Det overordna føremålet med vikingtidsforteljinga verkar likevel å ha nokon samla felles kjenneteikn. Vikingane er først og fremst ikkje lenger eit uttrykk for det store fellesskapet, men meir individualiserte og som ein underholdande karakter.<sup>360</sup> Dette er nok eit framhald av det auka fokuset på individet som oppstod med det marxistiske historiesynet i mellomkrigstida, og som i stor grad vart vidareført med framveksten av kritisk empirisme og den antropologiske vendinga i historiefaget. Den kritisk empiriske historieskrivinga vart såleis meir skeptisk til dei tidlegare overdrivne skildringane av vikingtida, medan den antropologiske historieskrivinga var retta meir mot enkeltindividet si rolle i fortida. I høve til skulepedagogikken medførte dette eit overordna fokus på historisk tenking og historiemedvit. Framgangsmåten i historieformidlinga innan desse historiedidaktiske tilnærminga la dermed utgangspunkt for eit endra vikingtidsbileta i nyare tid.

Det sterke fokuset på historiedidaktikk frå 1970-åra har med andre ord ført til at fokuset har vorte flytta frå undervisinga til læraren og over på elevane som i større grad skal vera ansvarlege for eiga læring. Dette var den sentrale faktoren i den problemorienterte tilnærminga til historiefaget i dei engelske lærebøkene, men sjølv med denne grunnleggjande didaktiske føringar såg me at stoffutvalet i lærebøkene langt på veg kom til å forma dei ulike vikingtidsbileta. Dette fortel oss kanskje noko om kompleksiteten av formidlinga av eit eldre historisk tema. Sidan forskinga ikkje har avdekkja den heile sanninga kring vikingtida, kan lærebøkene i stor grad gjera eit sjølvstendig utval av kva historie dei ynskjer å formidla. Her har dei norske lærebøkene gått i ei anna retning. Ved å vektleggja forteljinga i formidlinga av vikingtidshistoria, har det opna for meir innleving og for å gje framstillingane meir spenning og underholdning.<sup>361</sup> Føremålet syner likevel å vera det same på begge sider. Dramaturgien i vikingtidsforteljinga skal vera med på å auka brukarane si interesse og utvikla ei betre forståing av fortida gjennom å utvikla deira historiemedvit.

---

<sup>360</sup> Bøe, 2006: s. 129-130.

<sup>361</sup> Kjeldstadli, 1999: s. 298-299.

Dei ulike vikingtidsbileta og dei mange påverknadsfaktorane som har spelt inn i denne prosessen, fortel oss difor at historia kan verta forstått og vidare framstilt på ulike måtar og at desse framstillingane ikkje oppstår utan samanheng med den samtidige konteksten. Bøe (2006) peikar også på denne eigenskapen til vikingtida som historisk formidlingstema: «De mange vikingbildene sier noe om at identifikasjon ved fortidsbilder er en foranderlig prosess.»<sup>362</sup> Dette leiur vidare over til visse tankar om dagens og framtidas bruk av vikingane. Er den auka interessa for vikingane i dagens populærkultur eit resultat av ei meir nasjonalistisk tankegang i samfunnet? I underhaldningsbransjen dukkar den eine vikingforteljinga etter den andre opp, og det er som oftast ulike tilnærmingar etter kva behov brukarane har. Som eit døme på korleis vikingane kan koma til å verta oppfatta i framtida, er programmtalen av NRK-programmet *Arkeologene* eit interessant haldepunkt:

Mer enn tusen år etter er vikingene fortsatt våre superhelter. Vi er stolte av arven fra vikingene, og vi heier på fotball-landslaget iført hornhjelm. Er det bare en myte? Var vikingene datidens Al Qaida? Arne Hjeltnes og Frode Iversen ser nærmere på vikingen - som superhelt og bonde.<sup>363</sup>

Programmtalen opnar for mange interessante spørsmål, men koplinga mellom det islamske terroristnettverket Al-qaida og vikingane antyder kva som kan verta eit mogleg scenario i vikingtidsframstillingane i framtida. Koplinga syner at vikingtidsbileta alltid vil vera eit resultat av dei kontekstuelle tilhøva som er rådande i samfunnet bileta vert til innanfor. Dette gjev i grunn gode forhåpningar for vikingane. Deira mangfaldige eigenskapar og dugleikar vil alltid vera eit utgangspunkt for historiebruk, enten det er i skulen eller andre arenaer historiebruk femnar om. Det vil såleis verta interessant å sjå korleis framtidige lærebøker vil endra på vikingtidsbileta, og kanskje ein dag vil også lærebøkene samanlikna det postmoderne samfunnet sine terroristar og vikingane.

## **5.2 Klassifisering av lærebøkene**

Når me no har sett utviklinga av vikingtidsbileta frå slutten av 1800-talet og fram til i dag, og kva årsaker som kan ha lagt grunnlaget for denne utviklinga, er det føremålstenleg for denne oppgåva å avslutta undersøkinga med å sjå nærare på korleis dette samsvarar med den tradisjonelle inndelinga av undervisingsteoriar som me såg nærare på innleiingsvis. I dei norske lærebøkene har utan tvil den klassiske historieundervisinga stått sterkt. Denne historieundervisinga var kjenneteikna med at framstillingane tok utgangspunkt i idylliserande forteljingar om enkelthendingar frå fortida, der heltane i samband med vikingtidsforteljingane

---

<sup>362</sup> Bøe, 2006: s. 117.

<sup>363</sup> NRK, 2013, <http://tv.nrk.no/serie/arkeologene/dktt46000511/sesong-1/episode-5>.

vart dei sentrale vikingkongane og -høvdingane til ulike tider. I mellomkrigstida oppstod det etter kvart ein reaksjon på at den klassiske historieundervisinga hadde fått eit utarta syn på fortida med stor vekt nasjonale verdiar, som ikkje lenger var kulturelt og sosialt akseptert.<sup>364</sup> Perspektiva vart flytta frå eliten og ned til det lågare lag av samfunnet og lærebøkene fekk færre lada ord og uttrykk i framstillingane, med andre ord vart lærebøkene meir objektivistiske.

Etter andre verdskrigen vekka på mange måtar Amundsen opp den klassiske historieundervisinga med si idylliserande framstilling av vikingane som eineståande sjømenn. Utover andre halvdel av hundreåret skulle denne utviklinga stagnera, der lærebøkene kom til å verta meir objektivistiske igjen. Læreboka til Hansen har også vorte rekna som ein representant for ei slutføring av det nasjonale prosjektet i norsk historieundervising, frå den smålatne nasjonale optimismen til Petersen, via Hæreids til dels svulstige nasjonalisme, til ei framstilling prega av meir moden nasjonal tryggleik.<sup>365</sup> Haldninga i læreboka frå 1966 idylliserte dermed ikkje lenger vikingtidsbiletet, men framstilte dei brutale vikingferdene som det dei i røynda var. Dette biletet vart i dei neste norske lærebøkene erstatta med eit auka fokus på dei materielle sidene av vikinglivet, før læreboka til Johnsen i 1992 tilførte eit nytt moment med kvinna som hovudaktør i framstillinga. Dei to lærebøkene som kom etter desse kom til å innehalda element frå tendensar innan både den klassiske og objektivistiske historieundervisinga, ved at framstillingane var prega av både fiktive forteljingar og tradisjonell faktarelatert informasjon om vikingtida. Det er difor ikkje enkelt å plassera dei seinaste norske lærebøkene innan ein type historieundervising, med tanke på at læreplanane i denne perioden har vektlagt metodisk historieundervising i dei grunnleggjande dugleikane elevane skal utvikla. Lærebøkene har såleis også inneheldt element av denne metodiske tilnærminga til historiefaget, men kan ikkje reknast for å høyra til under den metodiske undervisingsteorien. Denne typen lærebøker finn me klarare døme på i den engelske læreboksamlinga.

I perioden før 1945 var engelske lærebøker i stor grad eit resultat av at det historiske innhaldet skulle ha ein kronologisk oppbyggnad med utgangspunkt i den engelske kongerekkefylgja. Dette gjaldt særleg dei eldste engelske lærebøkene, noko me såg igjen i læreboka til Gardiner frå 1897 og Howard frå 1905. Desse lærebøkene hadde eit gjennomgåande fokus på dei engelske og europeiske kongane sin kamp mot vikingane, noko som tala for at lærebøkene var

---

<sup>364</sup> Bøe, 1999: s. 30.

<sup>365</sup> Lorentzen, 2005: s. 163.

eit resultat av den klassiske historieundervisinga. Samstundes kunne lærebøkene også reknast som objektivistiske, med sine kronologiske og faktarelaterte framstillingar. Dette var då også noko Marsden (2001) meinte var ein heilt sentral tendens i lærebøkene i denne perioden.<sup>366</sup> Utover 1900-talet var det difor tendensar til at lærebøkene framleis var prega av både klassisk og objektivistisk historieundervising. Førstnemnte undervisingsteori vitnar om at ei nasjonalpatriotisk haldning også prega det engelske samfunnet, og la grunnlag for ei forståing for kva verdiar landet skulle byggast på. Samstundes såg me at læreboka til Milliken vart ei direkte motførestelling til dette vikingtidsbiletet, der det var vikingane som vart idyllisert. Dette talte difor mot ei meir klassisk historieorientert haldning i engelske lærebøker i tida kring første og andre verdskrigen, ettersom det klassiske ofte kjem til uttrykk ved at historia skal spegla att visse eigenskapar til eit folk eller ein kultur.<sup>367</sup>

I andre halvdel av 1900-talet har dei engelske lærebøkene hatt ein meir tydeleg tendens i høve til kva undervisingsteori dei høyrer inn under. Den skulepolitiske debatten i England i denne perioden førte til at lærebøkene vart prega av ei metodisk tilnærming til det historiefaglege. Her vart det lagt opp til historieundervising som tok sikte på å skjerpa den kritiske sansen til elevane, ved å presentera dei for ulike framstillingar av same tilhøve og retta merksemda deira mot historieskrivarane, deira syn og føresetnadar.<sup>368</sup> Men sjølv med denne klare retninga innan historieundervisinga, og kva den medførte i høve til rolla til læreboka, såg me at framstillingane ikkje vart gjennomgåande objektive. Vikingtidsframstillinga til Shephard frå 2007 kunne på mange måtar minna om den me såg over hundre år tidlegare, ved at den metodiske tilnærminga førte til eit overordna fokus på konkrete hendingar og der årstal og namn på kongar og høvdingar vart sentrale element. Dette syner noko av kompleksiteten til vikingtida i eit formidlingsperspektiv. Perioden kan vera retta mot mange former for historiebruk og ei vektlegging av visse delar av det historiske innhaldet, kan i mange høve implisera kva slags vikingtidsbilete ein til kvar tid ynskjer å presentere. Samla sett er det noko ved vikingtidsframstillingane som aldri vil eldast. Den store oppslutnaden og dei mangfaldige framstillingane av vikingane uttrykkjer ei sterk interesse for desse historiske aktørane. Det vil såleis vera vonleg å tru at vikingtidsbiletet vil i eit framtidig perspektiv verta gjenstand for mangfaldige framstillingar i både skulen sin og andre arenaer for historiebruk.

---

<sup>366</sup> Marsden, 2001: s. 37. Jmf. fotnote 181 s. 54.

<sup>367</sup> Bøe, 1999: s. 28.

<sup>368</sup> Kjeldstadli, 1999: s. 279.

## **English summary**

*«From the fury of the Northmen, good Lord, deliver us»: A study of the diversity of Viking Age presentations from the late 19<sup>th</sup> century to present time.*

This master thesis examines Norwegian and English history textbook presentations of the Viking Age from the late 19<sup>th</sup> century to present time. The main target of the study is to understand how the past and present context of the textbooks and the academic writing considering the Viking Age, has affected the diversity of presentations in the textbooks throughout a period for over 100 years. This implies an understanding of *use of history* – the diversity and conflicting perceptions and interpretations of the past.

Twelve Norwegian and eight English textbooks written for students in the secondary school have been the primary sources in this study. The general picture in the textbooks and the academy writing as well, until 1945 on both the Norwegian and English side, was that the socio-political context played a major role in how the Viking Age was portrayed. Until the outbreak of the First World War, this meant that the Vikings became a product of the civic national patriotic tendency. Two world wars and the insecure interwar period did however clearly leave a mark on these approaches to the historical topic, which led to an increased focus on social- and culture history, where the Viking daily life became an important topic in the textbooks.

From 1945 and onwards, it was mainly the pedagogical and didactical context of the textbooks that affected the presentations development. English textbooks embraced a problem-oriented approach to the teaching of history, with source criticism as an overall method. However, the main picture of the Vikings was based on their violent behavior, because the new way of teaching history was primarily based on English sources from the Viking Age. Norwegian textbooks presentations were more complex throughout the period, with Vikings portrayed as settlers, cultural role models and brutal assailants and murderers. However, in recent textbooks, the main focus has been on the relationship between the events in the past and the present context. This development is largely due to a focus on storytelling and the construction of historical consciousness.

## Kjelder og litteratur

Aarre, T., Flatby, B. Å., Grønland, P. M., & Lunnan, H. (2007). *Midgard 6: Samfunnsfag for barnetrinnet*. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W.Nygaard).

ASC = Anglo-Saxon Chronicle. Ingram, J. (Red.) (1912) London: Everyman Press. Henta 26-04, 2013, frå The online medieval & classical library: <http://omacl.org/Anglo/part2.html>.

Andersen, P. S. (1969). *Vikingtid og rikssamling*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag.

Andresen, A., Rosland, S., Ryymin, T., & Skålevåg, S. A. (2012). *Å gripe fortida: innføring i historisk forståing og metode*. Oslo: Samlaget.

Angvik, M. (1982). Skolebokanalyse som tema for lærerutdanning og forskning. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*. 66. årgang, nr. 10, s. 367-379.

Bagge, S. (1995). *The Middle Ages*. I W. H. Hubbard (Red.), *Making a historical culture: historiography in Norway*. Oslo: Scandinavian University Press.

Bagge, S. (1996). Udsigt og innhogg. 150 års forskning om eldre norsk historie. *Historisk Tidsskrift*. 75: 1/2, s. 34-77.

Bell, J. J. (1933). *The social history of England from earliest times to 1485*. London, Liverpool: George Philip & Son.

Bentley, M. (2005). *Modernizing England's past: English historiography in the age of modernism, 1870-1970*. Cambridge: Cambridge University Press.

Bentley, M. (2011). *British Historical Writing*. I A. Schneider & D. R. Woolf (Red.), *The Oxford History of Historical Writing. Historical Writing since 1945* (5. Utg) Oxford New York: Oxford University Press.

Blindheim, C. (1963). Sawyer, P.H.: The Age of the Vikings. *Historisk Tidsskrift*, 42, s. 163-167.

Bourdillon, H. (1994). *Teaching history*. London; New York: Routledge in association with the Open University.

- Breisach, E. (2007). *Historiography: ancient, medieval, & modern*. (3. utg.) Chicago: University of Chicago Press.
- Bugge, A. (1910). *Norges historie fremstillet for det norske folk*. Kristiania: Aschehoug.
- Bugge, A. (1924). *Illustrert verdenshistorie for hjemmet*. Kristiania: H. Aschehoug & co (W. Nygaard).
- Bøe, J. B. (1995). *Faget om fortiden: en oversikt over det historiedidaktiske området*. Oslo: Universitetsforlaget
- Bøe, J. B. (1999). *Å fortelle om fortiden: fortellingen i historie- og samfunnsfagundervisning*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Bøe, J. B. (2006). *Å lese fortiden: historiebruk og historiedidaktikk*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Bøe, J. B., & Knutsen, K. (2012). *Innføring i historiebruk*. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.
- Collingwood, W. G., & Powell, F. Y. (1908). *Scandinavian Britain*. London. New York: Society for promoting Christian knowledge; E. S. Gorham.
- Dahl, O. (1990). *Norsk historieforskning i det 19. og 20. århundre*. (4. utg.) Oslo: Universitetsforlaget.
- Davies, R.R. (1994) The Peoples of Britain and Ireland, 1100-1400. *Transactions of the Royal Historical Society*, 6:4, s. 1-20.
- Eikeland, H. (2004). *Norske lærebøker i historie som redskaper i en interkulturell lærings- og dannelsesprosess*. Tønsberg: Høgskolen i Vestfold.
- Frigaard, S. (1995). *Historiefaget i folkeskolen 1889-1960: en studie av en del trekk i fagets utvikling basert på undervisningsplaner og lærebøker*. Bergen: [S. Frigaard].
- Gardiner, S. R. (1897). *A student's history of England: from the earliest times to 1885*. London; New York; Bombay: Longmans Green & Co.
- Green, J. R. (1878). *A short history of the English people*. London: Macmillan.

- Haavardsholm, J. (2004). *Vikingtiden som 1800-tallskonstruksjon*. Oslo: Det historisk-filosofiske fakultet Unipub.
- Haavardsholm, J. (2005). Jernalderhistorie eller nasjonalsymbol?: Striden om vikingene og vikingskipene. *P2-Akademiet*, XXXIII, s. 58-71.
- Hansen, K. I. (1966). *Jegerfolk og jorddyrkere. Historie 4. Skoleår*. Oslo: Fabritius & Sønners Forlag.
- Heath, Ian & McBride, Angus. (1985) *The Vikings*. Osprey Publishing, Oxford.
- Hjelle, M., & Skinningsrud, I. (1974). *Historie for 4. skoletrinn* Oslo: Cappelen.
- Holmsen, A. (1949). *Fra de eldste tider til 1660*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Howard, M. A. (1905). *A primer of general history. Part II. Mediaeval history*. London. Horace Marshall & Son.
- Hroch, M. (1998). *Europeisk nasjonalhistorie*. I Ø. Sørensen (Red.), *Jakten på det norske: Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Hæreid, J. (1922). *Norges historie fortalt for skole og hjem* (7. utg) Oslo: Aschehoug.
- Hæreid, J., & Amundsen, S. S. (1955). *"Vi ere en nasjon-": Noregs- og verdshistorie* (P. n. v. J. Fjalestad, Overset.) Oslo: Aschehoug.
- Jane, K. (1995). *Invaders & settlers*. Dunstable and Dublin: Folens Limited.
- Johnsen, E. B. (1999). *Lærebokkunnskap: innføring i sjanger og bruk*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Johnsen, E. B., & Songe-Møller, N. (1992). *Norge: O-fag*. 4-6 Oslo: Aschehoug.
- Keating, J. (2010). In the classroom – textbooks 1900 – 1950s. *History in Education Project*. London: University of London.
- Kendrick, T. D. (1930). *A history of the Vikings*. London: Methuen.
- Kirke- og Undervisningsdepartementet. (1974). *Mønsterplan for grunnskolen*. Oslo: Aschehoug & Co. (W. Nygaard).



- Kjeldstadli, K. (1999). *Fortida er ikke hva den en gang var: en innføring i historiefaget*. (2 Utg.) Oslo: Universitetsforlaget.
- Knutson, T. (1934). *Vårt folks historie*. Oslo: Nasjonalforlaget.
- Krag, C. (1995). *Vikingtid og rikssamling: 800-1130*. Oslo: Aschehoug.
- Kyrkje- og Undervisningsdepartementet. (1954). *Normalplan for landsfolkeskulen*. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Lay, E.J.S. (1963). *The Pupil's classbook of English History Book 1: From early times to 1485*. London: Macmillan & Co. Ltd.
- Libæk, I., & Stenersen, Ø. (1998). *Historie 6*. Oslo: J.W: Cappelens Forlag.
- Lorentzen, S. (2005). *Ja, vi elsker-: skolebøkene som nasjonsbyggere 1814-2000*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Lorentzen, S., Selander, S., Skyum-Nielsen, P., & Johnsen, E. B. (1997). *Kunnskapens tekster: jakten på den gode lærebok*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lund, E. (2006). *Historiedidaktikk: en håndbok for studenter og lærere*. (2. utg.) Oslo: Universitetsforlaget.
- Lund, E. (2011). *Historiedidaktikk: en håndbok for studenter og lærere*. (4. utg.) Oslo: Universitetsforlaget.
- Marsden, W. E. (2001). *The School Textbook. Geography, History and Social Studies*. London: Woburn Press.
- Marten, C.H.K., Carter, E.H. (1926). *Histories. Book 1. Our heritage: Stories of the Early Ages*. Oxford: Basil Blackwell.
- Melve, L. (2010). *Historie: historieskriving frå antikken til i dag*. Oslo: Dreyers forlag.
- Milliken, E. K. (1970). *Saxon and Viking*. London: George G. Harrap & Co. Ltd.
- Myhre, R. (1992). *Den norske skoles utvikling: idé og virkelighet* (5. utg.) Oslo: Gyldendal.
- Nelson, J. L. (2002). England and the Continent in the ninth century: II, the Vikings and Others. *Transactions of the Royal Historical Society*, 13, 1-28.

NRK. (2013). *Vikingen - superhelt og bonde*. Arkeologene. Henta 01-05, 2013, frå <http://tv.nrk.no/serie/arkeologene/dktt46000511/sesong-1/episode-5>.

Petersen, S. (1892). *Norges Historie, læse- og lærebog for almue og borgerskoler*. Kristiania: J.W. Cappelens forlag.

Pingel, F., Unesco, & Georg-Eckert-Institut für Internationale, S. (1999). *UNESCO guidebook on textbook research and textbook revision*. Hannover: Hahn.

Raabe, J. (1906). *Lære- og Lesebog i Norges og Nordens historie for folkeskole og hjem*. Kristiania: ALB. Cammermeyers Forlag.

Richards, J. D. (2004). *Viking age England*. Stroud: Tempus.

Richards, J. D. (2005). *The Vikings: a very short introduction*. Oxford; New York: Oxford University Press.

Roberts, E. (1977). *Fury of the Vikings*. Edinburgh: Chambers.

Ruhaven, I. (2002a). *Historie og nasjonal identitet: the Great History Debate i England, 1988-1991*. Bergen: [I. Ruhaven].

Ruhaven, I. (2002b). *Kampen om britisk nasjonal identitet gjennom skolefaget historie: The Great History Debate i England 1988-1991*. I G. Körner, L. Lagheim & I. Jerremalm (Red.), *Puls Historia för grundskolans senare del*. Stockholm: Natur och Kultur.

Sars, J. E. (1877). *Udsigt over den norske historie*. Christiania: Cammermeyer.

Sawyer, P. H. (1962). *The Age of the Vikings*. London and Southampton: The Camelot Press Ltd.

Sawyer, P.H. (1977). Krag, Claus: Vikingtid og rikssamling 800-1130. Aschehougs norgeshistorie bind 2. *Historisk Tidsskrift*, 76, 283-285.

Schama, S. (2000). *A history of Britain: at the edge of the world? 3000BC-AD1603*. London: BBC.

Shephard, C., & Rees, R. (2007). *Raiders and invaders : power and control*. London: Hodder Murray.

- Shetelig, H. (1930). *Fra oldtiden til omkring 1000 e.Kr.* Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Sigurðsson, J. V. (1999). *Norsk historie 800-1300: frå høvdingmakt til konge- og kyrkjemakt.* Oslo: Samlaget.
- Solberg, B. (2013). *vikingtiden*. Henta 22-04, 2013, frå <http://snl.no/vikingtiden>.
- Stokke, B. (1942). *Folket vårt gjennom tidene: Noregssoge og verdssoge med bilete, kart og oppgåver.* Oslo: J.W. Cappelens Forlag.
- Storm, G. (1878). *Kritiske Bidrag til Vikingetidens Historie 1 (Ragnar Lodbrok og Gange-Rolv).* Kristiania: Norsk forlagsforening.
- Stugu, O. S. (2008). *Historie i bruk.* Oslo: Samlaget.
- Sæle, C. (2005). *"Mer ytterliggående enn noen hadde tenkt seg": fremstillingen av Sovjetunionens historie ca. 1928-1938 i norske lærebøker for videregående skole.* Bergen: Høgskolen i Bergen – Universitetet i Bergen.
- Townend, M. (2009). *The Vikings and Victorian Lakeland : the Norse medievalism of W.G. Collingwood and his contemporaries* Kendal: Cumberland and Westmorland Antiquarian and Archaeological Society.
- Trevelyan, G. M. (1929). *History of England.* London: Longmans, Green and Co.
- Unstead, R. J. (1972). *From Cavemen to Vikings.* London: A. & C. Black.
- Vellesen, J. (1895). *Norges historie for Folkeskolen.* Bergen: F. Beyers Forlag.
- Wawn, A. (2011). *The Viking Revival.* BBC History. Henta 24-09, 2011, frå [http://www.bbc.co.uk/history/ancient/vikings/revival\\_01.shtml](http://www.bbc.co.uk/history/ancient/vikings/revival_01.shtml)